

# Agder Sekretariat

## Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120  
4491 Kvinesdal  
Bankkonto:  
3080 32 25660  
Organisasjonsnr.:  
988 798 185

### Til kontrollutvalets medlemmar:

Olav Mandt (leiar), Torleiv Mostøl Sælid (nestleiar), Thoralf Hildebrandt (medlem), Grete Norunn Å. Bachmann (medlem), Åsmund Hoslemo (medlem)

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 3. mai 2023 kl. **09.00**, kommunehuset, møterom  
kommunestyresalen

### ORIENTERING:

Kommunedirektør kjem frå starten av møte for å orientera om:

- Presentasjon av årsrekneskapen og årsmelding
- Presentasjon av kommunedirektørens tilbakemelding på forvaltningsrevisjon «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen».

### SAKSLISTE

- SAK 07/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.23  
SAK 08/23 ÅRSREKNESKAPEN 2022 BYKLE KOMMUNE  
SAK 09/23 KOMMUNEDIREKTØRENS TILBAKEMELDING PÅ  
FORVALTNINGSREVISJON «PSYKOSOSIALT LÆRINGSMILJØ I  
GRUNNSKOLEN»  
SAK 10/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE AV  
KOMMUNENS VERKSEMD OG VERKSEMDA I SELSKAPER –  
GRUNNLAG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023 - 2027  
SAK 11/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE – GRUNNLAG  
PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027  
SAK 12/23 EIGARSKAPSKONTROLL SETESDAL MILJØ OG GJENVINNING IKS  
SAK 13/23 REVISOR ORIENTERAR

### FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

### EVENTUELT

### REFERATSAK

- REF 01/23 FORVALTNINGSREVISJON «BARN I LAVINNTEKTSFAMILIER I  
IVELAND KOMMUNE» (vedlegg i epost)

Eierkommuner:  
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,  
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,  
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,  
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:  
Daglig leder Willy Gill  
Telefon: 90 95 62 46  
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud  
Telefon: 91 86 99 75  
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

# **Agder Sekretariat**

**Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Bykle, 26. april 2022

Olav Mandt  
Leiar

Inger Lise Austrud  
Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / [ila@asekretariat.no](mailto:ila@asekretariat.no)  
Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bykle kommune**

**Sak 07/23**

**Møtedato: 03.05.23**

**Sakshandsamar: ILA**

**SAK 07/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.23**

**Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 15.02.23

**Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 15.02.23 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 15.02.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

## BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

### MØTEBOK

Møte nr. 01/23

Dato: 15.02.2023 kl. 09.00 – ca. kl. 11.00

Stad: Kommunestyresalen, Torleiv Mosdøl Sælid via Teams.

|   |   |
|---|---|
| <u>Til stades:</u><br>Olav Mandt, leiar<br>Torleiv Mostøl Sælid,<br>nestleiar<br>Thoralf Hildebrandt,<br>medlem<br>Grete Norunn Å Bachmann,<br>medlem<br>Åsmund Hoslemo, medlem | <u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u><br>Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten, Henriette<br>Svendsen og Anne Wikøren<br>Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud<br>Administrasjonen v/ Karina Sloth (kommunedirektør) og<br>Kjetil Vik (skulefagleg rådgjevar)<br>Ordførar Jan Dagfinn Dalen |
|---|---|

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

#### **ORIENTERING:**

Kommunedirektør kjem frå starten av møte for å orientera om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjon «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen».

#### **SAKSLISTE**

- SAK 01/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.22
- SAK 02/23 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON «INTERNKONTROLL – AVVIK OG AVVIKSHÅNDTERING I BYKLE KOMMUNE»
- SAK 03/23 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR
- SAK 04/23 OMRÅDE REVISOR HAR VALGT FOR ETTERLEVELSESKONTROLL I 2022
- SAK 05/23 KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING 2022
- SAK 06/23 REVISOR ORIENTERAR

#### **FAST POST**

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

#### **EVENTUELT**

Drøfting omkring handtering av henvendingar og/eller varslingar til kontrollutvalet.

Underskrift

Olav Mandt  
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

**ORIENTERING:**

Administrasjonen orienterte utvalet om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjon «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen».

**SAK 01/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.22**

**Vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 09.11.22 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 09.11.22

**Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 09.11.22 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 09.11.22 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

**SAK 02/23 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON «INTERNKONTROLL – AVVIK OG AVVIKSHÅNDTERING I BYKLE KOMMUNE»**

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune» basert på dei problemstillingane som kjem fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalets budsjettramme.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Framlegg til prosjektplan frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 06.02.23

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet bestilte i sitt møte 09.11.2022 gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering». Agder Kommunerevisjon IKS har utarbeida framlegg til prosjektplan som kontrollutvalet må ta stilling til.

Første ledd i prosjektet er utarbeiding av ein prosjektplan som nærare beskriv bakgrunn for prosjektet, problemstillingar, revisjonskriterier og metode.

Revisor foreslår følgande problemstillingar i den framlagde prosjektplanen:

1. I hvilken grad bidrar Bykle kommunes internkontrollsystem til å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik?
  - Har Bykle kommune utarbeidet nødvendige rutiner og prosedyrer for å kunne avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik?
  - Er avvikssystemet dokumentert i den form og det omfang som er nødvendig?
  - I hvilken grad evaluerer, og ved behov forbedrer Bykle kommune skriftlige prosedyrer og andre tiltak for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik?
  - Avdekkes og følges avvik og risiko for avvik opp i Bykle kommune?
  - Er de ansatte i Bykle kommune kjent med rutinene for å melde inn avvik?
2. Rapporterer kommunedirektøren i Bykle kommune til kommunestyret om internkontroll minst en gang i året?

Det viktigaste er å vurdere om problemstillingane samsvarer med kontrollutvalets ønsker når det gjeld kva ein vil å få svar på gjennom dette prosjektet.

#### **Vurderingar:**

Revisjonen tek sikte på å framlegga rapport frå prosjektet til kontrollutvalet hausten 2023.

For nærmare detaljer og avgrensingar vises det til framlegg til prosjektplan og til forvaltningsrevisors presentasjon av prosjektplanen i møtet.

I samråd med forvaltningsrevisor vil det være mogleg å foreta eventuelle justeringar i prosjektplanen dersom utvalet skulle ønske det.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune» basert på dei problemstillingane som kjem fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalets budsjettramme.

### **SAK 03/23 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR**

#### **Vedtak:**

*Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at ein kan konkludere med at revisor tilfredsstiller kommunelova og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.*

#### **Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

#### **Vedlegg:**

Uavhengighetserklæringar frå dei oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

#### **Bakgrunn for saka:**

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstiller dei krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

**Framlegg til vedtak:**

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at ein kan konkludere med at revisor tilfredsstiller kommunelova og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

**SAK 04/23 OMRÅDE REVISOR HAR VALGT FOR  
ETTERLEVELSESKONTROLL I 2022**

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Risiko og vesentlighetsvurdering for forenklet etterlevelseskontroll frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 11.11.2022

**Bakgrunn for saka:**

I kommunelova § 24-9 står det følgande om revisors oppgåve:

*Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.*

**Saksframstilling:**

Ansvar for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit.

Det kjem fram av risiko- og vesentlighetsvurderinga at revisor etter ei samla vurdering har valt ut området kapitalvarer – justering, for kontroll av følgande forhold:

- Dokumentasjon ved anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer jf. merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2

- *Dokumentasjon av bruken av kapitalvarer jf. merverdiavgiftsforskriften § 9-1-3*
- *Tilfredsstillende rutine for oppbevaring av dokumentasjon knyttet til anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, da det her foreligger inntil 15 års oppbevaringstid, jf. merverdiavgiftsforskriften § 9-1-3, 3. ledd.*

Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga vil bli gjennomført og rapportert til kontrollutvalet innan den fristen som lova har satt, 30. juni 2023. Rekneskapsrevisor vil vere til stades i møtet.

**Vurdering:**

Forenklet etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det gjennomførast, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurderinga, samt resultatata frå kontrollen.

Forenklet etterlevelseskontroll styrkar kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

**SAK 05/23 KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2022**

**Vedtak:**

1. *Framlegg til årsmelding for 2022 vert vedteken.*
2. *Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Framlegg til årsmelding for 2022

**Bakgrunn for saka:**

I kommunelova §23-5 står det at kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid. Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet. Eg har utarbeida eit framlegg til årsmelding som vert lagt fram for godkjenning. Utvalet sender den endelege årsmeldinga vidare til kommunestyret til orientering.

**Framlegg til vedtak:**

1. Framlegg til årsmelding for 2022 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.

## SAK 06/23 REVISOR ORIENTERAR

### **Handsaming i møte:**

Eigarskapskontroll SMG IKS vert lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

Rekneskapsrevisor skal i gong med årsoppgjeret. Kommunen har noko redusert bemanning på økonomiavdelinga, men legg opp til å levere årsrekneskapen innan fristen 22.02.23.

### **Vedtak:**

*Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.*

### **Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

### **Bakgrunn for saka:**

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

### **FAST POST**

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 03.05.23

### **EVENTUELT**

Kontrollutvalet hadde ei drøfting omkring førespurnader til utvalet. Sekretariatet held arkiv for utvalet og innkomne førespurnader kjem som referatsaker til utvalet.

## Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 08/23

Møtedato: 03.05.23

Sakshandsamar: ILA

### SAK 08/23 ÅRSREKNESKAPEN 2022 BYKLE KOMMUNE

#### Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.  
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

#### Saksdokument vedlagt saka:

Revisjonsberetning, datert 17. april 2023  
Årsrekneskapen og årsberetning 2022 (vedlegg i epost)

#### Saksopplysningar:

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 48 480 655.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

#### Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

*Etter vår meining*

- *oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og,*
- *gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

#### Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

#### Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjelder Bykle kommune skal kontrollutvalet berre gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning.

### **Handsaming av årsrekneskapen**

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avleggjar årsregnskapet innan 22.02.23
- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.23
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.23
- Kontrollutvalet avgir uttalelse om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning (Kontrollutvalets uttalelse skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.23

### **Vurderingar:**

Sekretariatet vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

### **Framlegg til vedtak:**

#### Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2022. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

Til kommunestyret i Bykle kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektør

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Utsegn om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Bykle kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 48 480 655. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunal regnskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Årsmeldinga og annan øvrig informasjon*

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den øvrige informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Øvrig informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og annan informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekker informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og annan øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det føreligg vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan øvrig informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller hvorvidt informasjon i årsmeldinga og annan øvrig informasjon ellers framstår

## AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller annan øvrig informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningar som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

### *Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen*

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

# AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

## Utsegn om andre lovmessige krav

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### *Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik*

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Bykle kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### *Konklusjon*

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### *Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik*


Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### *Våre oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Kristiansand, 17. april 2023  
Agder Kommunerevisjon IKS



Tommy Pytten  
statsautorisert revisor



Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 09/23

Møtedato: 03.05.23

Sakshandsamar: ILA

**SAK 09/23 KOMMUNEDIREKTØRENS TILBAKEMELDING PÅ FORVALTNINGSREVISJON «PSYKOSOSIALT LÆRINGSMILJØ I GRUNNSKOLEN»**

**Vedlegg:**

Tilbakemelding frå kommunedirektør datert 12.04.23

Utkast til handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i Bykle kommune

**Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet gjorde framlegg til kommunestyret i samband med forvaltningsrevisjonsrapport «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen».

Kommunestyret vedtok følgande i saka i sitt møte 20.10.22:

*Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen». Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2023 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp*

Skriftleg tilbakemelding saman med utkast til handlingsplan følger vedlagt saka. Kommunedirektøren vil orientere utvalet i møte.

Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten: (Kommunedirektør si tilbakemelding i *kursiv*)

- **Kommunen bør styrke internkontrollen for å sikre regeletterlevelse innenfor opplæringsloven kapittel 9 A, herunder bør kommunen oppdatere delegasjonsreglementet sitt og videredelegeringen fra kommunedirektøren.**

*Ansvar for internkontroll er i hovudsak flytta frå særlovene til kommunelova § 25-1. På kort sikt ble uklarheit løyst ved at kommunedirektøren eintydig kommuniserte at skule- og oppvekstansvarleg har rolla som skuleeigar. Endringane i subdelegasjon vil komme til syne i KF delegering, i løpet av april 2023. Kommunedirektøren har strategi og system for ivaretaking av internkontroll etter kommunelova § 25-1, og i dei ulike tenestene. Krav etter Opplæringslova er i hovudsak delegert frå kommunedirektør til rektorane. Det følger naturleg av Bykle kommune sin organisering som to-nivå kommune. Samtidig er det ein målsetting om ein tydeleg delegering av skuleeigar rolla til skule- og oppvekstansvarleg. Skule- og oppvekstansvarleg er organisatorisk plassert i kommunedirektøren sin stab. Det er spesielt Opplæringslova sine §§ 9-1, 13-3 e og 13-10 som knytast til skuleeigar rolla. Kommunedirektøren etablerer, som ein del av dette, interne rutineskildringar som sikrar - tilstrekkeleg rapportering frå rektor til skuleeigar og vidare til kommunedirektør. Oppfølging av Opplæringslova § 9-1 Leiing.*

- et forsvarleg system for skulebasert vurdering. Oppfølging av opplæringslova § 13-3 e Plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling

Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang, ivareta kast av fleire;

- Kommunestyret har ansvaret for å stille nødvendige ressursar til rådighet

- Kommunedirektøren har ansvaret for at krava i Opplæringslova og internkontrollen i tråd med Kommuneleova § 25-1 blir oppfylt.

- Skule- og oppvekstansvarleg har ansvar for internkontroll innan delegerte områder og skal sikre at lover og regler følges i tråd med Kommuneleova § 25-1

- Rektorane har ansvar for internkontroll innan delegerte områder og skal sikre at lover og regler følges i tråd med Kommuneleova § 25-1

Ansvaret for oppfølging av Opplæringslova § 9 A er delegert til rektorane. Etter § 9 A-5

(skjerpa aktivitetsplikt) skal rektorane varsle skuleeigar ved skule- og oppvekstansvarleg.

Rutinebeskrivingane som skal ivareta internkontroll i arbeidet med Opplæringslova § 9 A, er i den nye «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle» (vedlegg 2).

- **Kommunen bør foreta jevnlege evalueringer for å videreutvikle det forbyggende arbeidet, herunder sikre medvirkning fra elever og foresatte.**

Skulane sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø må og sjåast i ein større samanheng – skolen er ikkje en isolert pedagogisk øy – vi som lokalsamfunn må handtere dette. Det handlar om «Laget til eleven» - alt frå næraste familie til Statped. Det går føre seg eit omfattande arbeid knytt til «Laget til eleven»; FAU og skulane, i samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskulen (FUG), gjennomfører eit opplegg knytt til verdien av eit godt skule- heim samarbeid. Skule- og oppvekstansvarleg leiar ei gruppe som skal jobbe for økt skulenærver i Bykle kommune. Etter nokre nødvendige avklaringar arbeider ein no med ein lokal rettleiar for godt skulenærver i Bykle kommune. Rettleiaren er skulen, PPT, helsesjukepleiar og psykisk helse og rus sin eigen rettleiar. Skriveøkt nr tre er 14. mars 2023. Folkehelsekoordinator leiar ei gruppe som arbeider med inkluderande lokalmiljø, med «nye innbyggjarar» i fokus. Dette er et av resultatane frå kommunestyrets behandling av barne- og ungdomsmiljøet i Bykle kommune, vinteren 2021 Folkehelsekoordinator har samla ei gruppe som skal arbeide fram en folkehelsestrategi. Der er rådgjevar kart og plan, leiar for kultur & fritid, kommuneoverlege og skule- og oppvekstansvarleg med.

Kommuneoverlegen er i ferd med å utarbeide en ny Helseoversikt. Den vil være med å danne grunnlaget for folkehelsestrategien. Kommuneoverlegen og skule- og oppvekstansvarleg arbeider for å sette Folkehelse på agendaen i Bykle kommune. Det er arrangert Folkemøte Folkehelse. Fylkesdirektør folkehelse Vegard Nilsen var i kommunestyremøte 30. mars. Ein arbeider for eit Folkemøte Folkehelse 2.0. Kartleggingsrapporten knytt til Barnevernsreforma er politisk behandla. Det er vedtatt et vidare interkommunalt arbeid, «der ein ser særskild på organisering og samarbeidsstrukturar på tvers av kommunane».

Barnevernet leiar arbeidet med oppdatering av rettleiaren «Frå uro til handling»

Det er to store føreståande arbeider som vil ha spesielt stor betydning:

- Kommunepensjonsplan (rullering)
- Planstrategi (rullering)

Helsesjukepleiar kapasiteten er økt gjennom politisk vedtak i november.

Frivilligkoordinator stillinga er økt gjennom politisk vedtak i november.

Kultur & fritid arbeider i samarbeid med psykisk helse og rus, for skolering av frivillige i «å sjå barnet».

Det ble arrangert fagdag på Samfunnshuset 29. mars om levekår og barn/unges psykososiale utvikling for Bykle-, Valle- og Bygland kommune. Kva kan vi gjere for å forebygge utanforskap?

*Fagdagen er utvikla i Samarbeid Sør (KORUS Sør, RVTS Sør, RBUP Øst og Sør), i samråd med Agder fylkeskommune og prosjektleiarar for Godt begynt, BTI, Nye Mønstre og Helhetlig oppfølging av barn og unge i Agder (Helhetlig Rammeverk)*

*Det er mange og sterke krefter i sving i arbeidet for og med «Laget til eleven» nå.*

- **Kommunen bør vurdere om elevenes rettighet til nødvendig rådgiving oppfylles ved begge skolene.**

*Retten til rådgiving finner vi i opplæringslova § 9-2 og i forskrift til opplæringslova kapittel 22. Kravet om en lærer på ungdomstrinnet med funksjonen sosialpedagogisk rådgjevar, finner vi avtaleverket SFS 2213, pkt. 7.2. Skulane i Bykle kommune har tilsette med høg og relevant kompetanse. Antal elevar pr. tilsett gir rimeleg anledning for tilpassa rådgiving. På ungdomstrinnet skal det være sosiallærer/rådgivar og det skal utførast sosialpedagogiske teneste og rådgiving. Bykle barne- og ungdomsskule har i fleire år prioritera denne ressursen/funksjonen. Det er tilsett ny sosialpedagogisk rådgivar i 100 % stilling ved Bykle barne- og ungdomsskule. Hun starta 1. mars. Det er ein betydeleg ressurs. Det vil være naturleg å sjå på disponeringa av denne kapasiteten våren 2023.*

- **Kommunen bør forbedre skole-hjem samarbeidet, herunder informasjonen til, og kommunikasjon med foresatte og elever, samt skolens informasjonsplikt til rådsorgan og elevdeltaking.**

*Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida. Foreldresamarbeid har stor betydning for elevar, føresette og skulen. Vesentleg i dette arbeidet er tilgjengeleg, relevant og oppdatert informasjon, fungerande arenaer og plattformer for kommunikasjon og anledning til medverking. Deler av løysningane beskrivast i den nye Handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø. Det gjelder spesielt foreldresamarbeid (pkt. 2.8) og medverking frå rådsorgan (pkt. 2.14). Sjå også punkta om systemisk informasjonsflyt (s. 3) og informasjon (pkt. 2.4) og kapittelet om informasjonsplikt (kap. 4). Verktøy for informasjonsflyt og kommunikasjon er vesentleg utvikla siste 10 – 15 år. Vi skil på dynamisk og statisk informasjon. Informasjonsflyt i det brede, vil vi få til ved å utvikle bruken av VISMA flyt skole (VFS). VFS vil være bærer av den dynamiske informasjonen. Vi bestemte oss tidleg for å utvikle skulene sine heimesider på kommunen sin eksisterande plattform. Heimesidene vil bære den statiske informasjon. Det er avgrensingar i nåverande løysing. Det er bestemt at Bykle kommune skal over på ny plattform for heimesider hausten 2023. Vinteren 2023 har vi vært mest opptatt av å finne ei løysing som er god nok. Vi skulle finne ei løysing som gjorde oppdatert og relevant informasjon lett tilgjengeleg. Innafor akseptable rammer vil ikkje eksisterande plattform løyse oppgåva. Vi har derfor lagt alt inn i det nye prosjektet. Arbeidet er starta. Det vil komme heilt eigne sider, designet for skulane.*

*Det er spesielt viktig for oss at ein enkelt og nærmast intuitivt, vil finne;*

- • Kontaktinformasjon
- • Informasjon om skulemiljø (Utdanningsdirektoratet)
- • Skulen sin «Skuleomfattande innsatsmodell for eit trygt og godt skulemiljø»
- • Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle
- • Skulanes ulike rådsorgan som Elevråd, Ungdomsrådet, Foreldrenes arbeidsutval (FAU), Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU)
- • Ordensreglement
- • Informasjon om VISMA Flyt Skule (kjelda til dynamisk informasjon)

- • Informasjon om aktørane som er med på å bygge ein god og trygg skulekvardag: helsesjukepleiar, PPT, psykisk helse og rus, barnevern
- • Skuleruta
- • Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune

Nye sider skal være ferdige i oktober 2023. Skulane og skuleeigar arbeider målretta for å strukturere og utvikle det tverrfaglege arbeidet. Gjeldande plan for samordning av det førebyggjande arbeidet er «Tverrfagleg samhandlingsplan for barn og unge». Den er administrativt oppdatert denne vinteren. Tverrfagleg team er i verksemd. Fagteamet er i verksemd. Skulane har under dette reetablert eit ressursteam (R-team) på kvar skule. Sjå vedlegg 1 og vedlegg 2 pkt. 2.15.3.

- **Kommunen bør forbedre rutiner og praksis for å sikre at aktivitetsplikten blir overholdt, herunder sørge for at involverte elever blir hørt, at skriftlig plan blir utarbeidet, samt at det dokumenteres hva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikten.**

Aktivitetsplikten finner ein i opplæringslova § 9 A-4. Skuleeigar og skulane har utarbeid rammeverket for ein ny og vidareutvikla «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle». (vedlagt). Handlingsplanen er svært omfattande. Dette er skulane sin eigen interne plan for å sikre elevane eit trygt og god skulemiljø. Den har stor vekt på det førebyggjande arbeidet, men skal og sikre gode tiltak og løysingar når situasjonane går ut over det ordinære. Planen er i hovudsak tredelt:

- Fremjande og førebyggjande arbeid
- Handlingsplan – aktivitetsplikta
- Informasjonsplikta

Det er forsøkt å samle og systematisere innsatsen for eit trygt og godt skulemiljø. Det er samtidig vesentleg at handlingsplanen er ein dynamisk plan. Den kan nyttast som ein oppdatera oversikt over arbeidet med skulemiljø og skal gi dei tilsette tilstrekkeleg tryggleik i si gjerning. Handlingsplanen skal sikre jamleg evaluering, og bidra til vidareutvikling av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

### **Vurdering:**

Det har vore orientert fleire gonger om arbeidet med tilrådingane i rapporten i både kommunestyret og kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ta stilling til om kommunedirektør si oppfølging av tilrådingane i rapporten er tilfredsstillande. I så fall kan de den aktive oppfølginga av utført forvaltningsrevisjon avsluttast.


Kommunestyret bør informerast om kontrollutvalets konklusjon i saka.

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Psykososialt læringsmiljø i grunnskolen» til orientering.

Utskrift av kontrollutvalets vedtak vert sendt kommunestyret til orientering.

# Rapport til kontrollutvalet - «Psykososialt læringsmiljø i grunnskulen»



Bykle kommune

12.04.2023

## Innhald

|  |   |
|--|---|
| Innleiing .....  | 1 |
| Vedtak i kommunestyret .....   | 1 |
| Problemstillingar .....  | 2 |
| Tilråingar.....  | 2 |
| Arbeidet.....  | 3 |
| Styrke internkontrollen .....  | 4 |
| Retten til rådgiving .....   | 5 |
| Samarbeid.....   | 5 |
| Aktivitetsplikta.....  | 6 |
| Anna innsats .....   | 6 |
| Vedlegg.....   | 8 |
| Vedlegg 1: Skisse tverrfagleg organisering.....                                  | 8 |
| Vedlegg 2: «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø» - under arbeid ..... | 9 |

## Innleiing

Tilbakemeldinga skal vise korleis Bykle kommune har fylgd opp tilrådingane gitt i forvaltningsrevisjonsrapporten «Psykososialt læringsmiljø i grunnskulen».

Revisjonsrapporten er datert 20.09.2022, behandla i kontrollutvalet 28.09.2022 og behandla i kommunestyret 20.10.2022.

### Vedtak i kommunestyret

*«Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrapporten «Psykososialt læringsmiljø i grunnskulen»*

*Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2023 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.»*

Kommunedirektøren fekk melding 20.02.2023 om at ny frist for skriftleg tilbakemelding var 12.04.2023. Endringa var knytt til kontrollutvalet sin møteplan. Neste møte i kontrollutvalet er 03.05.2023.

Kommunedirektøren ved skule- og oppvekstansvarleg har orientert om arbeidet med tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten, i;

Kontrollutvalet 28.09.2022

Kommunestyret 20.10.2022

Kontrollutvalet 09.11.2022

Kommunestyret 08.12.2022

Kontrollutvalet 15.02.2023

Forvaltningsrevisjonen sitt overordna formål var å undersøke korleis Bykle kommune arbeider for at elevane i grunnskolen skal ha et trygt og godt skulemiljø, og om kommunen følger lovens plikter for å sikre at elevane har et trygt og godt psykososialt skulemiljø.

## Problemstillinger

Revisjonen belyste følgende problemstillinger (frå revisjonsrapporten):

**1) Har kommunen tilstrekkeleg internkontroll for å sikre at krava i opplæringslova kapittel 9 A blir oppfylt?**

*Vi undersøker om kommunen har et forsvarlig system for å sikre, og eventuelt følge opp, at kravene i opplæringsloven kapittel 9 A blir oppfylt. Internkontrollsystemet vil vurderes opp mot kommunelovens § 25-1.*

**2) Korleis arbeider kommunen kontinuerleg for å forebygge brot på retten til et trygt og godt skulemiljø?**

*I den andre problemstillingen vil vi undersøke om kommunen har planer og om kommunen har iverksatt tiltak for å fremme helsen, trivselen og læringen til elevene for å forebygge brudd på retten til et trygt og godt skulemiljø.*

**3) Oppfyller skulane i Bykle kommune aktivitetsplikten for å sikre at elever har et trygt og godt psykososialt skulemiljø?**

*Under denne problemstillingen vil vi se nærmere på rutine kommunen har for å sikre at aktivitetsplikten blir overholdt i tråd med loven, og hvorvidt de ansatte er kjent med rutinene. Videre vil vi blant annet undersøke om skolen oppfyller aktivitetsplikten, og hvorvidt skolen dokumenterer hva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikten etter opplæringsloven § 9 A-4.*

## Tilråingar

På bakgrunn av rapporten sine funn gir revisjonen følgende tilråingar for arbeidet med internkontrollen i kommunen, og arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet i grunnskulen i Bykle kommune:

**1. Kommunen bør styrke internkontrollen for å sikre regeletterlevelse innenfor opplæringsloven kapittel 9 A, herunder bør kommunen oppdatere delegasjonsreglementet sitt og videredelegeringen fra kommunedirektøren. (5.2)**

**2. Kommunen bør foreta jevnlike evalueringer for å videreutvikle det forbyggende arbeidet, herunder sikre medvirkning fra elever og foresatte. (6.6)**

**3. Kommunen bør vurdere om elevenes rettighet til nødvendig rådgiving oppfylles ved begge skolene. (6.6)**

**4. Kommunen bør forbedre skole-hjem samarbeidet, herunder informasjonen til, og kommunikasjon med foresatte og elever, samt skolens informasjonsplikt til rådsorgan og elevdeltaking. (6.6)**

**5. Kommunen bør forbedre rutiner og praksis for å sikre at aktivitetsplikten blir overholdt, herunder sørge for at involverte elever blir hørt, at skriftlig plan blir utarbeidet, samt at det dokumenteres hva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikten. (7.6)**

I kommunestyret 20. oktober 2022 ble det i lys av revisjonsrapporten satt fokus på at det er barn, unge og familiar i Bykle kommune som ikkje har det bra.

Ein vil komme tilbake til det, i slutten av denne rapporten (Anna innsats).

## Arbeidet

Revisjonsrapporten har påverka skulane sine prioriteringar frå den dagen den ble kjent. Rapporten omhandlar grunnleggjande forhold i grunnskulen, og har framskynda naturlege prosessar.

Bykle kommune har nytta tid, og søkt å gjere eit grundig arbeid med solide løysningar.

Vi vil ha eit dynamisk system med rom for evaluering og forbetring.

Denne rapporten beskriv status i ein kontinuerleg prosess.

Kvaliteten skapast i møte mellom menneske, ikkje av en plan eller rutine i seg sjølv.

I denne perioden har skuleeigar hatt fokus på menneskemøte i nært samarbeid med rektorane.

Rektorane i nært samarbeide med tilsette på eigen skule.

Gjennom arbeidet med forvaltningsrapporten har kommunedirektøren ved skuleeigar vært opptatt av å utvikle eit system med fokus på førebygging, og eit system som og bidrar til gode tiltak og løysningar når situasjonane går ut over det ordinære.

Skuleeigar identifiserte, saman med rektorane, ulike moment i rapporten sine oppsummeringskapittel. Ein vurderte da at tilrådingane i all hovudsak kan møtast gjennom;

- justering i «subdelegasjon»
- vurderingar rundt tilsetting av ny sosialpedagogisk rådgjevar
- ta i bruk VISMA flyt skule (VFS)
- oppdatera heimesider
- ny og utvida «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle»

Rammeverk og utkast til «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle» ligg vedlagt (vedlegg 2) og må reknast som ein vesentleg del av tilbakemeldinga til kontrollutvalet.

Det har sidan revisjonsrapporten ble kjent vært seks oppvekstmøter med styrar og rektorar, og fire rektormøter. Skuleeigar har no rutinemessige møte med;

- Rektorane, kvar andre veke
- Styraren, kvar tredje veke
- Oppvekst (styrar og rektorar) månadleg
- Kommunedirektør, månadleg

Det er nært samarbeid mellom skulane og skuleeigar.

Skulane har i perioden

- arbeida seg gjennom aktivitetsplikta etter opplæringslova § 9 A-4, og dei fem delpliktene
- sikra at Opplæringslova § 9 A er og gjennomgått i elevråd, i klassar, foreldremøte, i foreldra sitt arbeidsutval (FAU), samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU)
- starta opp arbeidet med «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» saman med barnehagane og PPT
- i samarbeid med FAU arrangert foreldremøte med foredragsholdar frå foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)
- blitt med i Læringsmiljøprosjektet

Skuleeigar har

- hatt samtalar med elevråda
- hatt samtalar i utvida SMU (elever, foreldre, tilsette og politisk, kultur og fritid, helsesjuepleiar, leiar av levekårutvalet og kommuneoverlegen)
- hatt samtalar med Statsforvaltaren
- utarbeid og lagt fram «Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune 2022»
- informert Kontrollutvalet (3X)

- informert Kommunestyret (2X)
- leia arbeidet med ny «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle kommune)
- deltatt i grupper som arbeider med samhandling og/eller folkehelse
- leia arbeidet med «Rettleiar for godt skulenærvær»
- har varsla skulane om lokalt tilsyn på revisjonsrapportens tilrådingar i 2023.

## Styrke internkontrollen

Ansvar for internkontroll er i hovudsak flytta frå særlovene til kommunelova § 25-1.

På kort sikt ble uklarheiter løyst ved at kommunedirektøren eintydig kommuniserte at skule- og oppvekstansvarleg har rolla som skuleeigar.

Endringane i subdelegasjon vil komme til syne i KF delegering, i løpet av april 2023

Kommunedirektøren har strategi og system for ivaretaking av internkontroll etter kommunelova § 25-1, og i dei ulike tenestene.

Krav etter Opplæringslova er i hovudsak delegert frå kommunedirektør til rektorane. Det følger naturleg av Bykle kommune sin organisering som to-nivå kommune.

Samtidig er det en målsetting om ein tydeleg delegering av skuleeigar rolla til skule- og oppvekstansvarleg. Skule- og oppvekstansvarleg er organisatorisk plassert i kommunedirektøren sin stab.

Det er spesielt Opplæringslova sine §§ 9-1, 13-3 e og 13-10 som knytast til skuleeigar rolla.

Kommunedirektøren etablerer, som ein del av dette, interne rutineskildringar som sikrar

- tilstrekkeleg rapportering frå rektor til skuleeigar og vidare til kommunedirektør. Oppfølging av Opplæringslova § 9-1 Leiing.
- et forsvarleg system for skulebasert vurdering. Oppfølging av opplæringslova § 13-3 e Plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling

Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang, ivaretakast av fleire;

- Kommunestyret har ansvaret for å stille nødvendige ressursar til rådighet
- Kommunedirektøren har ansvaret for at krava i Opplæringslova og internkontrollen i tråd med Kommunelova § 25-1 blir oppfylt.
- Skule- og oppvekstansvarleg har ansvar for internkontroll innan delegerte områder og skal sikre at lover og regler følges i tråd med Kommunelova § 25-1
- Rektorane har ansvar for internkontroll innan delegerte områder og skal sikre at lover og regler følges i tråd med Kommunelova § 25-1

Ansvar for oppfølging av Opplæringslova § 9 A er delegert til rektorane. Etter § 9 A-5 (skjerpa aktivitetsplikt) skal rektorane varsle skuleeigar ved skule- og oppvekstansvarleg.

Rutinebeskrivingane som skal ivareta internkontroll i arbeidet med Opplæringslova § 9 A, er i den nye «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle» (vedlegg 2).

## Retten til rådgiving

Retten til rådgiving finner vi i opplæringslova § 9-2 og i forskrift til opplæringslova kapittel 22. Kravet om en lærar på ungdomstrinnet med funksjonen sosialpedagogisk rådgjevar, finner vi avtaleverket SFS 2213, pkt. 7.2.

Skulane i Bykle kommune har tilsette med høg og relevant kompetanse. Antal elevar pr. tilsett gir rimeleg anledning for tilpassa rådgiving.

På ungdomstrinnet skal det være sosiallærer/rådgivar og det skal utførast sosialpedagogiske teneste og rådgiving. Bykle barne- og ungdomsskule har i fleire år prioritert denne ressursen/funksjonen.

Det er tilsett ny sosialpedagogisk rådgivar i 100 % stilling ved Bykle barne- og ungdomsskule. Hun starta 1. mars. Det er ein betydeleg ressurs.

Det vil være naturleg å sjå på disponeringa av denne kapasiteten våren 2023.

## Samarbeid

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida. Foreldresamarbeid har stor betydning for elevar, føresette og skulen.

Vesentleg i dette arbeidet er tilgjengeleg, relevant og oppdatert informasjon, fungerande arenaer og plattformer for kommunikasjon og anledning til medverking.

Deler av løysningane beskrivast i den nye Handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø. Det gjelder spesielt foreldresamarbeid (pkt. 2.8) og medverking frå rådsorgan (pkt. 2.14). Sjå også punkta om systemisk informasjonsflyt (s. 3) og informasjon (pkt. 2.4) og kapittelet om informasjonsplikt (kap. 4).

Verktøy for informasjonsflyt og kommunikasjon er vesentleg utvikla siste 10 – 15 år. Vi skil på dynamisk og statisk informasjon.

Informasjonsflyt i det brede, vil vi få til ved å utvikle bruken av VISMA flyt skole (VFS). VFS vil være bærer av den dynamiske informasjonen.

Vi bestemte oss tidleg for å utvikle skulene sine heimesider på kommunen sin eksisterande plattform. Heimesidene vil bære den statiske informasjon.

Det er avgrensingar i nåverande løysing. Det er bestemt at Bykle kommune skal over på ny plattform for heimesider hausten 2023.

Vinteren 2023 har vi vært mest opptatt av å finne ei løysing som er god nok. Vi skulle finne ei løysing som gjorde oppdatert og relevant informasjon lett tilgjengeleg. Innafor akseptable rammer vil ikkje eksisterande plattform løyse oppgåva. Vi har derfor lagt alt inn i det nye prosjektet. Arbeidet er starta. Det vil komme heilt eigne sider, designet for skulane.

Det er spesielt viktig for oss at ein enkelt og nærmast intuitivt, vil finne;

- Kontaktinformasjon
- Informasjon om skulemiljø (Utdanningsdirektoratet)
- Skulen sin «Skuleomfattande innsatsmodell for eit trygt og godt skulemiljø»
- Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle
- Skulanes ulike rådsorgan som Elevråd, Ungdomsrådet, Foreldrenes arbeidsutval (FAU), Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU)
- Ordensreglement
- Informasjon om VISMA Flyt Skule (kjelda til dynamisk informasjon)
- Informasjon om aktørane som er med på å bygge ein god og trygg skulekvardag; helsesjuepleiar, PPT, psykisk helse og rus, barnevern

- Skuleruta
- Tilstandsrapport for grunnskolen i Bykle kommune

Nye sider skal være ferdige i oktober 2023.

Skulane og skuleeigar arbeider målretta for å strukturere og utvikle det tverrfaglege arbeidet.

Gjeldande plan for samordning av det førebyggjande arbeidet er «Tverrfagleg samhandlingsplan for barn og unge». Den er administrativt oppdatert denne vinteren.

Tverrfagleg team er i verksemd.

Fagteamet er i verksemd.

Skulane har under dette reetablert eit ressursteam (R-team) på kvar skule. Sjå vedlegg 1 og vedlegg 2 pkt. 2.15.3.

## Aktivitetsplikta

Aktivitetsplikten finner ein i opplæringslova § 9 A-4.

Skuleeigar og skulane har utarbeid rammeverket for ein ny og vidareutvikla «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskolen i Bykle». (vedlagt). Handlingsplanen er svært omfattande.

Dette er skulane sin eigen interne plan for å sikre elevane eit trygt og god skulemiljø.

Den har stor vekt på det førebyggjande arbeidet, men skal og sikre gode tiltak og løysingar når situasjonane går ut over det ordinære.

Planen er i hovudsak tredelt:

- Fremjande og førebyggjande arbeid
- Handlingsplan – aktivitetsplikta
- Informasjonsplikta

Det er forsøkt å samle og systematisere innsatsen for eit trygt og godt skulemiljø.

Det er samtidig vesentleg at handlingsplanen er ein dynamisk plan.

Den kan nyttast som ein oppdatera oversikt over arbeidet med skulemiljø og skal gi dei tilsette tilstrekkeleg tryggleik i si gjerning.

Handlingsplanen skal sikre jamleg evaluering, og bidra til vidareutvikling av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

## Anna innsats

Skulane sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø må og sjåast i ein større samanheng – skolen er ikkje en isolert pedagogisk øy – vi som lokalsamfunn må handtere dette. Det handlar om «Laget til eleven» - alt frå næraste familie til Statped. Det går føre seg eit omfattande arbeid knytt til «Laget til eleven»;

FAU og skulane, i samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), gjennomfører eit opplegg knytt til verdien av eit godt skule- heim samarbeid.

Skule- og oppvekstansvarleg leiar ei gruppe som skal jobbe for økt skulenærvær i Bykle kommune. Etter nokre nødvendige avklaringar arbeider ein no med ein lokal rettleiar for godt skulenærvær i Bykle kommune. Rettleiaren er skulen, PPT, helsesjukepleiar og psykisk helse og rus sin eigen rettleiar. Skriveøkt nr tre er 14. mars 2023.

Folkehelsekoordinator leiar ei gruppe som arbeider med inkluderande lokalmiljø, med «nye innbyggjarar» i fokus. Dette er et av resultatene frå kommunestyrets behandling av barne- og ungdomsmiljøet i Bykle kommune, vinteren 2021

Folkehelsekoordinator har samla ei gruppe som skal arbeide fram en folkehelsestrategi. Der er rådgjevar kart og plan, leiar for kultur & fritid, kommuneoverlege og skule- og oppvekstansvarleg med.

Kommuneoverlegen er i ferd med å utarbeide en ny Helseoversikt. Den vil være med å danne grunnlaget for folkehelsestrategien.

Kommuneoverlegen og skule- og oppvekstansvarleg arbeider for å sette Folkehelse på agendaen i Bykle kommune. Det er arrangert Folkemøte Folkehelse. Fylkesdirektør folkehelse Vegard Nilsen var i kommunestyremøte 30. mars. Ein arbeider for eit Folkemøte Folkehelse 2.0.

Kartleggingsrapporten knytt til Barnevernsreforma er politisk behandla. Det er vedtatt et videre interkommunalt arbeid, «der ein ser særskild på organisering og samarbeidsstrukturar på tvers av kommunane».

Barnevernet leiar arbeidet med oppdatering av rettleiaren «Frå uro til handling»

Det er to store føreståande arbeider som vil ha spesielt stor betydning:

- Kommuneplans samfunnsdel (rullering)
- Planstrategi (rullering)

Helsesjuepleiar kapasiteten er økt gjennom politisk vedtak i november.

Frivilligkoordinator stillinga er økt gjennom politisk vedtak i november.

Kultur & fritid arbeider i samarbeid med psykisk helse og rus, for skolering av frivilligheita i «å sjå barnet».


Det ble arrangert fagdag på Samfunnshuset 29. mars om levekår og barn/unges psykososiale utvikling for Bykle-, Valle- og Bygland kommune. Kva kan vi gjere for å førebyggje utanforskap? Fagdagen er utvikla i Samarbeid Sør (KORUS Sør, RVTS Sør, RBUP Øst og Sør), i samråd med Agder fylkeskommune og prosjektleiarar for Godt begynt, BTI, Nye Mønstre og Helhetlig oppfølging av barn og unge i Agder (Helhetlig Rammeverk)

Det er mange og sterke krefter i sving i arbeidet for og med «Laget til eleven» nå.

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Skisse tverrfagleg organisering

#### Foreløpig skisse over kommunen sin organisering:



|                          |   |
|--------------------------|---|
| <u>Tverrfagleg team:</u> | Alle!   |
| <u>Fagteam:</u>          | Rektorane, Styraren, Helsesjukepleiar, Sosialpedagogisk rådgjevar, PPT, BV, PHR (NAV? Lege? Jordmor? Kultur og fritid?)                                   |
| <u>Ansvarsgrupper:</u>   | Tilpassa IP, IOP eller anna   |
| <u>Ressursteam:</u>      | Lærar, Skulen sin leiing, PPT, PHR, Helsesjukepleiar skal delta.<br>Føresette, elev, sosialpedagogisk rådgjevar, spesialpedagogisk rådgjevar<br>Kan delta |

Vedlegg 2: «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø» - under arbeid

Vedlagt rapporten som eiga fil (.pdf)

22/23

# Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle



Sist revidert xx.xx.xxxx



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

Desember 2022

# Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle

## Retten til et trygt og god skulemiljø

Alle elever har rett til et godt og inkluderande skulemiljø som fremjar helse trivsel og læring. Det er elevanes egen oppleving av skulemiljø som er avgjerande.

Reglene om et trygt og godt skulemiljø gjeld for alle elevar i grunnskolen og gjelder i timer, og friminutt på skulen, på skulevegen, i leksehjelpa og på SFO. Gjelder også på aktivitetar som blir heldt utanfor skulens bygningar i regi av SFO/skolen. I tillegg er opplæringslova § 9A-3 klar på at skulane skal ha nulltoleranse mot all form for krenkingar. Skulens oppgåve er å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtvinging. Skulane har også plikt til å informere elevar og føresette om rettigheter om skulemiljø.

## Lovheimel

Kommunelova § 25-1  
Opplæringslova § 9A

## Risikovurdering

Agder Kommunerevisjon gjennomførte i november 2020 «Risiko- og vesentlighetsvurdering» for heile Bykle kommune. For skule, SFO og vaksenopplæring listar dei opp moglege risikofaktorar innafor psykososialt læringsmiljø i grunnskulen;

- Utilfredsstillande kartlegging av elevanes skulemiljø
- Mangelfull samhandling med elevar og foreldre
- Lav grad overhalding av aktivitetsplikten
- Vedtekne tiltak/planer følges ikkje opp
- Manglande kompetanse og fokus blant tilsette
- Manglande oppfølging av observert tilfelle av mobbing.
- Digital kvardag mindre tilgjengeleg for vaksne
- Lite struktur på læringsaktiviteter.
- Manglande/mangelfulle tiltak (på skulenivå, klassenivå, individnivå)

«Risiko og vesentlighet» vurderast å være høg. Denne plan er meint å redusere risikoen.

## Mål

Planen skal bidra til å sikre elevanes rett til trygt og godt skulemiljø gjennom å beskrive;

- Skulane sitt førebyggjande arbeid, for å fremje helse, trivselen og læringa til elevane
- Skulane sitt system for å ivareta aktivitetsplikten etter opplæringslova § 9 A-4
- Skulane sine administrative rutinar for å sikre medverking, og informasjonsflyt

## Skulefakta

Bykle kommune har to skular:

### Fjellgardane skule

På Hovden

1. – 7. trinn + SFO

Om lag 40 elevar

Om lag 14 tilsette

### Bykle barne- og ungdomsskule

I Bykle kyrkjebygd

1. – 10. trinn + SFO

Om lag 50 elevar

Om lag 16 tilsette

Begge skulane har eige elevråd, skulemiljøutval (SMU) og samarbeidsutval (SU)

Det er en eigen plan for samhandling mellom tenestene i kommunen:

«Tverrfagleg samhandlingsplan – barn og unge» (oppdatert 2022)

Skulane har eige Ressursteam (R-team) som består av skulen, helsesjukepleiar, PPT og «psykisk helse og rus» (PHR)

## Omgrep

Det er av stor betydning at alle tilsette i grunnskulen i Bykle har felles forståing av sentrale omgrep;

### Skulen sin aktivitetsplikt:

Følge med. Gripe inn og viss mogleg stoppe. Sei frå til rektor. Undersøke. Lage ein aktivitetsplan.

For å oppfylle plikten krevjast det at arbeidet gjerest systematisk.

### Trygt skulemiljø:

«At skulemiljøet skal være trygt betyr blant anna at elevane ikkje skal komme til skade og at elevane skal føle at skolen er et trygt sted å være. Trygheit handlar også om å vite at skulen tar tak viss noko skjer. Det er elevens egen subjektive oppfatning som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt jf. oppl. § 9 A-2.» (Skulemiljø U-dir-3-2017)

### Nulltoleranse mot krenking:

«Skolene skal ha nulltoleranse mot krenkelsar, jf. oppl. § 9 A-3. Eksempel som nemnes i loven er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar. Verken direkte handlingar som for eksempel hatytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utestenging, isolering og baksnakking skal tolererast. Kva som er en krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller ueinigheiter er krenkingar. jf. Prop. 57 L (2016-2017) s. 14. Prinsippet om nulltoleranse er tatt inn i opplæringslova for å understreke kor viktig det er at skulane har tydelege haldningar på dette området. (Skulemiljø U-dir-3-2017)

Mobbing er ei aggressiv handling, fysisk eller psykisk retta mot en elev, av en eller fleire saman. Styrkeforholdet mellom den eller de som mobbar og den som blir mobba er ujamnt og det føregjeng over tid.

Utestenging betyr at nokon blir heldt utanfor ei gruppe eller klasse.

Vold betyr at nokon bruker fysisk makt for å skade andre.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller trakassert for eksempel fordi de har en anna hudfarge eller snakkar et anna språk

Diskriminering betyr at en person blir dårlegare behandla eller trakassert for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsevne, tro, hudfarge eller etnisk opphav.

Digital krenking betyr at nokon bruker internett, mobil eller e-post for å sende og spre vondsinna meldingar eller bilete av en person / situasjon

*Kilde: Utdanningsdirektoratet / regelverk*

### **Systemisk informasjonsflyt**

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| Profesjonsfelleskapet;           | kollega – trinn – team – kollegium – ressursteam (samtykke) - |
| Varsel til rektor;               | snarast (§9 A-4)  |
| Varsel til skuleeigar;           | snarast (§§9 A-4, 9 A-5) – rutinemessig oppdatering månadleg  |
| Informasjon til kommunedirektør; | snarast (§9 A-5) – rutinemessig oppdatering månadleg          |
| Melde avvik (HMT) i Compilo      | snarast   |

Kommunedirektøren utarbeidar ein intern rutineskildring for rapportering etter opplæringslova § 9-1

### **Evaluering av handlingsplan**

Denne handlingsplanen er skulane sitt eige verktøy i arbeidet med elevane sitt psykososiale læringsmiljø.

Handlingsplanen er dynamisk og skal utvikle seg saman med organisasjonen. Endringar kan gjerast av rektorane i samarbeid med skuleeigar (skulefagleg rådgjevar).

Samtidig skal planen reviderast minimum ein gang i skuleåret, med oppstart i mai og ferdigstilling i juni. Slik kan ein starte nytt skuleår med oppdatert handlingsplan.

Elevråd, samarbeidsutval og tilsette skal rutinemessig medverka til utvikling av planen.

*Denne første utgåva bær preg av eit ønske om å få med «alt». Enkelte moment kommer difor fleire gonger. Gjennom årleg revisjon vil planen foredlast.*

## Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskolen i Bykle</b> ..... | <b>1</b>  |
| <b>Retten til et trygt og god skulemiljø</b> .....                                | <b>1</b>  |
| <b>Lovheimel</b> .....  | <b>1</b>  |
| <b>Risikovurdering</b> .....  | <b>1</b>  |
| <b>Mål</b> .....  | <b>1</b>  |
| <b>Skulefakta</b> .....   | <b>2</b>  |
| <b>Omgrep</b> .....   | <b>2</b>  |
| <b>Systemisk informasjonsflyt</b> .....   | <b>3</b>  |
| <b>Evaluering av handlingsplan</b> .....  | <b>3</b>  |
| <b>Innhald</b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>1. Eit heilskapleg og systematisk arbeid</b> .....                             | <b>6</b>  |
| <b>2. Fremjande og førebyggjande og arbeid</b> .....                              | <b>7</b>  |
| <b>2.1. Inkluderande praksis</b> .....  | <b>7</b>  |
| <b>2.2. Klasseleiing og TPO</b> .....   | <b>8</b>  |
| <b>2.3. Kompetanse</b> .....  | <b>9</b>  |
| <b>2.4. Informasjon</b> .....   | <b>9</b>  |
| <b>2.5. PALS</b> .....  | <b>10</b> |
| <b>2.6. Mitt val</b> .....  | <b>11</b> |
| <b>2.7. Elevsamtalar</b> .....  | <b>12</b> |
| <b>2.8. Utviklingssamtalar</b> .....  | <b>12</b> |
| <b>2.9. Vurdering for læring</b> .....  | <b>13</b> |
| <b>2.10. Tilsyn ved skulestart, skulebuss og i friminutt – “overgangar”</b> ..... | <b>13</b> |
| <b>2.11. Skulekantina og skulefrukt</b> .....                                     | <b>14</b> |
| <b>2.12. Sosialpedagogisk rådgjevar</b> .....                                     | <b>14</b> |
| <b>2.13. Ordensreglement</b> .....  | <b>14</b> |
| <b>2.14. Rådsorgan</b> .....  | <b>15</b> |
| <b>2.15. Tverrfagleg samarbeid</b> .....  | <b>16</b> |
| <b>2.15.1. Helsesjukepleiar</b> .....   | <b>16</b> |
| <b>2.15.2. PPT</b> .....  | <b>17</b> |
| <b>2.15.3. Ressursteam (R-team)</b> .....   | <b>17</b> |
| <b>2.15.4. Ansvarsgrupper</b> .....   | <b>18</b> |

|           |   |           |
|-----------|---|-----------|
| 2.15.5.   | Fagteam .....   | 18        |
| 2.15.6.   | Tverrfagleg team .....  | 19        |
| <b>3.</b> | <b>Handlingsplan - aktivitetsplikta .....</b>                       | <b>20</b> |
| 3.1.      | Opplæringslova § 9 A-4 Aktivitetsplikten.....                       | 20        |
| 3.2.      | Plikten til å følge med .....                                       | 20        |
| 3.3.      | Plikten til å gripe inn.....  | 21        |
| 3.4.      | Plikten til å varsle .....  | 21        |
| 3.5.      | Plikten til å undersøke .....                                       | 22        |
| 3.6.      | Plikten til å sette inn eigna tiltak.....                           | 23        |
| 3.7.      | Dokumentasjon.....  | 23        |
| <b>4.</b> | <b>Informasjon – informasjonsplikta.....</b>                        | <b>24</b> |
| 4.1.      | Opplæringslova § 9 A-9 Informasjonsplikt.....                       | 24        |
| 4.2.      | Informasjon til personalet .....                                    | 24        |
| 4.3.      | Informasjon til elevråd .....                                       | 24        |
| 4.4.      | Informasjon til FAU.....  | 24        |
| 4.5.      | Informasjon til SU/SMU.....   | 25        |
| 4.6.      | Informasjon til elevane .....                                       | 25        |
| 4.7.      | Informasjon til føresette .....                                     | 25        |
| 4.8.      | Andre tilsette ved skulen.....                                      | 26        |
| <b>5.</b> | <b>Vedlegg.....</b>   | <b>27</b> |
| 5.1.      | Årshjul skulemiljø .....  | 27        |
| 5.2.      | Flytskjema.....   | 29        |
| 5.3.      | Skjema ved varsling .....   | 30        |
| 5.4.      | Aktivitetsplan - mal .....  | 32        |
| 5.5.      | Samtaleskjema.....  | 34        |
| 5.6.      | Forskrift om ordensreglar for grunnskulen i Bykle kommune .....     | 36        |
| 5.7.      | Instruks for vakt/inspeksjon.....                                   | 39        |
| 5.8.      | Årshjul Elevrådet .....   | 40        |
| 5.9.      | Årshjul Samarbeidsutvalet (SU) .....                                | 42        |
| 5.10.     | Årshjul Skulemiljøutvalet (SMU) .....                               | 43        |
| 5.11.     | Tverrfagleg samordning – med utgangspunkt i oppvekst - skisse ..... | 44        |
| 5.12.     | Samtykke – skjema .....   | 45        |

## 1. Eit heilskapleg og systematisk arbeid

Å oppretthalde og vidareutvikle trygge og gode skulemiljø krevjar eit heilskapleg, kontinuerleg og systematisk arbeid.


Ein solid leiing og organisasjon, er en forutsetning for at arbeidet med elevane sitt læringsmiljø kan gå føre seg kontinuerleg og systematisk, og for å kunne ta i bruk forskingsbasert kunnskap.

**Kontinuerleg** vil si at arbeidet med elevane sitt skulemiljø går føre seg hele tiden, ikkje berre ved oppstarten av eit skuleår eller når uønska hendingar oppstår.

**Systematisk** vil si at arbeidet er aktivt, gjennomtenkt og planmessig, og at arbeidet utførast av alle tilsette ved skulen.

Arbeidet er tredelt:

- Arbeidet med å fremme trygge og gode skulemiljø, er en del av den ordinære pedagogiske praksisen på en skole, og er ofte universelle tiltak som kommer alle elevane til gode.
- Førebygging, for å minske risikoen for at krenkingar skjer.
- Handtering av krenkingar, handlar om korleis skulen avdekker, stopper og følger opp saker om mobbing og andre krenkingar.



## 2. Fremjande og førebyggjande og arbeid

### 2.1. Inkluderande praksis

Eit inkluderande læringsmiljø inneber å skape eit miljø for læring kor alle elevar opplev å bli tatt vare på sosialt, kulturelt og fagleg. Det betyr at lærar må ha blikk for både individets og fellesskapets behov og forutsetningar. Basert på slik kunnskap kan lærar vite når ein elev har behov for å bli sett.

#### Elevar og undervisningspersonalet

- Elevens stemme skal bli høyr
- Sikre at lærartettleiken skal minimum ligge på nasjonalt nivå, og innafor lærarnorm

#### Eit inkluderande læringsmiljø

- Utvikle gode relasjonar mellom lærar og elev
- Elevane er trygge og trivast på skulen
- Dei skal få opplæring tilpassa eige nivå
- Alle elevane får personleg merksemd kvar dag
- Dei mellommenneskelege relasjonane er prega av tillit og respekt
- Alle følgjer opp arbeidet med PALS
- Eit inkluderande læringsmiljø
  - o Barn og elevens medverknad i fellesskapet
  - o Samarbeid med heimen
  - o Laget rundt barna og elevane
  - o Felles syn og mangfald
  - o Samarbeid delingskultur og støtte
  - o Struktur og forutsigbarheit
  - o Tilpassingar i fellesskapet
  - o Tilrettelegging på individnivå
  - o Tydeleg vaksne med klare grenser
  - o Elevane blir stimulert til å utvikle gode lesestrategiar i alle fag
  - o Elevane får høve til fysisk aktivitet kvar dag
  - o Elevane er kjent med dei faglege og sosiale mål (eigen sosial kompetanseplan)
  - o Elevane får uttrykke seg gjennom forskjellige uttrykk – varierte og relevante metodar som kan stimulere fleire sansar
  - o Elevane får utfordringar ut i frå eigen ståstad
  - o Vurdering er ein naturleg del av undervisninga

#### Elevsyn

- Alle ynskjer å lære
- Alle kan
- Alle kan bidra med noko i eit fellesskap
- Alle treng å bli møtt der dei er
- Alle skal bli sett kvar dag

- Alle skal oppleve eit godt læringsmiljø
- Alle skal oppleve klare grenser frå dei vaksne

### Alle vaksne

- Fagleg oppdaterte og engasjerte
- God førebudde
- Stand til å utvikle eigen og skulens praksis
- Stolte av arbeidsplassen sin
- Støtter, oppmuntrar og rettleiar kvarandre
- Jobbar mot felles mål
- Ska gi tidleg informasjon om elevar med fagleg eller sosiale utfordringar

### Heim – skule

- Skulen skal
  - o Ha god kontakt med heimen gjennom dei kommunikasjons plattformene som til ei kvar tid er gjeldande
  - o Gje innsyn i den faglege og sosiale utviklinga til eleven
  - o Hjelpe til med å etablere gode rutinar
  - o Akseptere at heim- og familiekulturar er forskjellige
  - o Liggje på nasjonalt nivå eller betre på alle parameter
  - o Skape eit trygt og godt lærings- og skulemiljø, og få alle barna i aktivitet. Vi har nulltoleranse for mobbing.

### 2.2. Klasseleiing og TPO

| Hovudaktivitetar | Kjenneteikn i tilfeldig rekkefølge   |
|------------------|--|
| 1. Oppstart      | Motivere, gjerne med ein startar<br>Aktivere elevanes forkunnskapar<br>Repetere frå sist økt og sett i samanheng<br>Presentere læringsmål for timen<br>Presentere timens innhald |
| 2. Klasseleiing  | Er til stede når timen startar<br>Helsar<br>Sjekkar at alle er til stades<br>Utnytte tida effektivt<br>Sørge for arbeidsro<br>Handheve reglar                                    |
| 3. Relasjon      | Skape tillit<br>Anerkjenne eleven<br>Gje handlingsrettande tilbakemeldingar<br>Bruke positivt språk  |
| 4. TPO           | Tilpasse: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vanskegrad</li> <li>- Tidsbruk</li> <li>- Behov for hjelp</li> </ul>  |

|   |  |
|---|--|
|   | - Arbeidsmåtar<br>Stille gode spørsmål til refleksjon<br>Gi ventetid   |
| 5. Meiningsskapande språk                           | Bruke eit språk elevane forstår<br>Bruke og forklare fagspråk og omgrep  |
| 6. Tydelege forventningar til elevanes prestasjonar | Uttrykke høge, men balanserte forventningar til elevane  |
| 7. Systematisk øving                                | Repetere<br>Bruke ulike læringsstrategiar  |
| 8. Variert undervisning                             | Variere metodar, arbeidsmåtar og organisering<br>Gjere undervisninga praktisk og relevant<br>Modeleira og vise gode eksempel |

### 2.3. Kompetanse

Opplæringslova seier i § 10-8 Kompetanseutvikling;

*Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal sørge for at lærarar, rektorar og andre tilsette i skolen får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk så dei kan vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.*

Sjå også «Kompetanseutviklingsplan for grunnskulane i Bykle kommune»

### 2.4. Informasjon

#### Visma Flyt Skule

Skulane nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Programmet vart teken i bruk hausten 2022 på både skulane. Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet

VFS er ein moderne skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følger det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på. I appen kan dei føresette:

- Melde fråvær
- Sende og motta meldingar og gruppemeldingar
- Få ukentleg informasjon frå skulen og dei rådsorgan skulen har
- Sjå timeplanen
- Svare på skjema som kjem frå skulen, eller SFO
- Registrere SFO tilstedeværelse
- Sjå karakterar og vurderingar
- Gje og trekkje tilbake samtykke

Med VFS og tilhøyrande appar er informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom heim og skule er enkel, trygg og effektiv.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule tar både skulane også i bruk Visma Sikker Sak (VSS). For skulane er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulane gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

#### Heimesider

Skulane samlar nå sin statiske informasjon på kommunens egne digitale plattform.

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Her vil de finne informasjon kring skulane og dei aktørar skulane samarbeider med saman med nyheiter. Nye og felles heimesider sikrar oppdatert og lik informasjon til ein kvar tid for både skulane.

Her finn de informasjon om:

- Skulanes ulike rådsorgan som Elevråd, Ungdomsrådet, Foreldrenes arbeidsutval (FAU), Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU)
- Skulanes ulike planar (årsplanar, vekeplanar, utviklingsplanar )
- Skulanes ulike handlingsplanar, rutinar og rettleiarar
- Skuleruta
- Informasjon om aktørane som er med på å bygge ein god og trygg skulekvardag;
  - o helsesjukepleiar, PPT, psykisk helse og rus, barnevern
- (Nyheiter og aktuelt frå skulane)
- Kontaktinformasjon til skulane
- Ordensreglement

#### **2.5. PALS**

Gjennom systematisk arbeid med «Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling» (PALS) vil skulane sikre alle tilsette kunnskap om kva for tiltak som er verksame for å fremme eit trygt læringsmiljø.

PALS er ein skuleomfattande innsatsmodell. Den består av systematiske og effektive førebyggingstiltak som retter positiv merksemd mot alle skulens elevar. Alle tilsette legg vekt på positiv involvering og oppmuntring og dei gjer føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Tiltaka bidreg til å redusere antal elevar med åtferdsproblem og fremmer god sosial og skulefagleg læring.

Eit trygt læringsmiljø kjenneteiknast av tydelege forventningar til sosiale og skolefaglege kompetansemål og positiv åtferd. PALS utviklar og byggjer eit godt læringsmiljø for alle skulens elevar, tilsette , leiing og føresette gjennom positiv handling og deltaking.

## PALS-MODELLENS KJERNEKOMPONENTER



### Gode relasjonar fremjar eit godt læringsmiljø

Relasjonen mellom lærar og elev er sjølv grunnmuren i "PALS" modellen. Gode relasjonar fremjar læring, trygghet, god åtferd og god samhandling.

### Positive forventningar

Tydelege og klare forventningar på korleis me vil ha det på skulen bidreg til eit forutsigbart skulemiljø for både elevar og tilsette. Forutsigbarhet skaper trygge og gode rammer. Både elevar og dei tilsette bidreg til utforming av felles forventningar.

### Gode beskjedar fremjar samarbeid

Ein god beskjed er eit budskap som den tilsette gjev på ein klår, positiv og konkret måte.

### Oppmuntring, anerkjensle og positiv involvering

Når dei tilsette aktivt oppmuntrar og retter positiv merksemd mot elevane vil dei gode relasjonar styrkast, grunnleggjande ferdigheiter utviklast og problem åtferd førebyggjast. Ros og oppmuntring vil bidra til å fremje og oppretthalde ein god sosial skolekultur.

### PALS team

Kvar skule har eit eige PALS team som har møte kvar veke. Dei sørgjer for opplæring av dei tilsette, rådgjeving til føresette og legge til rette for at elevar og dei tilsette heile tiden jobbar til felles beste for ein trygg og sikker skulekvardag.

PALS team frå Bykle barne- og ungdomsskule og Fjellgardane skule møtast jamleg for å utveksle erfaringar, og opplæring av kvarandre.

<https://www.nubu.no/informasjon-om-pals-modellen/>

## 2.6. Mitt val

Grunnskolen i Bykle kommune nyttar «Mitt val»

Mitt val er et internasjonalt Lions's Quest-program for sosial og emosjonell læring.

Måla for Mitt val er;

- Bygge relasjonar og vennskap
- Etablere gode levevaner
- Forebygge rusmisbruk
- Handtera tankar og følelsar
- Sette grenser for seg sjølv og respektere andre sine grenser
- Utvikle god psykisk helse
- Auke kunnskapen om vald og seksuelle overgrep

<https://www.determinnvalg.no/skole>

## 2.7. Elevsamtalar

Det leggst til grunn i forskrift til opplæringslova at elevar har rett til minst ein elevsamtale i halvåret. Samtalen er ein del av retten til undervegsvurdering.

Den formaliserte samtala skal omhandle elevens faglege utvikling, saman med ei vurdering av orden og åtferd. Vidare løftar og forskrifta fram eleven sin rett til dialog om anna utvikling.

Eleven har rett til jamleg dialog med kontaktlærer om si utvikling i lys av opplæringslova §1-1, generell del og prinsipp for opplæring i lærarplanverket (Forskrift til opplæringslova § 3-8).

Basera på lovgrunnlaget kan elevsamtala ses på som eit særst godt verktøy for relasjonsbygging og klasseleiing. Avklare forventningar, setje nye mål, gje attendemeldingar, synleggjere meistring og utvikling, motivere elevar og som elevmedverking i vurdering for læring.

- Gjennomførast fortløpande kvar veke ved korte "uformelle" treffpunkt i undervisninga der både fag og skulesituasjon blir snakka om.
- Dei formelle elevsamtalane skal gå føre seg i forkant av utviklingssamtalene (min ein gong i halvåret)

## 2.8. Utviklingssamtalar

Opplæringsforskrifta § 20-3 seier at foreldre skal ha to utviklingssamtalar med kontaktlærer i året. Tema for samtalene skal være korleis eleven gjer det i dei ulike faga, korleis eleven arbeidar på skulen og heime, og om elevens sosiale utvikling.

Dei som skal delta i ei utviklingssamtale er:

- Kontaktlærer
- Foreldre/føresette
- Eleven sjølv - om eleven ynskjer det, og frå og med fylte 12 år
- Faglærer - kan være lurt at deltar dersom eleven har problem i nokre fag.

Dersom eleven sjølv er med i utviklingssamtalene kan dette være ein anledning til å gje undervegsvurdering.

- Gjennomførast 2 gonger i året.
  - o Oktober og mars

## 2.9. Vurdering for læring

Vurdering for læring byggjer på fire prinsipp, og eleven forutsetningar for å lære kan styrkast dersom eleven:

1. Forstår kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei
2. Får attendemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller presentasjonen
3. Får råd om korleis dei kan forbetre seg
4. Er involvera i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling

| Hovudaktivitetar           | Kjenneteiken i tilfeldig rekkefølge  |
|----------------------------|--|
| Vurdering for læring       | Kartlegge elevens forkunnskap<br>Gje forståelege og raske tilbakemeldingar som fortel eleven om kvalitet på arbeidet eller prestasjonen.<br>Gje konkrete framovermeldingar om korleis eleven bør arbeide for å auke grada av måloppnåing.<br>Legge til rette for at eleven blir sjølvregulert: <ul style="list-style-type: none"><li>- Eleven vurderar kvaliteten på eige arbeid og utvikling, og brukar dette til å setje eigne læringsmål og forbedre seg.</li></ul> |
| Oppsummering og avslutning | Oppsumere med elevmedverknad<br>Undersøke om læringsmåla er nådd<br>Peike framover til neste time<br>Avrunde timen (klargjering til neste time)  |

## 2.10. Tilsyn ved skulestart, skulebuss og i friminutt – “overgangar”

Skulane sørgjer for å sikre alle ulike “overgangar” med mykje tilsette. Slike “overgangar” kan vere friminutt, skulekantina, skulestart og vegen til å frå skulebussen.

Alle dei tilsette skal ved slike overgangar vere kledd i gule refleksvestar slik at dei er godt synlege. Dette gjer me for å sikre at alle eleven skal føle seg sikre og trygge og vite at det er ein tilsett i nærleiken heile tida.

Skulane har ein instruks for dei som har vakt (vedlegg)

### Skulebussen

Det er tilsette ved skulen som tek imot elevane kvar morgon og fylgjer dei til skulebussen kvar ettermiddag. Dei tilsette blir ved bussen til den køyrar.

### Skulestart

I gangane på skulen før skulestart er det tilsette som tek imot elevane og me har eigen inngong for småskolen, mellomtrinnet og ungdomsskulen. Dei tilsette blir verande i gongen heil til det ringar inn og lærar kjem for å starte timen.

### Friminutt

I alle friminutt er det til ein kvar tid 3 – 4 tilsette som har vakt. Dei har eigne område som dei har ansvaret for.

### Skulekantina

Når elevane et er det tilsette som er tilstades og passar på at alle har det trygt og godt. Det er faste plassar i kantina slik at alle skal føle seg trygge på å ha ein plass og at dei har nokon å sitte med. Småskulen startar litt tidlegare og er ferdige å ete når dei større elevane kjem

#### **2.11. Skulekantina og skulefrukt**

Både skulane i Bykle har eigen skulekantine for elevane. Tilbod om skulemat sikrar skulane at alle elevar får tilgang til sunn og næringsrik mat. To gonger i veka serverast det varm mat.

Det å ha eit tilbod om skulekantine legg og til rette for god læring i sosiale ferdigheiter og byggje gode relasjonar. Elevane kan vere med medelevar i trygge og gode omgjevnader.

I tillegg til dette kan dei og lære om sunt kosthald, gode matvanar og hygiene.

På ettermiddagen blir det delt ut skulefrukt til elevane på dei ulike trinna. Då blir det satt av litt tid til å ete frukt saman med litt sosiale aktivitetar.

Skulekantina og skulefrukt gjev eit godt grunnlag for trivsel og læring.

#### **2.12. Sosialpedagogisk rådgjevar**

Det er tilsett sosialpedagogisk rådgjevar i 100 % ved Bykle barne- og ungdomsskule. Rådgjevaren skal sikre ivaretaking av elevanes rett til sosialpedagogisk rådgjeving og vere ein god støtte og rådgjevar for elevane og dei tilsette ved skulen.

Sosialpedagogisk rådgjevar kan hjelpe til med:

- Klarlegge problema og omfanget av dei
- Kartlegge kva skulen kan hjelpe til med og om det er behov for andre som kan bistå
- Finne og formidle kontakt med dei rette hjelpeinstansane
- Bistå elevar når utanomfaglege saker gjer det vanskeleg å være ung
- Drive fråfallsforebyggande arbeid
- Bistå elevar når dei har faglege utfordringar, konsentrasjon og/eller åtferdsvanskar
- Følgje opp saker knytt til krenkingar av elevar
- Bistå elevar i forholdet mellom heim og skule
- Samarbeide rundt elevanes læringsmiljø og klassemiljø

Sosialpedagogisk rådgjevar samarbeider bl.a. med pedagogisk-psykologisk teneste, psykisk helseteneste/BUP, oppfølgingstenesta, skolehelsetenesta barnevernstenesta og skulens elevtenestar.

#### **2.13. Ordensreglement**

Bykle kommune har vedtatt eigen forskrift om ordensreglar for grunnskulane.

Det er tillegg til ordensreglane for den einskilde skule.

Forskrift om ordensreglane er vedlagt denne planen.

Ordensreglane blir gjennomgått med FAU og SMU kvar haust for eventuelle endringar, eller justeringar.

Personalet går gjennom ordensreglementet på plandag kvar august og kjem med eventuelle ønske om endring.

Kontaktlærarane går gjennom ordensreglementet med elevane ved oppstart av skuleåret kvart år og skulanes elevråd for og reglane til gjennomgang på fyrste møte kvar haust for innspel og eventuelle endringar.

Ordensreglane ligg og på skulanes heimeside og i Compilo.

## **2.14. Rådsorgan**

### **Elevråd**

Kvar skule har eit elevråd i tråd med Opplæringslova § 11-2:

*Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.*

*Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.*

*Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.*

*Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.*

Årshjul for Elevråd er vedlagt denne planen

Sjå også punkt 4.3

### **Samarbeidsutval (SU)**

Kvar skule har eit SU i tråd med Opplæringslova § 11-1:

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.*

*Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.*

Årshjul for SU er vedlagt denne planen.

Sjå også punkt 4.5.

### **Skulemiljøutval (SMU)**

Kvar skule har et SMU i tråd med Opplæringslova § 11-1a

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

Årshjul for SMU er vedlagt denne planen  
Sjå også punkt 4.5.

### **Foreldreråd og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)**

Kvar skule har eit foreldreråd og FAU i tråd med Opplæringslova § 11-4:

*På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer.*

*Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.*

*Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane.*

Sjå også punkt 4.4.

## **2.15. Tverrfagleg samarbeid**

### **2.15.1. Helsesjokepleiar**

#### Skulehelsetenesta (frå heimesida)

Skulehelsetenesta er eit tilbod til deg som er skuleelev og under 20 år. Du kan få råd og rettleiing og få utførte helseundersøkingar og vaksinasjonar. Ved behov kan du bli vist vidare til fastlege, tannlege eller spesialist.

Skulehelsetenesta kan gi råd om fysisk, psykisk og seksuell helse, og jobbar for å styrkje skuleelevane si meistring av kvardagen.

Skulehelsetenesta kan halde kurs og delta på foreldremøte og kan i nokre tilfelle kome på heimegjesting.

Som skuleelev kan du fritt bruke skulehelsetenesta når du treng å snakke med ein vaksen om noko som er vanskeleg.

Helsesjokepleiar Margrethe er på Bykle barne og ungdomskule tysdagar kl. 09.00-15.00 og på Fjellgardane skule torsdagar kl. 08.30-12.00

#### Helsestasjon for ungdom (frå heimesida)

Helsestasjon for ungdom er for ungdom opp til 20 år, her kan du snakke om og få råd om

- Psykisk helse
- Å vokse opp i to kulturar
- Vanskelege forhold heime

- Graviditet, prevensjon og abort
- Seksuelle overførbare infeksjonar
- Spiseforstyrningar
- Alkohol, piller og narkotika
- Vald eller overgrep

Helsestasjonen er open på ettermiddagar, det er gratis og du treng ikkje bestille time. Alle som jobbar på helsestasjonen har teieplikt.

Dersom du ikkje tidlegare har fått barnevaksinasjonar, vil du få tilbod om vaksinerings gjennom helsestasjonen fram til du er 20 år.

Helsestasjonen for ungdom er open frå kl. 15.30 – 17.00 kvar tysdag på Hovdetun i 2. etg.

Ta kontakt med helsesøster på telefon 46958309, dersom du har spørsmål.

#### Digital helsestasjon for ungdom i Bykle kommune (frå heimesida)

Ordninga gjeld kvar måndag mellom klokka 15-16, og alle mellom 13-25 år kan bruke tilbodet.

- På det viset kan ein snakke med helsesjukepleiar der ein er, alt ein treng er internett og ein skjerm, seier helsesjukepleiar Margrethe Mosdøl.

Qr-kode er inngangsportal

Den som vil ha ein individuell e-konsultasjon kan scanne Qr-koden som er lagt med i билетet i denne saka eller trykke her. Då kjem ein inn og helsesjukepleiar gjev tilgang når det er din tur.

- Det er ein videokonsultasjon, ingen andre kan sjå eller høyre det som blir teke opp i konsultasjonen.

Helsesjukepleiar har teieplikt, forsikrar Mosdøl.

Så er det ikkje alle problemstillingar ein kan få svar på via e-konsultasjon. Ein grei start på ein god dialog med helsevesenet er det likevel. For den som vil fylgje med på oppdateringar er helsebykle på Snapchat staden å sjå.

- I tillegg er det råd å kome på drop in på Hovden helsestasjon måndagar mellom klokka 16-17, seier helsesjukepleiar Margrethe Mosdøl

[Digital helsestasjon for ungdom](#)

#### **2.15.2. PPT**

(frå heimesida)

PPT (Pedagogisk Psykologisk teneste) er eit frivillig og gratis interkommunalt samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle kommunar. Tilbodet er retta mot born, unge, foreldre og vaksne samt pedagogisk personale i barnehagar og skuler. Valle kommune er vertskommune.

Saman med andre skal PPT-tenesta gjennom system- og individeretta arbeid bidra til at born, ung og vaksne med særskilde behov får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmoglegheiter. Dersom du treng hjelp frå PPT-tenesta, kan du ta kontakt med barnehage/skule eller vende deg direkte til vårt kontor.

#### **2.15.3. Ressursteam (R-team)**

Kvar skule har eit eige Ressursteam. (sjå også pkt. 5.7)

Ressursteamet er ein møtearena for førebyggjande tiltak i skulen, på lågaste tverrfaglege nivå. Møta administrerast av rektor. Både elevar, føresette og skulen sjølv (lærarar med fleire) kan be om drøfting i teamet.

Teamet møtast månadleg.

Før saka drøftast i ressursteamet skal saka ha vore drøfta internt, kartlegging , foreløpig analyse, tiltak og evaluering være gjennomført.

I Ressursteamet legger kontaktlærer, elev, føresette fram sin bekymring og sitt behov for rettleiing. Skuleleiinga, spe. koordinator, PPT, helsesjukepleiar og «Psykisk helse og rus» drøftar så aktuelle tiltak som raskt kan setjast i verk på lågast nivå.

Ved å bidra til ei rikare og betre ordinær opplæring er det eit mål at fleire elvar, også dei med vanskar, skal kunne gjere seg nytte av det ordinære tilbodet.

Dersom desse tiltaka ikkje fører fram, settast saka opp på nytt og/eller ein vurderer meir omfattande tiltak som til dømes tilmelding til PPT, psykolog, nærværsteam (viss etablert), BUP, barnevern.

Det kan og i enkelte tilfelle etablerast ei eige tilpassa ansvarsgruppe for vidare innsats.

Saker på individnivå krevjar samtykke frå føresette.

Læraren forberede møte («Lærarens førebuing» - vil utviklast)

Det skal førast referat frå møte.

Tidsramma er ½ time pr. sak. Er elev eller føresette med anbefalast 45 minutt.

Ressursteam skal ikkje erstatta samarbeidsmøte eller ansvarsgruppemøte.

#### **2.15.4. Ansvarsgrupper**

Det kan opprettast ulike ansvarsgrupper

- Ansvarsgruppe, individuell opplæringsplan (IOP)
- Ansvarsgruppe, individuell plan (IP)
- Ansvarsgruppe (anna)

Samansetninga skal tilpassast den enkelte. R-team vil være god bidragsytar til val av samansetning for ansvarsgrupper basert på sakkyndig vurdering og IOP. Koordinerande eining vil bidra til samansetning av ansvarsgrupper basert på IP.

Det kan settast saman ansvarsgrupper på anna grunnlag. Ansvarsgruppa avtalar då målet for arbeidet og kven som ansvarleg.

#### **2.15.5. Fagteam**

(frå Tverrfagleg samhandlingsplan – noko justert)

Kommunen har eit fagteam for barn og unge frå 0-16 år. Fagteam er ein tverrfagleg drøftingsarena med mål om å finne gode løysingar og tiltak. Fagteamet tek i hovudsak opp saker på systemnivå.

Fagteam skal gjennomførast kvar andre månad.

Leiar for fagteamet: helsesjukepleiar i Bykle kommune.

Faste medlem i fagteamet:

- Helsesjukepleiar i helsestasjon- og skulehelsetenesta (leiar)
- Tenesteleiar i Bykle og Fjellgardane barnehagar
- Tenesteleiar v. Fjellgardane skule
- Tenesteleiar v. Bykle barne- og ungdomskule
- Sosialpedagogisk rådgjevar v. Bykle barne- og ungdomskule
- Rådgjevar i Pedagogisk psykologisk teneste for Setesdal
- Tenesteleiar i Setesdal barnevern
- Psykolog eller anna tilsett frå psykisk helse og rus

Det vurderast om og nav, lege, jordmor, kultur & fritid bør være ein del av dette teamet Og om det bør fungere som eit Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) team

Mål for arbeid i Fagteam

→ Løfte opp systemsaker; faglege utfordringar og tilbod til barn og unge (systemnivå)

(→ Bidra til at barn, unge og familiar får eit best mogleg tilbod)

(→ Vere ei fagleg støtte i saker)

Kvar faste deltakar er ansvarleg for å informera eiga eining om møte og tilbodet generelt.

### 2.15.6. Tverrfagleg team

(frå Tverrfagleg samhandlingsplan)

Kommunen har eit tverrfagleg team, som skal sikre informasjonsutveksling, informasjonsflyt og kompetanseheving.

Tverrfagleg team skal gjennomførast 2 gonger i året (haust og vår)

Koordinator for teamet: SLT koordinator

Medlemmer i tverrfagleg team:

|              |   |   |
|--------------|---|---|
| Øvste leiing | : | Ordførar og kommunedirektør   |
| Politisk     | : | Levekårsutvalsleiar og ungdomsrådet.  |
| Helse        | : | Helseleiar, kommuneoverlege, jordmor, helsesjukepleiar, pleie- og omsorgsleiar/koordinerande eining, LMT- Setesdal, Psykisk helse og rus inkl. kommunepsykolog  |
| Opplæring    | : | Bykle og Fjellgardane barnehagar, skule- og oppvekstansvarleg, Tenesteleiar Fjellgardane skule, tenesteleiar og sosialpedagogisk rådgjevar Bykle barne- og ungdomsskule, Pedagogisk psykologisk teneste, avdelingsleiar og rådgjevar Setesdal vgs avd. Hovden |
| Kultur       | : | Barne- og ungdomsarbeidar, tenesteleiar Kultur.   |
| Andre        | : | Folkehelsekoordinator, familiekoordinator, barnevern, Politi, flyktingkoordinator, NAV, SLT   |

Mål for arbeid i Tverrfagleg team:

- Informasjonsutveksling
  - dei ulike instansane seier litt om situasjonen blant barn og unge i kommunen sett frå sin ståstad. Vi deler relevant informasjon om barne- og ungdomsmiljøet, samt nye tiltak og føringar innan fagfelta for barn og unge.
- Informasjonsflyt
  - ein arena kor politikk, leiing og praksis møtast for oppdatering, kunnskapsdeling og kompetanseheving.
- Kompetanseheving
  - tema og ansvar for å halde temaforedraget blir avtalt på førehand.

### 3. Handlingsplan - aktivitetsplikta

#### 3.1. Opplæringslova § 9 A-4 Aktivitetsplikten

*Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

*Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.*

*Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.*

*Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå*

- a. kva problem tiltaka skal løyse*
- b. kva tiltak skolen har planlagt*
- c. når tiltaka skal gjennomførast*
- d. kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- e. når tiltaka skal evaluerast.*

*Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.*

#### 3.2. Plikten til å følgje med

Plikten til å følgje med er en individuell plikt for alle som arbeider på skulen.

Det innebærer en plikt for den enkelte til å være årvåken og aktivt observere korleis elevane agerar kvar for seg og seg imellom.

Følgje med plikten forutsett at det gjennomførast inspeksjon på skulens område, tilsyn i garderober og at det er låg terskel for å bry seg med kva elevane driv med.

Skulen har eit skjerpa ansvar for å ivareta elevar med særskilt sårbarhet. Slik sårbarhet kan være knytt til eksempelvis religion, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, adferdsvansker, sosioemosjonelle vanskar eller familie og heimesituasjon. At ein elev tidlegare har vært utsatt for krenkingar, kan også gjere ein elev særskilt sårbar.

Korleis følger vi med?

Med vakthald i friminutt og i gangane

Vere på vakt i undervisninga om der skjer uønska hendingar

Bruke assistentane i timar – dei ser meir av det som skjer enn den som er opptken med undervisning

Med å følgje med forstår vi...?

Bruke øyrer og auge når ein er i lag med elevane.

Legge merke til elevane sitt kroppspråk, kva dei seier og kva dei gjer  
Vere lyttande til det elevane seier

### 3.3. Plikten til å gripe inn

Plikten til å gripe inn for å stanse krenkelser, er en individuell plikt for alle som arbeider på skulen. Ofte vil det handle om umiddelbart å stanse negativ oppførsel, eksempelvis bryte opp ein slåsskamp eller stanse anna fysisk krenking, stanse ein utfrysingsssituasjon, eller stanse og irettesette elevar som krenkar andre verbalt.

Plikten er knytt til krenkelsar den ansatte sjølv er vitne til og som framleis pågår. Plikten begrenser seg til inngrep som er mulige å for den tilsette å gjennomføre både av hensyn til seg sjølv og til eleven.

Grensen for å gripe inn er at den tilsette sjølv ikkje må krenke eleven for å stanse situasjonen eller at det forutsetter en handling som er straffbar.

Tilsette skal ha riktig og nødvendig kompetanse

Når grip vi inn?

Når ein ser eller høyrer noko som ikkje verkar greitt

Når ein elev, foreldre eller andre seier ifrå om noko som er ugreit

Korleis gripe inn?

|  | 2022              | 2021              |
|--|-------------------|-------------------|
| <b>Pensjonskostnad og premieavvik</b>                                      |                   |                   |
| Årets pensjonsopptjening, nåverdi  | 1 434 860         | 1 481 932         |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse                                | 474 335           | 493 637           |
| Forventet avkastning på pensjonsmidlene                                    | -264 802          | -308 360          |
| Administrasjonskostnad   | 49 875            | 50 005            |
| <b>A Beregnet netto pensjonskostnad (eks. adm.)</b>                        | <b>1 694 268</b>  | <b>1 717 214</b>  |
| B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm. kostnader)                            | 1 604 589         | 1 660 131         |
| <b>C Årets premieavvik (B-A)</b>   | <b>-89 679</b>    | <b>-57 083</b>    |
| <b>Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsregnskapet</b>                | <b>2022</b>       | <b>2021</b>       |
| B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm. kostnader)                            | 1 604 589         | 1 660 131         |
| C Årets premieavvik  | 89 679            | 57 083            |
| D Amortisering av tidligere års premieavvik                                | -57 083           | 71 215            |
| <b>E Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)</b> | <b>1 637 185</b>  | <b>1 788 429</b>  |
| F Pensjonstrekk ansatte  | 322 306           | 345 371           |
| <b>Årets regnskapsførte pensjonsutgift (E-F)</b>                           | <b>1 314 879</b>  | <b>1 443 058</b>  |
| <b>Akkumulert premieavvik</b>  | <b>2022</b>       | <b>2021</b>       |
| Sum gjenstående premieavvik tidligere år (pr. 01.01)                       | -57 084           | 71 214            |
| Årets premieavvik  | -89 679           | -57 083           |
| Sum amortisert premieavvik dette året                                      | 57 083            | -71 215           |
| <b>Akkumulert premieavvik pr. 31.12</b>                                    | <b>-89 680</b>    | <b>-57 084</b>    |
| Arbeidsgiveravgift av akkumulert premieavvik                               | -9 506            | -6 050            |
| <b>Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift</b>                       | <b>-99 186</b>    | <b>-63 134</b>    |
| <b>Spesifikasjon av brutto pensjonsforpliktelse UB - estimat</b>           | <b>2022</b>       | <b>2021</b>       |
| Brutto pensjonsforpliktelser IB 1.1 - estimat                              | 18 430 153        | 24 294 645        |
| Planendring forpliktelse IB 1.1  |                   |                   |
| Estimatavvik forpliktelse IB 1.1   | -2 618 992        | -7 840 061        |
| Årets opptjening   | 1 434 860         | 1 481 932         |
| Rentekostnad   | 474 335           | 493 637           |
| Utbetalinger   |                   |                   |
| <b>Brutto pensjonsforpliktelser UB 31.12</b>                               | <b>17 720 356</b> | <b>18 430 153</b> |
| <b>Spesifikasjon av brutto pensjonsmidler UB - estimat</b>                 | <b>2022</b>       | <b>2021</b>       |
| Brutto pensjonsmidler IB 1.1 - estimat                                     | 11 392 085        | 21 065 420        |
| Estimatavvik forpliktelse IB 1.1   | -3 342 716        | -11 591 821       |
| Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)                                     | 1 604 589         | 1 660 131         |
| Administrasjonskostnad/Rentegaranti  | -49 875           | -50 005           |
| Utbetalinger   | 0                 | 0                 |
| Forventet avkastning   | 264 802           | 308 360           |
| <b>Brutto pensjonsmidler UB 31.12</b>                                      | <b>9 868 885</b>  | <b>11 392 085</b> |
| <b>Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12</b>                               | <b>8 683 727</b>  | <b>7 784 103</b>  |
| Herav:   |                   |                   |
| Brutto pensjonsforpliktelse  | 17 720 356        | 18 430 153        |
| Pensjonsmidler   | 9 868 885         | 11 392 085        |
| Arbeidsgiveravgift av netto pensjonsforpliktelse                           | 832 256           | 746 035           |



## Bykle kommune

### Note 10 - Bundne fond

| Bundne fond - formål                  | 2021               | Avsetninger       | Bruk av fond      | 2022               |
|---------------------------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--------------------|
| <i><b>Bundne driftsfond</b></i>       |                    |                   |                   |                    |
| Selvkostfond                          | 12 720 186         | 2 533 767         | 187 795           | 15 066 158         |
| Øremerket statstilskudd - spesifiser  | 1 672 687          | 1 871 153         | 955 000           | 2 588 840          |
| Næringsfond/kraftfond                 | 79 080 136         | 43 707 588        | 21 538 834        | 101 248 890        |
| Gavefond                              | 114 350            |                   | 64 180            | 50 170             |
| .....                                 | 16 586 098         | 2 000 000         | 763 643           | 17 822 456         |
| Øvrige bundne driftsfond              |                    |                   |                   | 0                  |
| <b>Sum</b>                            | <b>110 173 457</b> | <b>50 112 508</b> | <b>23 509 452</b> | <b>136 776 514</b> |
| <i><b>Bundne investeringsfond</b></i> |                    |                   |                   |                    |
| Øremerket statstilskudd - spesifiser  |                    |                   |                   | 0                  |
| Gavefond                              |                    |                   |                   | 0                  |
| Avdragsfond husbankmidler             |                    |                   |                   | 0                  |
| .....                                 |                    |                   |                   | 0                  |
| Øvrige bundne investeringsfond        |                    |                   |                   | 0                  |
| <b>Sum</b>                            | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>0</b>           |

## Bykle kommune

### Note 11 - Selvkostområder

2022

| Selvkostkalkyle  | Vann              | Avløp             | Renovasjon        | Slam-<br>tømming | Feiing           |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|------------------|
| A. Direkte driftskostnader   | 3 792 806         | 7 859 558         | 6 033 635         | 223 366          | 1 217 506        |
| B. Henførbare indirekte driftskostnader  | 210 936           | 242 384           | 100 507           | 1 117            | 60 338           |
| C. Kalkulatoriske rentekostnader   | 3 734 695         | 3 371 679         | 229 993           |                  |                  |
| D. Kalkulatoriske avskrivinger   | 3 175 864         | 5 994 508         | 206 349           |                  |                  |
| E. Andre inntekter og kostnader  | 9 469             | 11 799            | 5 025             | 56               | 3 017            |
| <b>F. Gebyrgrunnlag (A+B+C+D+E)</b>  | <b>10 923 770</b> | <b>17 479 928</b> | <b>6 575 509</b>  | <b>224 539</b>   | <b>1 280 861</b> |
| <b>G. Gebyrinntekter</b>   | <b>12 959 332</b> | <b>17 511 333</b> | <b>6 634 524</b>  | <b>26 714</b>    | <b>1 146 322</b> |
| <b>H. Årets selvkostresultat (G-F)</b>   | <b>2 035 562</b>  | <b>31 405</b>     | <b>59 015</b>     | <b>-197 825</b>  | <b>-134 539</b>  |
| Årets dekningsgrad   | 118,63 %          | 100,18 %          | 100,90 %          | 11,90 %          | 89,50 %          |
| Vedtatt dekningsgrad   |                   |                   | 100,00 %          | 100,00 %         |                  |
| I. Avsetning til selvkostfond og dekning av fremført underskudd  | 2 035 562         | 31 405            | 59 015            | 0                | 0                |
| J. Bruk av selvkostfond og fremføring av underskudd  | 0                 | 0                 | 0                 | 197 825          | 134 539          |
| <b>K. Kontrollsum (subsidierring) (H-I+J)</b>  | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>0</b>         | <b>0</b>         |
| L. Saldo selvkostfond (+) og fremføring av underskudd (-) per 1.1 i rapporteringsåret                      | 4 374 396         | 7 793 163         | -2 020 307        | 546 817          | 5 807            |
| M. Alternativkostnad ved bundet kapital på selvkostfond eller fremføring av underskudd                     | 190 672           | 276 128           | -70 396           | 15 838           | -2 173           |
| <b>N. Saldo selvkostfond (+) og fremføring av underskudd (-) (per 31.12 i rapporteringsåret (L+M+I+J))</b> | <b>6 600 630</b>  | <b>8 100 696</b>  | <b>-2 031 688</b> | <b>364 830</b>   | <b>-130 905</b>  |

## Bykle kommune

### Note 11 - Selvkostområder

| Selvkostkalkyle  | 2022                    |                                   |                      |   |          |
|--|-------------------------|-----------------------------------|----------------------|---|----------|
|  | Reg-ulerings-<br>planer | Bygge- og<br>eierseksj.-<br>saker | Kart og<br>oppmåling | Utslipps-<br>tillatelser og<br>kontroll |          |
| A. Direkte driftskostnader   | 3 246 417               | 2 738 764                         | 3 866 651            |   |          |
| B. Henførbare indirekte driftskostnader  |                         | 14 998                            |                      |   |          |
| C. Kalkulatoriske rentekostnader   |                         |                                   |                      |   |          |
| D. Kalkulatoriske avskrivinger   |                         |                                   |                      |   |          |
| E. Andre inntekter og kostnader  | -789 576                |                                   | -1 026 923           |   |          |
| <b>F. Gebyrgrunnlag (A+B+C+D+E)</b>  | <b>2 456 841</b>        | <b>2 753 762</b>                  | <b>2 839 728</b>     | <b>0</b>                                | <b>0</b> |
| <b>G. Gebyrinntekter</b>   | <b>720 000</b>          | <b>1 684 964</b>                  | <b>1 985 904</b>     |   |          |
| <b>H. Årets selvkostresultat (G-F)</b>   | <b>-1 736 841</b>       | <b>-1 068 798</b>                 | <b>-853 824</b>      | <b>0</b>                                | <b>0</b> |
| Årets dekningsgrad   | 29,31 %                 | 61,19 %                           | 69,93 %              | #DIV/0!                                 | #DIV/0!  |
| Vedtatt dekningsgrad   |                         |                                   |                      |   |          |
| I. Avsetning til selvkostfond og dekning<br>av fremført underskudd   | 0                       | 0                                 | 0                    | 0                                       | 0        |
| J. Bruk av selvkostfond og fremføring av<br>underskudd   | 0                       | 0                                 | 0                    | 0                                       | 0        |
| <b>K. Kontrollsum (subsidierring)<br/>(H-I+J)</b>  | <b>-1 736 841</b>       | <b>-1 068 798</b>                 | <b>-853 824</b>      | <b>0</b>                                | <b>0</b> |
| L. Saldo selvkostfond (+) og fremføring<br>av underskudd (-) per 1.1 i<br>rapporteringsåret                        |                         |                                   |                      |   |          |
| M. Alternativkostnad ved bundet kapital<br>på selvkostfond eller fremføring av<br>underskudd                       |                         |                                   |                      |   |          |
| <b>N. Saldo selvkostfond (+) og<br/>fremføring av underskudd (-) (per<br/>31.12 i rapporteringsåret (L+M+I+J))</b> | <b>0</b>                | <b>0</b>                          | <b>0</b>             | <b>0</b>                                | <b>0</b> |

## Bykle kommune

### Note 11 - Selvkostområder

#### Utvikling i selvkostresultat

|                                | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) |
|--------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Utviklingen i selvkostresultat | 2022                          | 2021                          | 2020                          | 2019                          | 2018                          |
| Vann                           | 2 035 562                     | 4 395 020                     | 3 078 033                     | 1 326 276                     | 24 391                        |
| Avløp                          | 31 405                        | 2 617 500                     | 6 943 730                     | 6 289 420                     | 5 303 537                     |
| Renovasjon                     | 59 015                        | -481 874                      | -586 573                      | -1 336 049                    | -332 112                      |
| Slamtømming                    | -197 825                      | 53 476                        | 57 199                        | 200 819                       | 35 495                        |
| Feiing                         | -134 539                      | -178 699                      | -23 711                       | 63 405                        | 81 995                        |

#### Utviklingen i fond (+) og underskudd til fremføring (-)

|   | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) |
|---|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|
| Utgående balanse i fond (+) og<br>underskudd til fremføring (-) | 2022                         | 2021                         | 2020                         | 2019                         | 2018                         |
| Vann  | 6 600 630                    | 4 374 395                    | -62 387                      | -3 118 466                   | -4 359 721                   |
| Avløp   | 8 100 696                    | 7 793 164                    | 5 051 264                    | -1 914 119                   | -8 089 802                   |
| Renovasjon  | -2 031 688                   | -2 020 307                   | -1 504 296                   | -901 121                     | -445 175                     |
| Slamtømming   | 364 830                      | 546 819                      | 480 344                      | 416 963                      | 209 027                      |
| Feiing  | -130 905                     | 5 808                        | 185 702                      | 207 875                      | 14 051                       |

## Bykle kommune

### Note 11 - Selvkostområder

#### Utvikling i selvkostresultat

|                                 | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) | Over- (+) /<br>underskudd (-) |
|---------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Utviklingen i selvkostresultat  | 2022                          | 2021                          | 2020                          | 2019                          | 2018                          |
| Reg-ulerings-planer             | -1 736 841                    | -2 043 932                    | -2 308 275                    | -3 924 337                    |                               |
| Bygge- og eierseksj.- saker     | -1 068 798                    | -861 566                      | -1 190 358                    | -1 669 353                    |                               |
| Kart og oppmåling               | -853 824                      | -1 938 391                    | -1 837 878                    | -1 064 370                    |                               |
| Utslipps-tillatelse og kontroll | 0                             |                               |                               |                               |                               |
| 0                               | 0                             |                               |                               |                               |                               |

#### Utviklingen i fond (+) og underskudd til fremføring (-)

|   | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) | Positiv (+) /<br>negativ (-) |
|---|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|
| Utgående balanse i fond (+) og<br>underskudd til fremføring (-) | 2022                         | 2021                         | 2020                         | 2019                         | 2018                         |
| Reg-ulerings-planer   | 0                            | 0                            |                              |                              |                              |
| Bygge- og eierseksj.- saker                                     | 0                            | 0                            |                              |                              |                              |
| Kart og oppmåling   | 0                            | 0                            |                              |                              |                              |
| Utslipps-tillatelse og kontroll                                 | 0                            | 0                            |                              |                              |                              |
| 0   | 0                            | 0                            |                              |                              |                              |

## Bykle kommune

### Note 12 - Ytelser til ledende personer og revisor

| Tekst   | 2022                                | 2021                                     |
|---|-------------------------------------|--|
| Lønn kommunedirektør:<br>- samlet lønn og annen fast godtgjørelse samt eventuelle bonusutbetalinger<br>- godtgjørelse fra andre verv i kommunen<br>- vesentlig tilleggsgodtgjørelse for tjenester utenfor normal funksjon<br>- betalt eller skyldig vederlag i forbindelse med avslutning av ansettelsesforhold eller verv.<br>- beregnet verdi av totale fordeler i annet enn kontanter som anses som godtgjørelse (naturalytelser)  | 1 250 381<br><br><br><br><br>18 245 | 1 103 712<br>4 500<br><br><br><br>38 844 |
| Sum lønn kommunedirektør  | 1 268 626                           | 1 147 056                                |
| Godtgjørelse ordfører:<br>- samlet lønn og annen fast godtgjørelse samt eventuelle bonusutbetalinger<br>- godtgjørelse fra andre verv i kommunen<br>- vesentlig tilleggsgodtgjørelse for tjenester utenfor normal funksjon<br>- betalt eller skyldig vederlag i forbindelse med avslutning av ansettelsesforhold eller verv.<br>- beregnet verdi av totale fordeler i annet enn kontanter som anses som godtgjørelse (naturalytelser) | 1 136 901<br><br><br><br><br>9 361  | 1 033 000<br><br><br><br><br>8 084       |
| Sum godtgjørelse til ordfører   | 1 146 262                           | 1 041 084                                |
| Godtgjøring revisor:<br>- revisjonstjenester<br>- rådgivning  | 691 900<br>293 600                  | 675 000<br>998 000                       |
| Sum godtgjørelse til revisor  | 985 500                             | 1 673 000                                |

## Bykle kommune

### Note 13 - Usikre forpliktelser, betingede eiendeler og hendelser etter balansedagen

#### Usikre forpliktelser

#### Følgende usikre forpliktelser er regnskapsført:

| Forpliktelsens art       | Antatt oppgjørstidspunkt | Balansført forpliktelse | Endring i året |
|--------------------------|--------------------------|-------------------------|----------------|
|                          |                          |                         |                |
| Sum usikre forpliktelser |                          | 0                       | 0              |

#### Følgende usikre forpliktelser er ikke regnskapsført:

Setesdal Miljø og gjenvinnings andel av Returkraft AS sitt negative selvkostfond var per 31.12.22 på kr 613 Per 31.12.21 var tilsvarende andel 1,668 mill,

Beregnet etter levert andel tonn avfall i 2016 for setesdalskommunene er andel fordelt som følger

|                 | Tonn | %andel | selvkost pr 31.12.21 | Pr 31.12.22 |
|-----------------|------|--------|----------------------|-------------|
| Bykle           | 655  | 23,33  | 389 252              | 143 154     |
| Valle           | 422  | 15,03  | 250 769              | 92 225      |
| Bygland         | 374  | 13,32  | 222 239              | 81 732      |
| Evje og Hornnes | 1170 | 41,68  | 695 415              | 255 750     |
| Iveland         | 186  | 6,63   | 110 787              | 40 744      |
|                 | 2807 | 100    | 1 668 462            | 613 605     |

Returkraft AS har selvkostfond for husholdningsdelen av forbrenningsanlegget, og som følge av negativt selvkostfond opprettholder selskapet en høyere pris per levering av husholdningsavfall over en lengere periode enn tidligere skissert, inntil det negative selvkostfondet er borte. Dette medfører at SMG IKF mottar faktura fra returkraft AS i samme størrelsesorden som nå, men over en lengre periode enn tidligere antatt. Dette vil påvirke kommunene gjennom høyere faktura fra SMG IKS.

Det betyr at ingenting bokføres per nå, men kommunens andel av negativt selvkostfond i Returkraft AS er angitt her.

Ikke utbetalt lønn til gode etter lærernes lønnsoppgjør Ikke bokført som krav, anslag kr 75 000

#### **Betingede eiendeler**

## Bykle kommune

### Note 14 - Spesifikasjon av vesentlige poster og transaksjoner

Utbyggingsavtaler- avsatt til fond til bruk til  
rundkjøring og infrastrukturtiltak løyper

16 720 495







## Bykle kommune

### Note 18 - Interkommunalt samarbeid kommuneloven kap 18 og 19 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kapittel 20

|  | Helsesamarbeidet<br>Bykle og Valle | Sam-<br>arbeidets<br>navn | Sam-<br>arbeidets<br>navn | Sam-<br>arbeidets<br>navn |
|--|------------------------------------|---------------------------|---------------------------|---------------------------|
| Overføring fra Bykle kommune (kontorkommunen)      | 14 707 071                         |                           |                           |                           |
| Overføring fra Valle kommune                       | 14 732 668                         |                           |                           |                           |
| Sum overføringer fra deltakerkommunene             | 29 439 739                         | 0                         | 0                         | 0                         |
| Overføring til A kommune (kontorkommunen)          |                                    |                           |                           |                           |
| Overføring til B kommune                           |                                    |                           |                           |                           |
| Sum overføringer til deltakerkommunene             | 0                                  | 0                         | 0                         | 0                         |
| <b>Resultat av overføringer til/fra deltakerne</b> | <b>29 439 739</b>                  | <b>0</b>                  | <b>0</b>                  | <b>0</b>                  |
| Samarbeidets egne inntekter                        |                                    |                           |                           |                           |
| Salgsinntekter                                     | 2 565 750                          |                           |                           |                           |
| Refusjoner   | 5 512 540                          |                           |                           |                           |
| Overføringer                                       | 1 907 153                          |                           |                           |                           |
| Avskrivinger                                       | 221 993                            |                           |                           |                           |
| Sum samarbeidets egen inntekter                    | 10 207 436                         | 0                         | 0                         | 0                         |
| Samarbeidets driftsutgifter                        |                                    |                           |                           |                           |
| Lønn inkl. sosiale utgifter                        | 33 844 483                         |                           |                           |                           |
| Kjøp av varer og tjenester                         | 3 680 346                          |                           |                           |                           |
| Avsatt felles fond                                 | 1 871 153                          |                           |                           |                           |
| rente og finanskostnad                             | 29 260                             |                           |                           |                           |
| Avskrivinger                                       | 221 933                            |                           |                           |                           |
| Sum samarbeidets driftsutgifter                    | 39 647 175                         | 0                         | 0                         | 0                         |
| <b>Resultat av virksomheten</b>                    | <b>0</b>                           | <b>0</b>                  | <b>0</b>                  | <b>0</b>                  |
| Disponering av årets resultat:                     |                                    |                           |                           |                           |
| Tilbakeført deltaker kommunene                     |                                    |                           |                           |                           |
| Overført til neste driftsår                        |                                    |                           |                           |                           |
| Udekket underskudd                                 |                                    |                           |                           |                           |

Fondsmidler Styrking legevakt kr 1500 000  
og styrking helsestasjon kr 371 153



# Årsmelding 2022 for Bykle kommune



## **Føreord**

Kommunedirektøren i Bykle legg med dette fram årsmelding for 2022. Bykle kommune har eit aktivt, men også krevjande år bak seg. Det er sett i gang svært mange gode, positive og framtidsretta tiltak innan alt frå skulesektoren til kommunikasjon – tiltak ein arbeider dagstøtt med, og som ein alt ser lovande resultat av.

Mykje har vore annleis i 2022, og noko kunne heilt sikkert ha vore *gjort* annleis for å handtere utfordringane. Kommunen, som organisasjon, har hausta mange erfaringar som legg føringar for korleis ein skal jobbe framover. Sjølv om her og no-situasjonen krev mykje, er det viktig å ikkje misse fokus i det langsiktige arbeidet for ei positiv samfunnsutvikling. Så kan det skje feil. Det er faktisk ikkje til å unngå. Det Bykle kommune fokuserer på, er evna til å lære av dei feil som måtte oppstå. Å gjere feil er menneskeleg – å unngå å gjere feila om att er målet. Open dialog, trygge rammer og tillit mellom aktørane er avgjerande for at ein skal kome vidare.

### **Tenesteutvikling:**

Bykle kommune har fokus på kvalitet i tenestene. Rekruttering og kompetanseutvikling er sentralt for å møte både lovkrav og utfordringar som treff småkommunar på lik line med større organisasjonar. Kommunen er godt i gang med arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi. Kva slag arbeidsgjevar skal Bykle kommune vere? Korleis rekruttere arbeidskraft, og korleis behalde arbeidskraft over tid? Kva med utflutt ungdom – kan ein få dei heim att?

Arbeidsgjevarstrategien blir eit viktig verktøy i den samanhengen. Arbeidsgruppa som er sett ned og i full sving skal også sikre brukarmedverknad frå tilsette og tillitsmannsapparatet.

Som liten kommune opplever ein svingingar med omsyn til kortare og lengre vakansar. Rekruttering og stabil bemanning i basistjenester er viktig for å vere robuste og for å dekke stadig aukande krav til kompetanse, tenesteutvikling og forventningar frå innbyggjarar og gjester

Gode og tilgjengelege digitale tenester styrker dialogen med innbyggjarane og næringslivet – og ikkje minst kommunen. Det gjer kvardagen enklare og gjev gode lokalsamfunn. Digitale tenester er viktige i dag og det er avgjerande for kommunen å satse digitalt for å bli endå betre i framtida. I 2022 har det blitt jobba målretta for å auke omfanget av, og kvaliteten på dei digitale tenestene. Arbeidet har vore leia av interne ressursar og ein har i første omgang fokusert på plansektoren. I det digitale aspektet skal Bykle kommune vere i forkant! Det skal vere enkelt og lettfattelig å kommunisere digitalt øvst i Setesdal! Så er ikkje digitale løysingar nøkkelen til alt – men som eit framtidsretta grep satsar Bykle kommune vidare med fleire løysingar som skal gje brukarane ein enklare kvardag. Arbeidet vert ført vidare i 2023. Arbeidet med internkontroll er pågåande og eit prioritert område. I tillegg er det auka ressursar mellom anna innan skulesektoren – eit fagfelt som troner på toppen av kommunens prioriteringsliste. Ingenting er viktigare enn å sikre at born og unge har og finn sin plass i Bykle kommune!

### **Investeringar for framtida:**

Bykle kommune har ein unik posisjon i Agder som den største vinterdestinasjonen. Det er stor vekst i hytter og større utbyggingar. Vi er i starten av ein ny epoke der vi vil investere tungt i opprusting og utbygging av infrastruktur og anlegg for å kunne møte behov og utløyse ynskja

utbyggingsaktivitet. Så blir det satsa vidare frå næringslivet med tanke på å gjere Hovden til ein heilårsdestinasjon. Bykle kommune skal vere med og legge til rette for dette. Gjennom heile den såkalla straumakrisa, og påfølgjande «dyrtid», har Bykle kommune støtta opp om lokalt næringsliv med solid straumstøtte. Det har kommunen gjort i trygg vissheit om at det lokale næringslivet er avgjerande også for Bykle kommune. Resultatet er eit næringsliv som har klart seg gjennom krisetidene, og som har eit grunnlag for vidare drift og satsing også i åra som kjem.

### **Samhandling og samarbeid:**

I tillegg til å rekruttere og sikre god kompetanse i eigne tenester, er det òg fleire interkommunale samarbeid som er viktige for å kunne yte gode og trygge tenester til innbyggjarane og gjestene i Bykle kommune. Bykle kommune har over tid hatt særskilt god samhandling med regionale styresmakter, og ser tydinga av å følgje det regionale partnerskapet gjennom Regionplan Agder 2030.

Covid 19 viste korleis samhandling og samarbeid mellom kommunar og organisasjonar, er avgjerande for å løyse krevjande og kritiske oppgåver. Den lærdomen tar Bykle kommune med seg vidare. Pandemien er kanskje over, eller har i alle fall gått over i ein ny og mindre dramatisk fase, men behovet for samarbeid mellom kommunar og organisasjonar går aldri over. Bykle kommune vil vere ein spydspiss i vidare utvikling av samarbeid, og ynskjer å legge til rette slik at alle partnerar styrkar seg.

### **Næring og utvikling**

Bykle kommune har auka kapasiteten i næringsapparatet for å legge til rette for etablering og utvikling. Det er ei satsing ein ynskjer å halde fram. Bare i samspel med lokalt næringsliv, fastbuande og tilreisande kan kommunen fullt ut nytte potensialet som tilretteleggjar og positiv aktør. Det er kommunen sitt ynskje. Næringslivet måtte slite under pandemien, og som vist til tidlegare kom både straumkrise og «dyrtid». Bykle kommune har vore og er med på å leggje til rette for trygge rammer og vidare utvikling av det lokale næringslivet.

Bykle kommune eig fleire aksjeselskap med utviklings- og driftsføremål. I løpet av 2020 vart dei samla i eit konsern for å få ein meir målretta styring og utvikling av verksemdene. Dette har gjeve lovande resultat – men arbeidet med vidare konsolidering av kreftene held fram.

I 2022 vart det arbeidd fram ny næringspolitisk plan. Planen skal ut på høyring i 2023. Som del av ei offensiv satsing på samspelet mellom kommunen og det lokale næringslivet blir planen eit viktig verktøy til nye, framtidretta grep.

### **Arbeid og inkludering**

Det er ei høgt prioritert oppgåve i Bykle kommune å arbeide for arbeid og integrering, og motarbeide utanforskap. Eit grep som er jobba fram i 2022 med endeleg vedtak i 2023 er etablering av vaskeri i Bykle i samarbeid med Agder fylkeskommune og Setpro AS. Vaskeriet får fem VTA-plassar, varig tilrettelagte arbeidsplassar, og er eit offensivt grep på vegen fram mot målet: «Alle skal med»! Dette, og fleire tiltak som er under utvikling, skal vere med på å sikre at alle i Bykle kommune som kan og ynskjer det, skal få ta del i det lokale arbeidslivet, og vere integrerte i lokalsamfunnet på ein god måte.

### **Kommunikasjon**

Bykle kommune satsar tungt på kommunikasjon. Det vart i 2022 tilsett kommunikasjonsansvarleg i full stilling med ansvar for informasjonsarbeid internt og eksternt, opp mot presse og ut til eigne innbyggjarar. Arbeidet gjev målbare resultat. Trafikk på heimesider og sosiale medier aukar dagstøtt, det blir stadig fleire positive oppslag frå Bykle kommune i pressa – alt dette er med på å auke det gode omdømet til kommunen. Bykle kommune var tidleg i 2023, etter oppstart av prosjektet i 2022, også først i Setesdal med å ta i bruk informasjonsappen Civis – noko som ytterlegare er med på å spreie informasjon frå kommunen. Bykle kommune ynskjer å vere ein moderne og open kommune, med offensiv haldning til meiroffentlegheit. Dit er me på veg! Stadig fleire får augene opp for alt det gode kommunen faktisk driv med i det daglege.

### **Takk for innsatsen!**

Kommunedirektøren nyttar høvet til å takke alle tilsette for den gode innsatsen i 2022. Visst byr også 2023 på utfordringar, men dei siste åra me har lagt bak oss viser at me står sterkare saman. Det kan ein dra lærdom av. Jo fleire som arbeider for kommunens beste – jo betre grunnlag for vidare positiv utvikling i Bykle kommune. Det kjem både fastbuande og tilreisande til gode!

Karina Sloth



Kommunedirektør

## Kommunedirektøren sitt framlegg til årsmelding 2022

|   |    |
|---|----|
| Pliktig årsberetning .....  | 6  |
| Organisering .....  | 6  |
| Politisk organisering .....                                       | 6  |
| Likestilling .....  | 7  |
| Personale, HMS .....  | 8  |
| Styring, kontroll og etisk standard .....                         | 9  |
| Rekruttering .....  | 9  |
| Lønsoppgjeret 2022.....   | 10 |
| Sjukefråvær .....   | 10 |
| Verne- og miljøarbeidet .....                                     | 10 |
| Tillitsvalde.....   | 10 |
| Administrativ organisering: .....                                 | 11 |
| Økonomi .....   | 12 |
| Generelt.....   | 12 |
| Driftsresultat for Bykle kommune .....                            | 15 |
| Finansielle måltal.....   | 15 |
| Fordeling inntekter og utgifter .....                             | 16 |
| Resultat per eining, Driftsrekneskap .....                        | 18 |
| Driftsrekneskap, oversikt 2019-2022 .....                         | 18 |
| Næringsfondet.....  | 19 |
| Økonomisk analyse.....  | 19 |
| Arbeidskapital.....   | 20 |
| Nøkkeltal frå rekneskapen .....                                   | 20 |
| Skattedekningsgrad .....  | 20 |
| Resultatgrad.....   | 20 |
| Rente- og avdragstyngd.....                                       | 21 |
| Driftsrekneskap-Budsjett.....                                     | 22 |
| Investeringsrekneskapen – Budsjett .....                          | 25 |
| Resultat 2022.....  | 28 |
| Bruk av fond .....  | 30 |
| Avsetning til fond .....  | 31 |
| Annen informasjon .....   | 32 |
| Årsmelding frå stab og tenesteeiningar .....                      | 32 |
| Eining 10* Sentraladministrasjonen/ Kommunedirektørens stab ..... | 32 |
| Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta .....                          | 41 |
| Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle .....                    | 44 |
| Eining 130 Teknisk drift og eigedom .....                         | 47 |
| Eining 150 Kultur og fritid.....                                  | 51 |
| Eining 160 Bykle barne- og ungdomsskule.....                      | 55 |
| Eining 170 Barnehage.....   | 59 |
| Eining 180 Fjellgardane skule .....                               | 62 |

## Pliktig årsberetning Organisering

### Politisk organisering



#### Kommunestyret, mandatfordeling ved val i 2019:

|                      | M | K | Sum |
|----------------------|---|---|-----|
| Arbeiderpartiet      | 3 | 1 | 4   |
| Senterpartiet        | 1 | 2 | 3   |
| Kristeleg Folkeparti | 1 | 0 | 1   |
| Høgre                | 2 | 1 | 3   |
| Venstre              | 0 | 2 | 2   |

Ordfører: Jon Rolf Næss, AP

Varaordfører: Tone Lise Avdal, V


Leiar planutval: Hans Blattmann, AP

Leiar leverkårsutval: Thor Bernhard Sagland, KRF

Leiar kontrollutvalet: Olav Mandt, H

| Saker                          | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--------------------------------|------|------|------|------|
| Delegerte vedtak: - Byggesak   | 516  | 609  | 540  | 453  |
| Politiske saker: - Planutvalet | 166  | 223  | 252  | 219  |
| - Formannskap                  | 144  | 114  | 144  | 127  |
| - Kommunestyret                | 250  | 174  | 132  | 155  |
| - Levekårsutvalet              |      | 15   | 39   | 36   |

Kommunen skal ha fokus på god tenesteproduksjon til brukarane våre og aktiv tilrettelegging for næringsutvikling. Brukarane er i første rekkje innbyggjarane i kommunen, men ”fritidsinnbyggjarane” er også brukarar av kommunale tenester.



Bykle kommune har i 2022 ein auke i innbyggertal på 60 personar, Per 1.1.2022 var det 935innbyggjarar i kommunen, per 31.12. 2022 var vi 995 personar, 517 menn og 478 kvinner. Her er vist folketal,etter alder. Tal frå SSB.

### Likestilling.

Etter kommunelovas § 14-7 om årsberetning skal ein gjere greie for status når det gjeld kjønnslikestilling, likestillingstiltak som er sett i gang og tiltak som ein planlegg å starte opp.

Levekårsutvalet er Bykle kommune sitt politiske likestillingsutval som skal fremje likestilling, mangfald og inkludering, og hindre diskriminering. Som arbeidsgjevar har Bykle kommune plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Bykle kommune har gjennom personalpolitisk plattform felt ned syn på og tiltak for å hindre diskriminering og for å fremje likestilling. Bykle kommune har sett i gang eit arbeid med ny overordna arbeidsgjevarpolitikk, og vil i samband med dette sjå vidare på om vi treng nye og endra tiltak for å hindre diskriminering og for å fremje likestilling.

Likestillingsbarometer Bykle kommune, kvinneandel per 31.12.22:

| År                    | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   | 2021   | 2022  |
|-----------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|-------|
| Kommunestyret         | 30,8%  | 30,8%  | 30,8%  | 45,15% | 45,15% | 45,15% | 38,5% |
| Ordfører/varaordfører | 0%     | 0%     | 0%     | 50%    | 50%    | 50%    | 50%   |
| Tilsette              | 68,62% | 70,79% | 70,80% | 74,27% | 69,23% | 72,72% | 71,1% |

Andelen kvinnelege leiarar var per 31.12.22 på 75 % (inkl. kommunedirektør)

## Personale, HMS

Pr 31.12.22 var det 173 fast tilsette fordelt på 163,86 årsverk i Bykle kommune, 123 kvinner med 115,21 årsverk og 50 menn med 48,65 årsverk. I tillegg er det 2 Lis1 leger, 3 lærlingar, midlertidige på spesialpedagogiske tiltak og vakante stillingar som til saman utgjør 181,86 årsverk.

Fordeling kvinner og menn, personar:

| Alder      | Kvinner     |         | Menn       |         |
|------------|-------------|---------|------------|---------|
|            | Antal (123) | Årsverk | Antal (39) | Årsverk |
| 60 - 69    | 10          | 9,50    | 5          | 5       |
| 50 - 59    | 47          | 44,27   | 22         | 22      |
| 40 - 49    | 35          | 32,95   | 12         | 11,5    |
| 30 - 39    | 27          | 25,84   | 6          | 5,15    |
| 20 - 29    | 4           | 2,65    | 5          | 5       |
| <b>Sum</b> | 123         | 115,21  | 50         | 48,65   |

Hovuddelen av arbeidsstyrken er mellom 50 og 59 år. I løpet av året har det vore arbeidstakarar som har gått av med pensjon, har uløna permisjon grunna sjukdom, har andre permisjonar, eller har slutta i kommunen. Vi ser at det byrjer å bli vanskeleg å rekruttere rett kompetanse til enkelte stillingar. Det er brukt mykje tid og ressursar på rekruttering.

Når det gjeld likestilling, har vi få menn i dei kvinnedominerte yrkene og få kvinner i dei mannsdominerte. Vi ser også at det er få menn som søker seg til leiarstilling. Det er ynskjeleg å få ei jamnare fordeling mellom kjønn.

Lønsmessig ligg kvinner og menn ganske jamt i samanlikna yrkesgrupper. I yrkesgrupper der vi konkurrerer med private aktørar er løn eit verkemiddel ein har brukt for å få inn kompetanse.

Kommunedirektøren si leiargruppe består 7 tenesteleiarar og 4 stabsleiarar. Fordelinga etter kjønn er 3 menn og 9 kvinner (inkl. kommunedirektør)

Vi har 5 lærlingplassar. Berre i tre av desse har vi hatt lærlingar i. Det har ikkje vore mogeleg å få tak i fleire.

22 fast tilsette er tilsett i deltidstilling. Det er ulike årsaker til dette. Nokon av desse er gradert ufør, har gått av med delvis AFP eller ynskjer ikkje større stilling. For dei som ynskjer heil /større stilling søker Bykle kommune så langt som råd å slå saman og tilby deltidstilsette utvida stilling når det er ledig stilling dei er kvalifisert for. I tillegg kjem dei som søker seg ned i stilling for ein periode f.eks. på grunn av omsorg for mindreårige barn, har studiepermisjon, permisjon pga. sjukdom ut over eitt år eller permisjon av andre årsaker. Med tilsette i ulike permisjonar er det behov for vikarar. Det blir ikkje lyst etter vikar anna enn når det er heilt nødvendig.

Vi har kontrakt med Medco Bedriftshelseteneste AS og har ein samarbeidsavtale der ein avtalar kva område dei skal engasjere seg i. Samarbeidsavtalen gjeld for eitt år av gonga og blir utarbeidd etter innspel frå einingane. Den blir vedteken av arbeidsmiljøutvalet.

## **Styring, kontroll og etisk standard**

Det er viktig å sikre god internkontroll på alle felt i kommunen, og det blir arbeida aktivt for å sikre dette.

Det er utarbeida ei felles ROS-analyse for alle kommunane i Setesdal.

Bykle kommune har Compilo som er eit kvalitetssikringssystem, i alle einingar. I dette systemet blir alle internkontrollrutinar samla, rutinar for utføring av oppgåver mv, og alle tilsette har tilgang. Det blir lagt inn dato for revisjon av rutinane slik at desse blir oppdaterte jamnleg. Alle avvik i kommunen skal meldast gjennom Compilo, slik at leiarar, og kommunedirektør som øvste leiar, skal ha oversikt og kontroll over alle avvik. Compilo skal også nyttast ved varsling. Alle einingar har tatt systemet i bruk, nokon er veldig flinke til å melde avvik i systemet, medan andre framleis har ein veg å gå.

Det er økonomisk styring og kontroll gjennom budsjett og økonomiplan, og tilbakemeldingar som kjem ved tertialrapportar og årsmelding. Økonomisk internkontroll søker vi å sikre ved å lage gode rutinar for dei enkelte områda. Vi legg og opp til at det skal være meir enn ein person som kan kvart arbeidsområde, for på denne måten å sikre kontinuitet, minske sårbarheit og ha betre internkontroll.

Gjennomgang av Bykle kommune sine etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette samt økonomireglementet er ein del av årshjulet til kommunen. Dette er med å sikre god kontroll og høg etisk standard i verksemda.

## **Rekruttering**

Bykle kommune hadde 46 utlysingar av ledige stillingar med søknadsfrist i perioden 01.01.22– 31.12.22, der 3 stk. var annangongs-utlysing. Det er gjort vedtak i totalt 118 tilsetjingssaker som inkluderer tilkallingsvikarar, sommarvikarar, vikariat og faste stillingar. I 2022 hadde Bykle kommune totalt 3 lærlingar, helsefagarbeidar, byggdriftar og barne- og ungdomsarbeidar.

## Lønsoppgjeret 2022

I 2022 var det hovudoppgjer og gjennomsnittleg årslønnsvekst (for alle kap. i hovudtariffavtalen) frå 2021 til 2022 for KS-område var 3,84 %. Verknadsdato for lønnsoppgjeret i 2022 var 01.05.22 for kapittel 4, 3 og 5. Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund og Norsk Lektorlag godkjente ikkje tariffavtalen og gjekk ut i streik, etter Rikslønnsnemndas kjennelse vart virkningsdato 27.09.22. Dei fleste kommunalt tilsette får løna si fastsett ved sentrale forhandlingar (kap. 4). Lønnsutvikling i kapittel 3 (leiarar) og kapittel 5 (akademikarar) har lokal lønnsfastsetjing og blir berekna med utgangspunkt i gjennomsnittleg årslønnsvekst i kapitlet. Årslønnsveksten for kap. 3 og kap. 5 etter lokale forhandlingar lokalt blei høvesvis 3,84% inkludert overheng og lønnsgliding.

## Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2022 var totalt på 8,49 % mot 8,38 % i 2021. Sjukefråvær er ein økonomisk kostnad, då arbeidsgjevar betalar sjukepengane i arbeidsgjevarperioden, dei første 16 dagane av fråværet. Det vil seie at det meste av korttidsfråværet er det arbeidsgjevar som betalar for. Nokre har fritak for arbeidsgjevarperiode, der NAV betalar alt, men det er eit fåtal.

Fråværsprosenten er høgare enn det vi har som målsetting. Målsettinga for 2022 var eit sjukefråvær under 6%, noko som er under landsgjennomsnittet.

Bykle kommune ligg ikkje spesielt høgt sett i forhold til landet, men sjukefråværet har vore høgare under Covid 19-pandemien. Det er ikkje meldt at fråværet skuldast arbeidstilhøve.

Arbeidsgjevar har gjort tilrettelegging og tilpassing av oppgåver i nokre tilfelle. I einingane blir det gjort godt arbeid med oppfylgjing av sjuke arbeidstakarar, men vi kan gjere ein endå betre innsats på tett oppfylgjing og betre innsats på førebygging. Det skal lite til før fråværet svinger i ein liten organisasjon. Arbeidsmiljøutvalet skal i 2023 skal sette fokus på sjukefråvær og sjå på tiltak som kan redusere dette.

## Verne- og miljøarbeidet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) hadde 5 ordinære møter i 2022 og handsama totalt 34 saker. Representant frå bedriftshelsetenesta blir inviterte på alle AMU møter. Bedriftshelsetenesta har som fast innslag hatt tema for AMU. Tema i 2022 har vore rapportering av årsrapport og handlingsplan, AKAN, sjukefråværsoppfylgjing og arbeidsmiljøet handlar om arbeidet. AMU har vedteke årshjul for faste saker, bl.a. handsaming av kvartalsvise rapportar over sjukefråvær og avvik. Bykle kommune har rammeavtale med bedriftshelseteneste (BHT). BHT utarbeider års- og statusrapportar kvart år, samt samarbeidsplan. BHT blir i hovudsak nytta til lovpålagte helsekontrollar for enkelte yrkesgrupper, samarbeidsmøter på einingane, deltaking i AMU, rådgjeving og opplæring. Det blir gjennomført 2 samarbeidsmøter på overordna nivå i året.

Det er etablert faste møter med hovudverneombod, kommunedirektør og personalsjef annankvar månad. Hovudverneombod har faste møter med verneomboda i einingane.

| 19505        | Bruk av bundne driftsfond (statstilskudd) | -6 742,50             |
| <b>3214</b>  | <b>Barnehager -prosjekter</b>             | <b>-6 742,50</b>      |
| <b>272</b>   | <b>Sømjeopplæring</b>                     | <b>-6 742,50</b>      |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -50 000,00            |
| <b>3140</b>  | <b>Andre undervisningsførem.</b>          | <b>-50 000,00</b>     |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -9 000,00             |
| <b>3509</b>  | <b>Andre støtteordningar</b>              | <b>-9 000,00</b>      |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -405 000,00           |
| <b>3520</b>  | <b>NAV ( fom 2009)</b>                    | <b>-405 000,00</b>    |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -30 000,00            |
| <b>3661</b>  | <b>Reinhald</b>                           | <b>-30 000,00</b>     |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -179 000,00           |
| <b>5002</b>  | <b>Kommunikasjonsavd</b>                  | <b>-179 000,00</b>    |
| <b>450</b>   | <b>Flyktninger</b>                        | <b>-673 000,00</b>    |
| 19506        | Bruk av bundne driftsfond delegert        | -256 442,00           |
| <b>3861</b>  | <b>Idrettsanlegg Bykle</b>                | <b>-256 442,00</b>    |
| 19506        | Bruk av bundne driftsfond delegert        | -500 458,00           |
| <b>3862</b>  | <b>Idrettsanlegg Hovden</b>               | <b>-500 458,00</b>    |
| <b>631</b>   | <b>Skiløyper - vedlikehold</b>            | <b>-756 900,00</b>    |
| 19506        | Bruk av bundne driftsfond delegert        | -40 000,00            |
| <b>2030</b>  | <b>Skulefagleg rådgjevar</b>              | <b>-40 000,00</b>     |
| <b>6507</b>  | <b>Feleundervisning</b>                   | <b>-40 000,00</b>     |
| 19406        | Bruk av fond etter del fullm              | -780 900,00           |
| <b>5121</b>  | <b>Hybelbygg Bykle og Hovden</b>          | <b>-780 900,00</b>    |
| <b>819</b>   | <b>Hybelbygg HSG</b>                      | <b>-780 900,00</b>    |
|              |   | <b>-24 970 351,10</b> |

## Avsetning til fond

| Konto       | Konto(T)                                  | Beløp                |
|-------------|---|----------------------|
| 15506       | Avsetning til bundne driftsfond, delegert | 1 500 000,00         |
| <b>3301</b> | <b>Legetenesta</b>                        | <b>1 500 000,00</b>  |
| 15506       | Avsetning til bundne driftsfond, delegert | 371 153,00           |
| <b>3330</b> | <b>Helsesøster-helsestasjon</b>           | <b>371 153,00</b>    |
| 15506       | Avsetning til bundne driftsfond, delegert | 2 226 235,00         |
| <b>3601</b> | <b>Vassverk</b>                           | <b>2 226 235,00</b>  |
| 15506       | Avsetning til bundne driftsfond, delegert | 307 532,00           |
| <b>3611</b> | <b>Kloakkrensaneanlegg</b>                | <b>307 532,00</b>    |
| 15501       | Avsetning til næringsfondet (renter)      | 1 372 540,00         |
| <b>9120</b> | <b>Renter-utbytte-avdrag</b>              | <b>1 372 540,00</b>  |
| 15500       | Avsetning til næringsfondet               | 42 335 048,00        |
| <b>9143</b> | <b>Bundne driftsfond</b>                  | <b>42 335 048,00</b> |
| 1           | Drift                                     | 48 112 508,00        |
| 15506       | Avsetning til bundne driftsfond, delegert | 2 000 000,00         |
| <b>5102</b> | <b>Reiseliv,turisme,næring</b>            | <b>2 000 000,00</b>  |
| 1           | Drift                                     | 2 000 000,00         |
| <b>2009</b> | <b>Arbeidsmiljø</b>                       | <b>2 000 000,00</b>  |
| 15401       | Avsetning til disposisjonsfond til drift  | 12 717,00            |
| <b>3412</b> | <b>Aktivisering/dagsenter-Pleie</b>       | <b>12 717,00</b>     |
| 1           | Drift                                     | 12 717,00            |
| <b>691</b>  | <b>kult.spaserstokk</b>                   | <b>12 717,00</b>     |
|             |   | <b>50 125 225,00</b> |



## Annen informasjon

### Årsmelding frå stab og tenesteeiningar

Kommunen har vore i ein prosess der ein har arbeid med definerings av tenestnivå og prioritering innforbi dei ulike tenestemåla, samt tilpassing av organisasjonen til framtidige budsjettera rammer.

### Eining 10\* Sentraladministrasjonen/ Kommunedirektørens stab

**Lokalsamfunn og utvikling:** Rekruttering av yrkesgrupper kan til tider vere krevjande. Det er kamp om kompetansen og vi må kunne skilte med godar av ulike slag for å få personar til å søkje på dei ledige stillingane. Løn er eit av dei godane. I kommunal samanheng er vi konkurransedyktige på løn, men det er vanskeleg å matche det private næringslivet. Bykle kommune har gode velferds- og forsikringsordningar for tilsette.

**Kompetanse og personalutvikling :** Avdelingane har eigne fagmøter. Det er også fagmøter på tvers av avdelingane, som til dømes planforum. Dei tilsette har i gjennom året vore på ulike kurs for å halde seg fagleg oppdatert innafor sitt fagområde.

**Interne prosessar:** Medarbeidersamtalane syner at arbeidstakarane i stor grad trivast og at arbeidsmiljøet stort sett blir opplevd som godt.

**Økonomi:** Eininga totalt har gode rammer. Den interne arbeidsfordelinga er ikkje heilt avklara enda, slik at i nokre tilfelle ligg budsjettposten på ein stabspost, medan arbeidet utførast på ein annan stabspost. Av den grunn ser ein på økonomien samla for kommunedirektøren sin stab.

**Kommunikasjonsavdelinga** har 5 tilsette (4,6 årsverk) og har ansvar for arkiv, post, politisk sekretariat, beredskap, val, sentralbord, kommunikasjon internt og eksternt og saksbehandling innafor ei rekke områder. Kommunikasjonsavdelinga er limet på rådhuset og har eit spesielt ansvar i å betjene kommunens innbyggjarar/besøkande og vere støttespelarar for intern drift og utføre forefallende arbeid. Med limet på rådhuset meiner vi at alle besøkande som kjem til rådhuset, skal vende seg til resepsjonen. Her skal dei få hjelp og rettleiing, alt etter behov. Avdelinga har samla sett god oversikt over kommunen som organisasjon og særlig god innsikt i enkelte fagområde. Det er medarbeidarane sin kunnskap, ferdigheiter, evner og haldningar som utgjør kompetansen i avdelinga.

**Personalavdelinga** har 2 tilsette (2 årsverk) og har ansvar for lønnsutbetalingar (for eigne tilsette og tilsette i soknerådet), sakshandsaming og rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. pensjon, AA-register, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, fråvær) avstemming mot rekneskap, refusjonar, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningslinjer og reglement, deltaking i endringsprosessar, vernearbeid, lokale lønsforhandlingar, AMU, kontakt med hovudtillitsvalde.

Oppgåver som pensjon og forsikringar, oppfylgjing av lærlingar, revisjon av HMS – handbok, førebu og skrive saker til AMU, GDPR og legge inn rutinar i Compilo er lagt til stilling som seniorrådgjevar under kommunedirektøren.

## **Planavdelinga**

### Politisk arbeid:

Planutvalet under leiing av Hans Blattmann hadde 15 utvalsmøte i 2022, nokre gjennomført digitalt. Utvalet hadde synfaringar ved mange av desse møta for å sjå på fleire plan- og byggjesaker i felt. Saksomfang for utvalet i 2022 er 465 delegerte saker, 219 politiske saker og 46 referantsaker.

### Administrative oppfølging av politiske saker og vedtak og gjeremål i 2022:

- Planlagt fokus på samhandling på planarbeid med ulike avdelingar er følgd opp med jamlege interne «Planforum» for å sikre medverknad og utsjekk i høve ulike tema som teknisk, VA, næring, beredskap, folkehelse mv.
- Det vart og lagt eit stort arbeid i gjennomgang av løypeavtaler og førebuing av nytt opplegg for utbyggingsavtaler med prinsipsaker og førseieleghetsvedtak mv.
- Det vart lagt politisk og administrativt arbeid i fells uttale frå kommunane for heile vasstrengen og deltaking i synfaringar i samband med revisjon av konsesjonsvilkår for Otravassdraget.
- Ferdelsrestriksjonar er prøvd ut på Urevassvegen, og har fungert etter intensjonane.
- Prosjekt med adaptiv løypeforvaltning er slutført.
- Prosjektet «Villreinen som verdiskapar» vart slutført.
- Grunnavståing rundt helikopterbasen på Hartevatn vart avklåra .
- Dagsturhytta på Jarekollen, Jarebu, vart godkjent og iverksett. Formgjeving og førebuing av dagsturhytta på Hovdenuten kom til prosjektering – og Sherpasti-prosjektet slutført så langt.
- Den historisk lengste reguleringsplanen vart vedteken. Den er 16 km lang – og omhandla utbetring av RV 9 frå Byklestøylane til Badstogdalen. Parsellen Badstogdalen- Hartevatn vart ferdigstilt.
- Arbeid med revisjon av prosjekteringsgrunnlag og mindre reguleringsendring for etablering av rundkøyring Skisentervegen / RV 9 – Hotellkrysset er følgd opp og klargjort for utlegging av anbod. Grunnerverv til rundkøyring og makebyte til erstatningstomter er i hamn.
- Moglegheitsstudien for Hegni danna grunnlag for oppstarten av reguleringsarbeid her med folkemøte osb.
- Reguleringsarbeid på Tykkås har ikkje hatt ønskjeleg framdrift.

### Arrangement:

- Medverka til Villrein og Viking-arrangementet.
- Koordinerte det årlege påskemøtet med velforeiningane til hyttefolket.
- Arrangerte studietur til Geilo, Beitostølen/Øystre Slidre og Hafjell/Øyer for å sjå på destinasjonsutvikling og spesielt handtering av varme- og kalde senger-diskusjon.

- Tilrettela opningsarrangement Rv 9 - Solheimsmoen
- Gjennomførte og fasiliterte eigen temadag med kommunestyret om varme/kalde senger.

#### Kompetanse og kapasitet:

Planavdelinga har mykje særlovsforvaltning. Desse har gjerne fristar på sakshandsaming må ha prioritet. Også i 2022 var det ein del vakansar og fråvær som medførte behov for kjøpe tenester eksternt i eit visst omfang for å kapasitet til å halde tempo i saksgangen, og naudsynt spisskompetanse. Det vart gjennomført anbod på 3 lokale rammeavtaler for tenestekjøp; byggesak , regulerings- og planarbeid, og eigedomsrett – grunnerverv osv. Det vart inngått nye avtaler med Adv. Kjær og Co, Asplan Viak og WSP. Plansjef har og hatt anna type sakery/ saksførebuing til formannskap og kommunestyre på oppdrag frå kommunedirektøren og som assisterande .

#### Etterslep til oppfølging i 2023

I budsjettet for 2022 hadde vi som siktemål å kome i gang med kommuneplanen sin samfunnsdel og eit prosjekt Fjellbygdsatsing Bykle – som av same årsak vart skyvd til 2023 p.g.a. omfordeling av oppgåver på faste medarbeidarar. Ønskja fokus på risiko- og sårbarheit, samfunnssikkerheit og klimaendringar er også skyvd til 2023. Då vil ein og ta opp att arbeidet med klima- og miljøplan.

#### **Omfang av ulike typer saker:**

##### **Byggesak:**

- Bustader 1
- Hytter m/1 bueining 66
- Hytter m/2 bueiningar 8
- Tilbygg 12
- Driftsbygningar 3

##### Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging m.v. byggesak :

- Førehandsvarsel 18
- Pålegg om retting/opphøyr av bruk/stans 4
- Tilsyn 12
- Utgreiing om mogleg ulovlegheit 7
- Tvangsmulkt 5
- Overtredingsgebyr 1

##### **Planarbeid:**

- 6 reguleringsplanar vart vedteke lagt ut på høyring
- 1 innseiing
- 10 klager til desse - ingen av desse ble tatt til følgje
- Statsforvaltaren opprettheld kommunen sine vedtak i alle desse.
- 114 dispensasjonsvedtak frå plan (føresegner/føremål) innfor plan og byggesak.

##### **Oppmåling og delingssaker mv.**

- 121 oppmålingsforretninger

- 3 seksjoneringsaker
- 1 nydyrking- 15 dekar
- 3 delingssaker etter jordlova

**Motorferdsle:**

- 114 løyve (101 gjeld frå tidlegare – 4 år), 13 nye
- 4 ervervsløyve

**Økonomiavdelinga** yter i størst grad tenester internt i organisasjonen. Elles dekker økonomiavdeling områda fakturering, innfordring, økonomi og budsjett. Avdelinga utfører også tenester for Bykle sokneråd og Setesdal IKT. Avdelinga er og eigedomsskattekontor.

**Næringsavdelinga** følgjer opp samarbeids- og utviklingsarbeidet i forhold til næringslivet.

**Ambisjon:** Bykle sitt næringsliv utviklast i hovudsak av verksemdene sjølv, mens kommunen skal stimulere og leggja til rette for næringsutvikling og vekst via politisk og administrativt arbeid. Bykle kommune skal være ein næringsoffensiv kommune som i samarbeid med næringsliv, utdanningsinstitusjonar og andre aktuelle aktørar legg forholda til rette for eit innovativ og framtidretta nærings- og arbeidsliv.

**Hovudmål:** Ein skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.

Det siste året har store deler av resursane i eininga vore retta mot samarbeid og tiltak knytt til etterverknader av Covid og auka kostnadsnivå for næringsaktørane. Auka straumprisar har hatt særleg høgt fokus. Tiltak for energieffektivisering og straumstøtte er etablert. I den forbindelse var det og arrangert ein eigen Enøk-dag. Ein har starta arbeid med betre rutinar og digitalisere av informasjon og søknadsprosessar. Ein har arbeida vidare med Strategisk næringsplan. Prosessen har tatt noko lengre tid enn førespegla, for å sikre samanheng mellom planen, overordna planar, trendar i marknaden og det faktiske tenestebehov. Arbeidet avsluttast i skrivande stund og planen kjem fortløpande til politisk handsaming. Ein har auka aktivitetsnivået på eksterne samarbeid og IKS, med mål om å auke ekstern finansiering i lokal næringsutvikling, kunne tilby relevant kunnskap til lokale bedrifter og styrke omdømme til kommunen i høve framtidig rekruttering og næringsattraktivitet. Ein har sikra resertifisering av Bykle kommune som berekraftig reisemål, samt satt i gang tiltak for å få fleire miljøfyrtårnbedrifter i kommunen. Ein har fått på plass ei pilotløyving for bygdebuss. Prosjektet Hydrogenvegen RV9 er starta opp og gjennomførast med midlar frå klimasats og Agder fylkeskommune. I tillegg er kommunen partner, saman med Agder fylkeskommune i det nasjonale hydrogenprosjektet Grøn Jyllandskorridor som gjennomførast med midlar frå EU. Gjennom samarbeid i etablerte nettverk og IKS har ein arbeida med å marknadsføre Bykle for nye grøne bedrifts- og industrietableringar. Ein har og arbeida vidare med å få etablert eit oppdrettsanlegg på land. Kommunen har gitt støtte og vore vertskapskommune for kommersielle arrangement med verdi for lokalt næringsliv, blant anna sykkelrittet Tour of Norway. Det har vore arrangert kurs i digital Marknadsføring for bedrifter i sosiale kanalar, i tillegg til kurs og kompetanseheving for bedrifter i samarbeid med Setesdal regionråd. Faste møtepunkt til fordel for lokalt næringsliv er etablert, med blant anna kommunal deltaking i Hydrogennettverket, Fjellnettverket, Næringsforeninga i Agder, Agder symbiose, Setesdal

Næringsforum, faste kaffemøter i tett samarbeid med Destinasjon Hovden, Hovden Markedsråd og anna.

**Skulefagleg rådgjevar** er ein god støttespelar for skulane, barnehagane og for skuleeigar. Opplæringslova § 13-1, siste ledd, lovfestar kravet om at kommunen skal ha skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skulenivå.

### **Pedagogisk- Psykologisk Teneste:**

#### ØKONOMISTATUS:

PPT for Setesdal har ein rekneskap som er omtrent i tråd med budsjett: Totalt for alle tre kommunane, kjem PPT for Setesdal ut med eit forbruk på 98,6% i høve til budsjett.

#### STATUS SJUKEFRÅVER OG HMS:

Det har vore svært lågt sjukefråver i PPT for Setesdal også dette året, godt under 5 % og då korttidsfråver. Det vart ikkje gjennomført vernerunde dette året. PPT har hatt kontormøte kvar 14. dag, og har derfor kunne ta opp utfordringar i arbeidet løpande. Det er gjennomført medarbeidarsamtale.

#### SKILDRING AV VERKSEMD:

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune.

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp / oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

### **Stillingsheimlar**

PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling: Scanning, arkivarbeid

### **Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:**

| Kommune | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|------|------|------|------|------|------|------|
| Bygland | 31   | 34   | 33   | 26   | 30   | 30   | 30   |
| Valle   | 41   | 38   | 37   | 34   | 34   | 28   | 33   |
| Bykle   | 27   | 16   | 14   | 25   | 19   | 29   | 29   |
| Sum     | 99   | 88   | 84   | 85   | 83   | 87   | 92   |

**Talet på nye saker / brukarar årleg:**

| Kommune | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|------|------|------|------|------|------|------|
| Bygland | 11   | 11   | 12   | 1    | 10   | 8    | 4    |
| Valle   | 8    | 10   | 12   | 10   | 8    | 6    | 8    |
| Bykle   | 7    | 2    | 3    | 9    | 5    | 7    | 9    |
| Sum     | 26   | 23   | 27   | 20   | 23   | 21   | 21   |

**Tal på brukarar fordelt på alder (samla for dei 3 kommunene):**

|            | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Barnehage  | 17   | 13   | 6    | 4    | 7    | 11   | 12   |
| Barneskule | 48   | 46   | 56   | 56   | 51   | 50   | 53   |
| U-skule    | 29   | 25   | 17   | 21   | 20   | 21   | 25   |
| Vaksen     | 5    | 4    | 5    | 4    | 5    | 5    | 2    |
| Sum        | 99   | 88   | 84   | 85   | 83   | 87   | 92   |

**UTVIKLING:**

- I 2022 har det samla vore ein svak auke i talet på brukarar, frå 87 i 2021 til 92 i 2022. Auken er innanfor det som er normale variasjonar.
- Når det gjeld nye tilmeldte i 2022, var dette heilt likt som i 2021, 21 tilviste. Det er relativt små tal og store variasjonar mellom kommunane frå år. Ein trend siste åra, har vore nokre fleire tilmeldingar frå Bykle kommune.
- Som ein ser av tabellen over, har det vore fleire saker i barnehagane dei siste 2 åra, noko som er vurdert som ein positiv trend ( tidleg innsats / førebygging). Elles relativt stabile tal.
- PPT har sett i gang med Ressursteam i alle kommunane i barnehagane dette året (1-2 gonger i halvåret), Dette er faste møte med barnehagane med vurdering / tiltak rundt eventuelle bekymringar dei måtte ha. Dette er også eit tiltak i høve til førebygging og tidleg innsats.
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis har kome i gang i distriktet. Dette er ei nasjonal satsing for å auke den lokale kompetansen rundt barn som strever. Dei tre Setesdalskommunane skal samarbeide om utviklingsprosjekt, noko som er viktig med tanke på felles PPT og barnevern (j.fr. utfordring rapport 2021). Det er i første omgang søkt om kompetanse / opplæring i “Refleksjonsvertøyet” frå Stat-Ped som skal nyttast inn mot skular og barnehagar. Dette er eit reiskap for å auke medvit omkring inkludering og korleis dette blir praktisert. Det skal også gjennomførast kartlegging av andre område som dei ulike einingane har behov for ny / oppdatert kunnskap.
- PPT har gjennomført ein ståstadsanalyse i 2022, og har kome fram til nokre område ein ønskjer å styrke kompetansen dei komande åra. Noko av dette er tenkt innanfor Kompetanseløftet. PPT har utarbeidd ein plan for kompetanseheving / kompetansebehov.

**UTFORDRINGAR:**

PPT har eit mål om å levere ei sakkunnig vurdering innan “rimeleg tid”, dvs. 3 mnd. frå saka startar opp. Pga høg saksmengde og flere saker som har vore utfordrende og tatt mykje tid, har det ikkje vore mogleg å klare dette i alle saker. For 2022 har det vore 7 saker der dette har tatt lengre tid, ein auke på 3 saker frå 2021. I 2022 har ein sett i gang med å skrive sakkunnige vurderingar for fleire år i gonga, der vi meiner dette er forsvarleg (Inntil 3 år i følge Statforvaltar). Dette kan ha ein effekt for 2023.

**UTVALDE RESULTAT:**

**1. PPT for Setesdal har som mål å jobbe mot god kvalitet i det sakkunnige arbeidet.**

I dette ligg også at andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane ikkje skal liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid (målsetting).

Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til, gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er, og i det redusere behov for spesialundervisning. Kostra-tala for 2022 er ikkje klare enno, men ligg for 2021 noko under tala for 2020 for alle dei 3 kommunane (små endringar). Samla sett for alle 3 kommunane, ligg tala i nærleiken av landsgjennomsnittet:

| Kommune | Bygland | Valle | Bykle (Aust)-Agder |     | Kostragr. 06 | Landet u/Oslo |
|---------|---------|-------|--------------------|-----|--------------|---------------|
| 2017    | 6,0     | 9,1   | 9,4                | 9,2 | 10,1         | 7,9           |
| 2018    | 8,1     | 8,3   | 8,2                | 9,1 | 10,1         | 7,9           |
| 2019    | 8,1     | 6,2   | 9,0                | 9,1 | 10,0         | 7,9           |
| 2020    | 9,1     | 9,3   | 10,9               | 7,3 | 9,6          | 7,8           |
| 2021    | 8,8     | 7,1   | 8,3                | 8,3 | 10,1         | 7,8           |

*Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning, Kostra tal:*

|      | Bygland | Valle | Bykle | Agder | Kostragr. 06 | Landet u/ Oslo |
|------|---------|-------|-------|-------|--------------|----------------|
| 2015 | 118,8   | 269,7 | 236,4 |       | 167,8        | 131,0          |
| 2016 | 120,3   | 244,9 | 205,1 |       | 162,7        | 132,8          |
| 2017 | 99,9    | 125,1 | 231,8 |       | 167,9        | 135,4          |
| 2018 | 108,8   | 181,4 | 271,8 |       | 171,4        | 137,6          |
| 2019 | 85,6    | 266,0 | 281,2 |       | 179,7        | 139,9          |
| 2020 | 98,5    | 205,7 | 229,7 | 133,4 | 187,1        | 143,1          |
| 2021 | 102,6   | 190,0 | 303,6 | 129,4 | 191,9        | 144,2          |

Talet på timar per elev ligg relativt lågt i Bygland kommune (under landsgjennomsnittet), men høgare for dei 2 andre kommunane. Då det er små tal, vil det naturleg vere variasjonar og fleire “tyngre saker” vil gje relativt store utslag. I utgangspunktet er det positivt at det blir sett inn ressursar der det er behov, så er det alltid viktig å vurdere effekten av tiltaket og om ressursane blir brukt på best mogleg måte.

## **2. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.**

- PPT har som mål å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Dette har vi ikke fått til i 2022 (stor saksmengde og mange krevjande saker).
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing i samband med einskildsaker som er tilmeldt.
- PPT har delteke på tverretaltelege team / miljøteam og ressursteam i kommunane for drøfting av både einskildsaker og tema knytta til utfordringar for barn og unge i Setesdal.

## **NAV**

Tenesteeininga NAV Bykle utførar oppgåver innanfor NAV sin statlege og kommunale område. I tillegg ligg ansvaret for busetjing og integrering av flyktingar.

**Nav sitt hovudmål er «Fleire i arbeid og aktivitet - færre på stønad»**

***Årsrapport frå Nav vert handsama politisk som eiga orienteringssak.***

Vertskommunesamarbeidet om NAV lokaltjenester for kommunene Vennesla (vertskommune), Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle ble etablert med virkning fra 01.01.2020, og har dermed fungert sammenhengende i tre år. Samarbeidet innebærer at de nevnte 6 kommunene har felles NAV kontor, som leverer tjenester for alle de 6 kommunene. I praksis er etableringen av vertskommunesamarbeidet gjennomført som en virksomhetsoverdragelse, der kommunalt ansatte i de 5 samarbeidskommunene fra og med 01.01.2020 har fått ansettelse i Vennesla kommune. For statlige ansatte er det ingen betydelig endring. Vennesla kommune leverer dermed tjenester innenfor enhetens fagområde for Vennesla samt de 5 samarbeidskommunene som er omfattet av avtalen. De tjenestene som leveres gjennom dette samarbeidet er statlige oppfølgingstjenester (oppfølging av arbeidssøkere / brukere med ulike bistandsbehov), statlige arbeidsgivertjenester (rekrutteringsbistand, omstillingsbistand, oppfølgingsbistand, inkluderingsarbeid) og ulike kommunale tjenester (sosiale tjenester og bostøtte).

Personale – og sykefravær

Enheden har en bemanning som i 2022 har vært - Ca 18 årsverk på statlig side o I tillegg 4 årsverk med jobbspesialister / oppfølgingstiltak i egen regi, 1 prosjektårsverk kompetanse i sykefravær (fylkesfunksjon), 1 årsverk Helse i Arbeid ved Kongsgård sykehus (fylkesfunksjon) - Ca 24 årsverk på kommunal side o I tillegg flykningavdeling og husbankfinansiering i Vennesla, som ligger utenfor vertskommunesamarbeidet. Enheden har hatt en betydelig reduksjon i budsjett på statlig side, med en reell nedbemanning på ca 3 årsverk gjennom 2022. For 2023 har NAV Agder avsatt et budsjett til NAV Midt-Agder på ca 17 årsverk, som betyr ytterligere nedbemanning. Bemanningen ved inngangen til samarbeidet (2020) var 20 årsverk. Det er fra statens side ikke tatt høyde for at enheten har 6 veiledningssentre. Det er heller ikke tatt høyde for at enheten leverer tjenester på tvers av 6 kommuner med de merkostnadene som følger med dette knyttet til administrasjon, reisekostnader og andre kostnader. Kommunene har gjennom det fremforhandlede 3% påslaget samt et tilskudd fra Vennesla kommune, fra 2023 avsatt 50% til administrasjonshjelp i samarbeidet. Enheten hadde et sykefravær blant de statlige ansatte, på 12,1% i 2021 og 18,7% i 2022. På kommunal side var sykefraværet i 2021 på 4,8% og i 2022 på 11,4%. Enheten etablerte fra mai 2022 AMU underlagt AMU i Vennesla kommune og AMU i NAV Agder. AMU NAV Midt-Agder har hatt tre møter i 2022, og sykefravær og nærværarbeid har vært et viktig tema for disse møtene. Fraværene har så langt enheten kjenner til ikke sammenheng med arbeidssted eller arbeidsoppgaver, men handler om langvarig sykdom og andre helsevansker. Samtidig er nok dette sammensatt, og noe som bør være

gjensstand for fokus også i 2023. Vi har indikasjoner på at det er krevende for ansatte å basere mye av driften på reising mellom ulike NAV oppmøtesteder, og kan ikke utelukke at slitasje knyttet til dette også påvirker fraværet.

## Barnevern:

Setesdal barnevern består av 5,2 stillinger fordelt på tre kommuner. Dette er stillinger som jobber med alle faser av en barnevernssak – mottak av melding, undersøkelse, tiltak, fosterhjem og ettervern.

Setesdal barnevern hadde i 2022 en liten oppgang i antall bekymringsmeldinger for Bykle kommune fra året før. Det var noe oppgang i antall undersøkelser. Antall tiltakssaker og barn som har mottatt tiltak fra barneverntjenesten har ligget stabilt fra året før. Antall barn i fosterhjem har ligget stabilt og på et lavt nivå over flere år for Bykle kommune.

Økonomisk går utgiftene i barneverntjenesten til drift – primært lønnsutgifter. Setesdal barnevern drifter tiltak selv og har selv funksjon rundt veiledning i hjemmet. Dette var tjenester som tidligere ble kjøpt inn i stor grad. Regnskapet i funksjon 252- tiltak utenfor hjemmet gikk over det som var budsjettet for i 2022. Dette på grunn av krevende akuttsaker i Bykle kommune.

Oppsummert har utgiftene til barnevern for Bykle kommune gått opp fra år 2021. Dette beror på de faktorer som beskrevet ovenfor. Samtidig har det vært et fokus på å redusere rammer i eksisterende fosterhjemsavtaler og kjøp av private tjenester samtidig som den saksmengden for barnevernet i Bykle har ligget stabilt over tid. Bykle kommune har generelt en del, men stabil mengde tilsynssaker (barn som bor i fosterhjem i kommunen – plassert av andre barnevern). Tilsynssakene utgjør også en del av barnevernets vanlige drift.

## Økonomi: Samla resultat kommunedirektøren:

| Konto | Konto(T)                         | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr     | Forbruk i % |
|-------|----------------------------------|---------------|------------------|----------------|-------------|
| 100   | Enhet Kommunedirektøren          | 17 054 485,29 | 27 632 269,00    | 10 577 783,71  | 61,72       |
|       |                                  | -233 149      |                  |                |             |
| 101   | Enhet skatt,avgift,finansinntekt | 174,02        | -215 518 000,00  | 17 631 174,02  | 108,18      |
| 102   | Enhet fond, interne overføringer | 46 713 965,20 | 19 374 308,00    | -27 339 657,20 | 241,11      |
| 103   | Enhet Politisk styre,råd,utvalg  | 4 754 825,97  | 4 310 567,00     | -444 258,97    | 110,31      |
| 104   | RM stab Personal                 | 2 530 802,00  | 6 358 559,00     | 3 827 757,00   | 39,80       |
| 106   | RM stab Næring                   | 27 595 776,83 | 25 605 292,00    | -1 990 484,83  | 107,77      |
| 107   | RM stab Plan                     | 7 201 429,58  | 8 331 687,00     | 1 130 257,42   | 86,43       |
| 108   | RM stab Kommunikasjon            | 6 884 561,11  | 9 653 198,00     | 2 768 636,89   | 71,32       |

| Konto(T)                         | Regnskap 2019   | Regnskap 2020   | Regnskap 2021   | Regnskap 2022   |
|----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Enhet Kommunedirektøren          | 17 452 704,61   | 19 512 991,55   | 19 010 702,89   | 17 054 485,29   |
| Enhet skatt,avgift,finansinntekt | -200 248 189,03 | -251 206 428,05 | -206 356 715,41 | -233 149 174,02 |
| Enhet fond, interne overføringer | 32 096 532,90   | 81 885 070,06   | 29 468 720,38   | 46 713 965,20   |
| Enhet Politisk styre,råd,utvalg  | 4 124 679,86    | 4 437 525,13    | 7 352 224,81    | 4 754 825,97    |
| RM stab Personal                 | 2 745 611,83    | 2 428 049,70    | 2 111 662,03    | 2 530 802,00    |
| RM stab Næring                   | 20 325 313,15   | 20 715 272,04   | 20 419 323,10   | 27 595 776,83   |
| RM stab Plan                     | 9 898 935,66    | 7 461 985,47    | 7 142 051,94    | 7 201 429,58    |
| RM stab Kommunikasjon            | 7 441 009,45    | 7 725 975,17    | 7 665 516,37    | 6 884 561,11    |



## **Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta**

### **Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta.**

Formålet til tenesta er å syte for at alle som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen skal få nødvendig og kvalifisert helsehjelp. Tenesta gjevast i form av institusjonsopphald, sjukeheim, heimesjukepleie og hjelp til praktiske gjeremål i heimen. Pleie- og hjelpetenesta har og ansvar for å yte tenester til personer med psykisk utviklingshemming. Tenesta er regulert etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)

### **Måloppnåing i året i forhold til verksemdsplan for tenesteeininga.**

#### **Generelt:**

Pleie- og hjelpetenesta har ein høg aktivitet på dei områda ein skal yte tenester på, med dyktige tilsette som yter mykje for at tenestemottakarane skal ha ei god teneste med høg kvalitet.

#### **Samfunn og utvikling:**

Pleie og hjelpetenesta har i 2022 vore i stand til å yte tenestar til alle som har hatt behov for pleie- og omsorg, enten i heimen sin eller på institusjonen. Det meste av heimesjukepleie som ytast er til kommunens egne innbyggjarar. I gjennom året har det vore noko heimesjukepleie til turistar, spesielt i helgar og feriar, men ikkje av eit slikt omfang at ein ikkje har levera tenester. Det var i 2020 etablere to-delt drift i institusjon og heimesjukepleie. Måle med delinga er auka fokus og kvalitet på heimesjukepleien, slik at den enkelte brukar kan klare å bu i eigen bustad lengst mogleg. Ei ser nå at det er auke i tenesta heimesjukepleie, medan

institusjonstenestar har hatt ei lita auke, samanlikna med 2021. Institusjonen har hatt eit belegg i 2022 med 56,94%. Tala er basera på at det er 15 institusjons plassar.

### **Tenestekvalitet for brukarane.**

Ein pleie- og omsorgsteneste med god kvalitet krevjar kompetent fagpersonell, fleksibilitet, tverrfagleg samarbeid, individuell tenestetilpassing og god kapasitet og tilgjengelegheit i tenestetilbodet. For å kunne utvikle kvaliteten i tenestene er det avgjerande med dialog med dei som brukar tenestene. Eininga søkjar derfor aktivt vurderingar og tilbakemeldingar frå brukarane som eit ledd i kvalitetsarbeidet.

Tenestekvaliteten er god for brukarane i kommunen. Tenesta er greit bemanna og kan gi eit godt kvalitativt innhald i kvardagen på institusjonen og eit godt fagleg tilbod til dei som treng pleie. Alle som har søkt om tenester i 2022 og som fyller vilkåra, har fått tildelt tenester. I 2022 har eininga hatt eit økonomisk meirforbruk som i hovudsak skuldast auka tenester og etablering av ny eining.

### **Kompetanse og personalutvikling:**

Pleie- og hjelpetenesta må ha medarbeidare og leiara som har kompetanse i forhold til tenestar ein skal yte. Eininga har ein stab med god fagutdanning innan alle felt, det er lite ufaglærte i tenesta.

I 2022 var det vanskar med å rekruttera sjukepleie kompetanse og det var mange månadar med redusert kompetanse. På slutten av året vart det tilsett sjukepleiarar i alle stillingane.

### **Førebyggjande tenester:**

Målet er å rigge tenestene slik at innbyggjarane skal kunne ta ansvar for eige liv så lenge som mogleg. For å få til dette, må ressursbruken rettast mot tiltak som er helsefremjande og førebyggjande gjennom tverrfagleg samarbeid. Ein vil halde fokus på områder som:

- Kvardagsmestring og kvardagsrehabilitering og «Leve heile livet i Bykle»
- Styrking av koordinerande eining for brukarar med behov for samanhengande og samtidige tenester.
- Kvalitet i tenesteyting

### **Utfordringar framover:**

For fleire av einingane har det vore utfordringar i å rekruttera personar med naudsynt fagkompetanse. Særleg gjeld dette sjukepleiarar og vernepleiarar. Ein ser at fleire søkjer seg til andre stillingar og at det er eit problem i store delar av landet.

Fleire oppgavar blir lag til kommunen, utan at det fyljer ressursar med oppgavane. Det gjeld spesielt oppgavar som tidligare var 1. linje tenestar.

Bykle kommune har flest tilsette som jobbar deltid innan helse- og omsorgstenesta. Sjølv om deltid er redusert, er dette ei utfordring som ein framleis ikkje har klart å løyse. Faktum er at dei fleste med fagutdanning, og som jobbar deltid, ønskjer å fortsetje med det. Fleire i heiltid aukar generelt kvaliteten på tenestene. Andel kvinner som arbeider innan pleie og omsorg er høg, men det er tilsett noen menn i einiga.

| Konto | Konto(T)                      | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr    | Forbruk i % |
|-------|-------------------------------|---------------|------------------|---------------|-------------|
| 110   | Enhet Pleie- og hjelpeteneste | 33 317 779,07 | 27 372 085,00    | -5 945 694,07 | 121,72      |

| Konto(T)                      | Regnskap 2019 | Regnskap 2020 | Regnskap 2021 | Regnskap 2022 |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Enhet Pleie- og hjelpeteneste | 25 365 704,01 | 26 498 104,55 | 28 449 871,63 | 33 317 779,07 |



## **Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle**

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen naudsynte og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, SLT (rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid) og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2022 i alt 21,7 årsverk i Helsetenesta i Bykle og Valle.

### **Generelt**

Koronapandemien har dominert fyrste delen av 2022, men har så flata seg ut og er nå gradvis gått over i ein endemisk fase. Dette vil seie at viruset kjem til å vera ein del av kvardagen, som me alle må leva med i framtida. Det vil alltid kunne komme større eller mindre bølger av Covid-19, på lik linje med influensa og andre endemiske sjukdommar.

Stort fråvær i dei fyrste månadene har ført til ei betydeleg belastning på dei som har vore att i tenestene. Mykje av overført ferie og opptente timer frå koronapandemien kunne så ikkje takast ut og kjem til å belaste drift og budsjett òg i 2023.

Pandemien og utfordringar med bemanning har ført til at kvalitetsutvikling, interkommunalt samarbeid, arbeidet med kartlegging og endring samt generell tenesteutvikling har stagnert i fyrste halvdel av året. Etter sumaren vart det så starta opp eit omfattande gjennomgang av helsetenesta med fokus på internkontroll, økonomi og styring. Dette arbeidet kjem til å prega 2023 i veldig stor grad og er heilt naudsynt for å tilpasse helsetenesta til aktuell standard og for å kunne oppretthalde ei effektiv og forsvarleg drift.

### **Legetenesta og helsehus**

Legetenesta har hatt stort fråvær over fleire månad i byrjinga av året. Delvis var det berre éin lege i aktiv teneste, som måtte stille opp i heile døgeret. Fleire vikarar måtte hentast inn, og fråværet har difor ført til store meirutgifter, fordi me ikkje får refusjonar på sjukefråvær i denne yrkesgruppa som overstig 6G.

### **Psykisk helse og rus**

Tenesta har i løpet av heile året hatt 2.5 klientretta stilling, 1.55 systemretta stilling (førebygging og helsefremming, inkludert SLT-koordinator), og ingen vakanse. Stillingane er delt på 5 tilsette. Permisjonar er årsak til vikarbruk på til saman 1,5 stilling ved utgangen av året. Per 100% klinisk stilling har det vore gjeve tilbod til 53 personar, til samanlikning med 51 personar i 2021.

### **Individretta tilbod**

Totalt har tenesta hatt kontakt med 147 personar, kor 133 personar har motteke tilbod. 79 personar vart tilvist i meldingsåret. Det er 32% retilvising i 2022. Ved slutten av året var 51% av tilboda avslutta og 39% vart vidareført inn i 2023. 7% avslø tilbod og 2% sto på venteliste ved årsskiftet.

Snittet for talet av dagar frå tilvising vart motteken til første samtale, ligg samla for kommunane på 56 dagar, samanlikna med 54 dagar i 2021. Av folketalet har tenesta kontakt med 6.8% for begge kommunane. Fordelinga mellom kjønn ligg stabilt med kvinner på 64% og menn på 36%.

Aldersfordeling; auke bland 0-10år og 41-60 år. Nedgang for 21-40 år og uendra for 11-20 år og 61-100 år. Angst, depresjon og livssituasjon er dei vanlegaste årsakene til kontakt med tenesta. Vidare tilvising er mest hyppig til spesialisthelsetenesta. 9% av dei som har motteke tilbod i 2022 har betydelege økonomiske utfordringar.

### **Systemretta arbeid**

Det har vore gjennomført diverse systemretta arbeid, som omhandlar arbeid med førebygging, helsefremming, kompetansedeling og tenestetutvikling. Til dømes arbeid med:

- Kartleggingsprosjekt Oppvekstsreforma Bykle og Valle – avslutta
- Tverrfagleg rettleiing innan oppvekst (fagteam i Bykle, miljøteam i Valle) – er i gang
- Oppdatering av Tverrfagleg samarbeidsplan for barn og unge i Bykle – avslutta
- Revidering av rettleiaren Barn som bekymrar – er i gang
- FACT-prosjekt Setesdal – er i gang
- Tverrfagleg team – fast
- Rettleiing/samarbeid med helsestasjonane - fast

### **Jordmortenesta**

Jordmortenesta og beredskaperen har fungert stabilt, trass i eit lengre fråvær. Det har vore mykje vaktberedskap og følgjeteneste, og totalt 10 fødsler i Bykle og 20 fødsler i Valle kommune. Det er tilnærma umogleg å få inn vikar i høve fråvær. Helseføretaket gir òg klåre signal på at dei slit med same problemet og ikkje har tilgang til vikar for jordmorberedskap. Einaste løysing vert her å sende gravide kvinner ned til pasienthotellet, slik at dei kan liggje i nærleiken til sjukehuset når dei skal føde.

### **Helsestasjons- og skulehelsetenesta**

I Bykle har alle helsestasjonskontrollar vorte utførte, og ingen har dermed mista tilbodet sitt. Anbefalte arbeidsoppgåver har vore stabil og vorte følgt opp som planlagd, derunder mellom anna vaksinasjonar, helsesamtalar og undervisningar. Sjukefråvær har òg her påverka drifta.

Presset på tenesta opplevast som svært høg, og difor har Statsforvalter delt ut mange millionar kroner for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta. Helsetenesta har motteke midlar tilsvarende 50% lønn til ein ny 100% helsesjukepleiarstilling, for ein periode på tre år. Ny helsesjukepleiar vart så tilsett i 2023.

### **Fysioterapitenesta**

Tenesta vart brukt mykje i heile 2022. Fråvær har ikkje ført til eit redusert tilbod grunna tilsetting av vikar.

### **Ergoterapitenesta**

Ergoterapeutressursen utgjer 60%, fordelt på Bykle og Valle kommunar, og er del av eit vertskommunesamarbeid om felles ergoterapeut med Valle, Bygland og Åseral kommune. Bygland er vertskommune. Ergoterapeuten har hittil jobba mest mot brukarar i pleie og omsorg, men er tilgjengeleg for heile kommunen.

### **Folkehelse**

Folkehelseoversynet for Bykle kommune er sist oppdatert i 2016 og treng ei fornying. Folkehelsearbeidet i kommunen verkar å vera lite sett i system. En bør vera merksam på at folkehelse er berre 10% helse, og veldig mykje noko anna: skule, barnehage, teknisk etat, NAV og fleire andre har direkte påverknad på helsegradienten, som seier at folkehelsa følgjer ein gradient basert på yrke, status og inntekt.

Ny kommuneoverlege vart tilsett i mai 2022, og saman med skulefagleg ansvarleg og andre aktørar har han byrja på å etablere eit systematisk folkehelsearbeid, samt å utarbeide eit oppdatert folkehelseoversyn som kjem på plass i fyrste halvdel av 2023.

**Økonomi**

Helsetenesta har hatt eit meirforbruk på 2.5 millionar kronar, som er grunna både i store meirutgifter for handtering av koronapandemien, noko underbudsjettering og eit stort fråvær i legestaben. Auka lønsutgifter for vaksining, logistikk kring varebestilling, rapportering og eit auka behov for personalressursar har ført til eit meirforbruk på omtrent 1.2 millionar kronar relatert til koronapandemien. Helseministeren har lova at desse utgiftene vert i sin heilheit dekkja av Staten. Dette har så langt ikkje skjedd.

Omtrent ein million kronar er brukt for dekning av kort- og langtidsfråvær. Særleg fråværet i legestaben har drevet kostnadene her, då all planlagt legevakt i fråværsperioden måtte dekkjast opp for, med både løn til tilsett og vikar. Refusjonane her dekker ikkje opp for korkje fråvær eller meirutgiftene for vikar.

Resten av meirforbruket har sitt opphav i ein del underbudsjettering som ikkje kunne korrigerast grunna nullvekst i budsjettet.

| Konto | Konto(T)                      | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr    | Forbruk i % |
|-------|-------------------------------|---------------|------------------|---------------|-------------|
| 121   | Helsetenesta i Bykle og Valle | 15 445 845,52 | 14 102 667,00    | -1 343 178,52 | 109,52      |

| Konto(T)                      | Regnskap 2019 | Regnskap 2020 | Regnskap 2021 | Regnskap 2022 |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Helsetenesta i Bykle og Valle | 12 171 274,46 | 13 361 240,03 | 15 258 795,07 | 15 445 845,52 |



## Eining 130 Teknisk drift og eigedom

### Organisering:

Eininga er organisert i tre fagområder med følgjande ansvar:

#### *Bygg og Eigedom*

Drift og vedlikehaldsansvar for kommunale:

- formålsbygg,
- grøntareal og
- utleigebustadar

#### *VA og Veg*

Drifts og vedlikehaldsansvar for kommunale:


- VA-anlegg (reinseanlegg, vassverk, pumpestasjonar, leidningsnett),
- vegar

#### *Reinhald*

Ansvar for reinhald av kommunale formålsbygg.

I tillegg har eininga også mellom anna ansvar for:

- utsleppsløyver/spredte avlaup.
- budsjettansvar for Bykle kommunes andel av brann- og feiarvesen i Setesdal Brannvesen IKS,
- budsjettansvar for Bykle kommunes andel av renovasjon i Setesdal Miljø & Gjenvinning.
- gjennomføring av byggeprosjekt, VA-prosjekt og vegprosjekt.



### Formål:

Eininga skal utøve ein mest mogleg effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosess og ressursbruk i høve til eksterne og interne brukarar.

## Lovgrunnlag/Rammeverk

Nasjonale styringsdokument som i særleg grad er styrande for tenesteproduksjonen innan eininga:

- Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)
- Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (forurensingsloven)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov om kommunale vann- og avløpsanlegg (vann- og avløpsanleggsloven)
- Lov om veier (veiloven)
- Lov om veitrafikk (veitrafikkloven)
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern (arbeidsmiljøloven)
- Arbeidsmiljøforskriftene
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

I tillegg har kommunen interne styringsdokument som også er styrande for tenesteproduksjonen i eininga. Desse er:

- Kommuneplanen (areal- og samfunnsdel)
- Kommunedelplanar
- Områdeplanar
- Bustadpolitisk handlingsplan (ikkje ferdig)
- Energi- og klimaplan (ikkje ferdig)
- Trafikksikkerheitsplan
- Budsjett- og økonomiplan
- Kompetanseplan
- Internkontroll- og HMT-dokumenter

Fleire planar skal rullerast og fornyast i løpet av 2023, mens nokon ikkje er starta på enda.

### Mål:

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| <b>Hovudmål for tenesta</b> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Fokus på redusert sjukefraver og auka trivsel</li><li>• Effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering</li><li>• Vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass</li><li>• Ta ansvar for heilheitlig samfunnsutvikling i Bykle</li></ul> |
|-----------------------------|--|

### Måloppnåing og utfordringar i 2022

Eininga har hatt følgjande satsings- og fokusområder i 2022:  
VA-prosjekter, Vedlikehaldsplan, Trivsel og utvikling, ENØK

*Hovudmål*

Eininga har hatt noko høgare sjukefråvær enn normalt dette året, totalt i overkant av 6 %. Dette skuldast i hovudsak koronapandemi og mykje fråvær grunna dette på vinter og vår. Det er lite eller ingen sjukefråvær som skuldast forhold på arbeidsplassen. Ein er så vidt kome i gang med digitalisering av reinhaldsplanar i Plania. Jobben med dette fortsett i 2023.

#### *VA-prosjekter*

Som tidlegare år har eininga også i 2022 ein rekke større og mindre VA og veg-prosjekter av betydning.

Det viktigaste har vore nytt vassverk på Hovden som no er nær ferdigstilling. Prosessen i prosjektet har vore grei, med god samarbeid med entreprenørar. I seinsommar/haust oppstod det uforutsette problem med prosessleveransen og prosjektet er difor noko forsinka. Arbeid med dette har tatt ein del av kapasiteten til fagleiar VA og tenesteleiar.

Ein har framleis god kontroll på økonomien i prosjektet og kvaliteten på anlegga.

Andre viktige VA-prosjekt som ein har jobba med i år er:

- Ny brannvasstilførsel til barnehagen på Hovden.  
Prosjektet blei gjennomført i høve til plan og budsjett.
- Ny avlaupsleidning frå pumpestasjon Otrosåsen til hovudpumpestasjon Hegni.  
Prosjektet var naudsynt for å betre kapasitet på avlaupsnett på Hovden. Det blei gjennomført i høve til plan og budsjett.
- Nye VA-leidningar på Nedre Sarv i Bykle.  
Leidningane er av eldre dato og må skiftast ut på kort sikt. Prosjektering er ferdig og prosjekt gjennomførast i 2023.
- Ny rundkøyring Hovdekleiva.  
Prosjektering i stor grad ferdig, prosjektet iverksettast etter alt å døme i 2023.

#### *Vedlikehaldsplan:*

Det har vore eit mål å få opp ein langsiktig plan for vedlikehald av kommunale bygg. Dette for å gi forutsigbarheit for TDE, for dei andre einingane som nyttar bygga og for brukarar av bygga.

I 2022 har det blir gjennomført tilstandsvurderingar av stort sett alle formålsbygga til kommunen. Tilstandsvurderinga er skrevet i rapportform med forslag til tiltak og når tiltak bør gjennomførast. Rapportane skal nyttast til utarbeiding av vedlikehaldsplan for kommunale formålsbygg.

Vidare er planen å gjere det same med kommunale bustadar.

#### *Trivsel og utvikling:*

Det har vore eit mål for eininga å få personell med meir fagkompetanse og ein prøver å legge til rette for både vidareutdanning og kursing dersom tilsette har ønske om dette.

I løpet av 2023 har fleire reinhaldarar og vaktmeistrar tatt fagbrev med noko støtte frå kommunen.

Moglegheit for utvikling spelar også positivt inn på trivsel.

Andre tiltak retta mot trivsel i eininga er sosiale samlingar som julelunsj og sommarlunsj i tillegg til enkelte faglege samlingar med mat.

Alle tilsette får tilbod om medarbeidarsamtale og stort sett alle nyttar dette tilbodet.

#### *ENØK:*

Straumprissituasjonen i slutten av 2021 og starten av 2022 viste at ein også i Bykle kommune måtte fokusere meir på ENØK-tiltak framover. Dette har stort sett vore ein ikkje-eksisterande tanke i kommunen fram til nå.

Hovudtiltaket som er gjort i løpet av 2022 er å forbetre drifta av dei tekniske anlegga i formålsbygga. Drifta er satt vekk til eksternt firma då eininga pr. no ikkje hadde kapasitet eller kompetanse til å drifte dette på ein god måte.

Ein har gjort tiltak på temperaturar og driftstider i alle bygg. Det har komme ein god del klagar på kalde (og varme) bygg, men dei fleste har ei forståing for at dette er naudsynt.

Andre ENØK-tiltak som er gjort er:

- Nye ventilasjonsaggregat på Bykle Rådhus.
- Ein del av dei kommunale bustadane har fått installert varmpumpe.
- Varmepumpe installert på Bykle Lager.

I tillegg er det gjort fleire mindre tiltak. I sum har kommunens straumforbruk minka med 600-700.000 kWh samanlikna med tidlegare år.

### Utfordringar

Dei største utfordringane i 2022 kan oppsummerast med budsjett og administrativ kapasitet.

I hovudsak har ein hatt nullbudsjett i fleire år, og grunna prisauke gir dette reelt sett ein nedgong.

Dette gjer utslag i at ein må prioritere hardare på vedlikehalds- og moderniseringsbehov både ved tekniske bygg og anlegg, formålsbygg og anlegg og kommunale bustadar.

Samstundes har eininga heller ikkje administrativ kapasitet til å følgje opp både drift og prosjekt satt av i budsjettet på ein ønska måte.

Dette vil også vere utfordringane i 2023.

### Økonomisk ramme

Driftsbudsjettet (130) til eininga var i 2022 på i overkant av 41 mill kr. I høve til budsjett blei det eit lite underskot på ca. 900.000 eller 2,25 %.

I hovudsak skuldast dette auka straumprisar. Det blei bevilga 2,5 mill til auka straumkostnader i 2022, men dette viste seg at den reelle aukinga var enda høgare enn dette. Samanlikna med 2021 var auka i totale straumkostnader på nesten 4 mill. og samanlikna med 2020 var auka på nesten 6 mill. Begge tal ekskl. mva.

Ein har også merka at kostnadar til byggematerialar osv. har gått opp. Dette påverkar også budsjett.

Begge delar påverkar også sjølvkostbudsjettet (131).

| Konto | Konto(T)                       | Beløp          | Revider budsjett | avvik i kr    | Forbruk i % |
|-------|--------------------------------|----------------|------------------|---------------|-------------|
| 130   | Enhet Teknisk drift og eigedom | 42 886 650,63  | 40 257 434,00    | -2 629 216,63 | 106,53      |
| 131   | Selvkost inkl TDE              | -16 706 723,11 | -16 166 872,00   | 539 851,11    | 103,34      |

| Konto(T)                       | Regnskap 2019  | Regnskap 2020  | Regnskap 2021  | Regnskap 2022  |
|--------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Enhet Teknisk drift og eigedom | 40 755 989,52  | 39 240 301,93  | 37 536 815,15  | 42 886 650,63  |
| Selvkost inkl TDE              | -19 731 725,42 | -16 006 742,78 | -12 918 546,89 | -16 706 723,11 |



### **Eining 150 Kultur og fritid**

**Formål:** Bykle kommune skal bygge vidare på eit rikt, mangfaldig og berekraftig kulturliv. Eit kulturliv som bidreg til gode miljø og levekår for alle frå 0-100 år. Ein skal arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv. Stimulere til eit variert tilbod av frivillige lag og organisasjonar. Løfte og fremje eigne tradisjonar, og vere opne for nye.

**Kompetanse og personalutvikling:** Kultur og fritid har 9,45 årsverk fordelt på 10 personar. Me har fått inn ein person i 100% stilling som kulturkoordinator frå august 2022, som erstatning for tidlegare stilling «fagleiar kulturhus». Avdelingane gjennomfører fagmøter og personalmøter og har høgt fokus på godt arbeidsmiljø.

#### **Bibliotek:**

Biblioteksjef utgjer 1 årsverk og er tilsett 50% i skulebiblioteket (Bykle barne og ungdomsskule og Fjellgardane skule) og 50% i folkebiblioteket.

Frå hausten 2022 har biblioteksjefen permisjon. Det ble satt inn to vikarar i henholdsvis 60% og 40%. Då den eine i 60% blei sjukemeldt, vart biblioteket drifta i 40% og skulen satte inn ein lærar for å ta skulebiblioteket. Då ho måtte brukast i skulen, falt tilbodet til skulebiblioteket ut.

Biblioteket består av hovudbiblioteket i Bykle og filialen på Hovden. Begge er kombinasjonsbibliotek med grunnskule.

Biblioteket har registrert 20183 besøk i 2022. Utlånstallet ligg på 6183.

Hovudbiblioteket i Bykle er også eit meiråpent bibliotek. Det vil sei at lånarar frå 16 år kan inngå avtale som gjer at dei kan låse seg inn med lånekortet kvar dag mellom 07 – 23. Frå desember åpna vi ei prøveordning der elevar frå 8. klasse kan få tilgong til meiråpent. Dette har så langt ikkje blitt bruka av nokon.

Det er per i dag ca. 30 brukarar.

Gjennom lånesamarbeid med andre bibliotek tilbyr vi lånarane eit breitt utval av bøker og andre media. Biblioteket har skulelevar på besøk ein til to dagar i veka både på Hovden og i Bykle.

Av arrangement i 2022, hadde biblioteket Sommarlesfest for barn i 1 – 7 klasse både i Bykle og på Hovden. Dette var svært populært og omtrent alle barna deltok. Sommarles er ein lesekampanje for barn og Bykle tronar høgt opp på deltakarstatistikken i Agder. Vi har tilbydd eventyrstund for barnehagane på begge plasser ca. tre gonger kvart halvår. Dette har vore veldig populært og det har vore ca. 12 barn på Hovden og 8 i Bykle. Hausten 2022 hadde vi framsyning av teaterforestilling for barn opp til 4. klasse. Det er seniorkafé i biblioteket i Bykle kvar måndag der om lag 6 personar deltar, og boksirkele på Hovden ein måndag i månaden med 5-6 deltakarar.

### **Ungdom og kultur:**

Ungdomsarbeid: Fagleiar ungdom og kultur er tilsett i 100% stilling, og har ansvar for å vere klubbleiar, nestleiar i Bykle-Hovden fritidsklubb, verneombud, ansvar for UngdomsCrew, økonomi/regnskap, innhald. Delta i SLT (samordning lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid), utvida SMU (Skulemiljøutvalet), prosjektleiar for UKM, kommunekontakt for UKM, Unge Arrangørar, koordinator for ungdomsrådet, gjennomføre aktivitetar som utfyller tilbodet i kulturskulen (workshops), ha kontakt med Setesdal VGS / Hovden Skigymnas, og næringen for samarbeid, søke midlar/rapportere for å kunne gjennomføre aktivitetar.

### **Prosjekt 2022**

- Prosjektleiar for UKM Bykle som blei gjennomført på Hovden.
- Prosjekt “Ungdommens Kulturhus /utvikling av open sosial møteplass for sjølvorganisert aktivitet i samarbeid med Tenesteleiar kultur.
- Prosjekt ny skatehall på Hovden

### **Arrangement 2022**

- PoolParty i badeland 26.02, 65 deltakarar
- UKM kunstutstilling April/mai, 18 lokale barn og unge stilte ut kunst
- UKM Tekniske prøver 39 deltakarar 4. - 10, trinn
- UKM Fleirkamera produksjon av sceneinnslag 39 deltakarar, 4. - 10. Trinn
- UKM Festival 66 deltakarar
- UKM Filmpremiere, 110 tilskuerar
- Lasertag + døgning 20.mai, 67 deltakarar
- Sommeravslutning 9. juni, 1.-10. trinn 120 deltakarar
- SommarCamp 2022, 5. - 10. trinn var det 32 deltakarar som var med ein eller fleire dagar, med over 96 deltakingar fordelt på dagane 15. - 17. August
- Foredrag med Adil Kahn “Motstand = Styrke” 15. August. Samarbeid med HSG med 100 tilskuerar
- Døgning 20. - 21. Oktober på grendehuset med ungdomsklubben med 27 deltakarar.
- “Jule-kick off” 25. November arrangement i samarbeid med kulturskulen frå 4. - 10. trinn, 60 deltakarar.

**Totalt 807 deltakarar**

### **Workshops 2022:**

- Trampolinekurs med Espen Jansen, 12. - 13.02, 46 deltakere
- Hip Hop med Hanna. 16 deltakarar , med 64 deltakingar fordelt på dagane 5. - 8. mars

- Breaking med Marvin 24. - 25. September med 17 deltakarar som var med ein eller fleire dagar med 33 deltakingar
- Workshop Arcade maskin 20. Oktober, 27 deltakarar

**Totalt 127 deltakarar**

**Søknader om midler 2022:**

- 30.000,- UKM stimuleringsmidler
- 10.000,- Agder fylkeskommune UKM film
- 60.000,- Kulturmidlar
- 231.966,- Gjensidige stiftelsen Buldrevegg
- 30.000,- Ungdom og fritid, Design og arkitektur workshop
- 50.000,- Frå Ungdomsrådet til Sommeravslutning

**Totalt: 411.966,-**

**Bykle-Hovden fritidsklubb “SUMMIT”**

Fritidsklubben har i 2021 hatt til saman 22 klubbkveldar fordelt på Hovden og Bykle + 24 dagar med arrangement. “Summit” har aktivitet for jr. (5.-7. trinn) og ungdom (8.- 12. trinn) to gonger i månaden. Annankvar gong i Bykle og på Hovden. Gjennomsnitt utgjer besøkande på Hovden ungdomsklubb 51 %, 14 deltakarar i gjennomsnitt. Bykle ungdomsklubb 59% med gjennomsnittleg 16 deltakarar. Juniorklubb Hovden 65% med gjennomsnittleg 20 deltakarar, juniorklubb Bykle 42% med gjennomsnittleg 13 deltakarar. Tverretatleg samarbeid med kulturskulen, kulturskolelærar med på klubb.

**Frivilligsentral:**

Målet for Bykle Frivilligsentral er å legge til rette for samskaping av aktivitetar slik at folk i kommunen kan aktivisere seg og har gode og trygge møteplassar. Ein sentral møteplass er måndagstreff for seniorgruppa på samfunnshuset. Kvar uke samlast 5-10 pensjonistar til trim og påfølgjande kaffitreff. Andre faste aktivitetar er boksirkel og symjing i Bykle.

Frivilligsentralen er også ansvarleg for koordinering av TV-aksjonen og organisering av laurdags-bygdekino i Bykle. Frivilligsentralen har ei sentral rolle inn mot lokale lag og organisasjonar som er ei av kultur sine primær oppgåver. Nytt av året er abonnering på Tilskuddsportalen for kommunalt ansatte og lag/foreiningar. Tilskuddsportalen er eit verktøy for søk etter støtteordningar og tilskot.

Frivilligsentralen har hatt hovedansvaret for prosjekteringa og utviklinga av eit nytt tilbod- klatrerom på Hovden grendehus. Involvering i lokalsamfunnet og dialog med frivillige har vore ei viktig del av prosjektet. Prosjektet vart ferdigstilla i april, og ein ser stadig auka bruk av tilbodet for alle aldersgrupper. Samstundes har frivilligsentralen jobba med å oppretthalde eit lavterskeltilbod med trimrom/aktivitet for seniorar på dagtid på grendehuset.

Frivilligsentralen har koordinert frivillige til flyktninghjelp Ukrainske flyktningar busett i Bykle. Frivilligsentralen samarbeidar med flyktningekoordinator, og bidrar med informasjon om tilbod i kommunen til elevar på voksenopplæringa.

**Kulturhus:** Personar passert hovudinngang: 42 715 på Hovden (+46,2%), og 44 358 i Bykle (33,5%) inkludert skulekantina.

**Hovden grendehus:** I antal rombookingar, 1323 i 2022 mot 1254 i 2021, har grendehuset hatt ei auke på 5,5%. Hovden Sportsklubb er den største brukaren med 205 bookingar, med HSG/VGS hakk i hel med 203 bookingar, etterfulgt av kulturskulen og Fjellgardane skule.

**Bykle samfunnshus** har i antal rombookingar hatt ein nedgang på 15% (frå 1109 til 942 rombookingar), mykje på grunn av endring av registreringsmetode for skulebruk. Bykle barne- og ungdomsskule står for mesteparten av bruken, deretter Bykle I.L. og kulturskulen. Bassenget har vore opent for familiebadning ein gang i veka, og til skulebruk.

**Arrangement / kulturformidling:** K&F hadde i 2022 mange flotte arrangement. Biblioteket og Ungdom og kultur har stått for dei fleste i form av boksirkel, eventyrstund, klubb, UKM, workshops, sommarcamp og teaterframsyningar for skulane. Me har òg hatt kulturkafé i Bykle, tre før og tre etter sommaren som har vært godt besøkt. I tillegg har frivilligsentralen hatt mellom anna seniortrim og seniortreff i Bykle Samfunnshus kvar veke, med jevnt godt oppmøte. Andre samarbeidsprosjekt har vore Bykledagen, Viking & Villrein, og Bykle folkeakademi.

Kino Bykle: 20 filmar med 171 besøk. Snitt pr. film på 8,5 besøkande.

Kino Hovden: 34 filmar med 643 besøk = snitt på 17,8. Den best besøkte filmen var «Avatar: The way of water» på Hovden grendehus med 101 publikummarar.

### **Bykle Kulturskule:**

Kulturskulen har 3 årsverk til undervisning og kulturarbeid. Kulturskulen har 58 registrerte elevar hausten 2022. Fylkeskommunen oppretta 20% ressurs for Setesdalskommunane øyremerka undervisning til immateriell kulturarv etter Unescostatus for skuleåret 2021/2022. Stillinga frå Fylkeskommunen blir avslutta etter andre semester 2022, men arbeid for å sikre ressurs og vidareføring av undervisning i folkemusikk er godt i gang hos kvar kommune i Setesdal.

Kulturskulen fungerer som kommunens ressurscenter for musikk og kultur. Dei tre årsverka er godt presentert i andre einingar med musikk for 1-10 ved Bykle barne og ungdomsskule, 1-7 trinn ved Fjellgardane skule, musikk i barnehagane. Andre oppgåver som også ligg til stillingane er lyd og lys, mellom- og ungdomstrinnsklubb og vaksenkor.

Omlag 1. årsverk er fordelt på skule, barnehage, vaksenkor og klubb. Kulturskulen finansierer årsverka som vart nytta. Rektoransvaret for kulturskulen ligg til tenesteleiar for kultur og fritid. Pris pr. år for individuell undervisning var kr 2180,- i 2022. Pris pr. år for gruppeundervisning var kr 1090,-. Kulturskulen gir 50% søskenmoderasjon på alle tilbod yngre sysken nyttar. Band på klubb, korps og barnekor er gratis for alle.

| Konto | Konto(T)               | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr   | Forbruk i % |
|-------|------------------------|---------------|------------------|--------------|-------------|
| 150   | Enhet Kultur og fritid | 11 060 635,26 | 13 102 030,00    | 2 041 394,74 | 84,42       |

| Konto(T)               | Regnskap 2019 | Regnskap 2020 | Regnskap 2021 | Regnskap 2022 |
|------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Enhet Kultur og fritid | 11 526 989,03 | 11 314 732,72 | 11 486 393,64 | 11 060 635,26 |

## **Eining 160 Bykle barne- og ungdomsskule**

### **Lovgrunnlag**

Opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.

*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

*Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.*

*Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.*

*Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.*

*Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.*

*Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.*

**Formålsparagrafen i opplæringslova.**

### **Generelt**

Ved skulestart hausten 2022 hadde Bykle barne- og ungdomsskule 52 elevar elevar, 26 på barneskulen og 26 på ungdomsskulen.

Alle i 1.-4. klasse brukar SFO. SFO i Bykle er opent frå 06.45 – 16.00 kvar dag utanom dei to seiste vekene juli. Totalt for hausten 2022 er det 14 elevar på SFO.

Alle elevane på skulen får tilbod om leksehjelp ein gong i veka. Det er lovpålagt for mellomtrinnet, 5-7.klasse, men skulen legg til rette for ein time i veka på alle trinn. Det gjer ein god moglegheit til å få fagleg hjelp av pedagogar.

Me har hatt 4 Ukrainske elever ved Bykle skule frå september/oktober. Dei gjeng i ulike klassar og får ein dag i veka ekstra opplæring i norsk. Frå skulens side ser det ut til at dei trivast og har det godt i Bykle.

I grunnskulen har vi ca 14 lærarstillingar, ein sosialpedagogisk rådgjevar og leiing. Vi har 380 % stilling på SFO. 60% av dette er knytt til ei spesialpedagogisk stilling på skulen. Vi har ein lærling i barne- og ungdomsarbeid. Dei SFO-tilsette tek også kantinedrifta og assistentarbeid i skulen. Vi har eit flott personale og trivselen og arbeidsmiljøet er godt mellom dei tilsette.

Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring og eit godt og trygt skulemiljø.

### **Samfunn og utvikling**

*Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang dannelsingsprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.*

### **Utklipp frå overordna del LK20**

Vi arbeider for eit stimulerande læringsmiljø ved å legge vekt på verdiar, læringsmål, bygge relasjonar, gje gode tilbakemeldingar, elevsamtalar, gjennomføre sosiale tiltak og løne god åtferd. Ein del elevar får individuell tilrettelegging. Elevane er med å samlar inn pengar til Syklar til Cuba og TV-innsamlinga.

Ved skulen har vi i fleire år brukt eit digitalt program - Mitt Val. Mitt Val brukast systematisk på alle klassetrinn med vekt på folkehelse og livsmeistring. Bruk av Mitt Val, systematisk og over tid, styrker barns sosiale og emosjonelle kompetanse.

Med Mitt Val øver elevane på å bygge vennskap, handtere tankar og følelsar, sette grenser for seg sjølv og respektere andre sine grenser og å etablere gode levevaner i trygge rammer. Det gir økt livsmeistring og ein god psykisk helse.

- Utvikling av skolemiljøet
- Samspel og følelsar
- Å bygge relasjonar
- Psykisk helse
- Kritisk tenking
- Personleg utvikling
- Sosialt ansvar
- Digital dømmekraft
- Rus og avhengigheit

Figur 1. PALS-pyramiden



Skulen er også ein PALS skule. PALS er ein forkorting for Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skolen. PALS er ein skoleomfattande modell for å styrke barns skolefaglege og sosiale kompetanse, førebyggje og meistre åtferdsproblema.

Eit trygt læringsmiljø kjenneteiknast av tydelege forventningar til sosiale og skulefaglege kompetanssmål og positiv åtferd. PALS utviklar og byggjer eit godt læringsmiljø for alle skulens elever, tilsette, leing og føresette

#### **Tenestekvalitet for brukarane**

Skulen gjennomfører foreldreundersøkinga, elevundersøkinga, foreldresamtalar, foreldremøte, møte i FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Programmet vart teken i bruk hausten 2022 . Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet

VFS er ein moderne skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på. I appen kan dei føresette:

Melde frávær, Sende og motta meldingar og gruppemeldingar, Få ukentleg informasjon frå skulen og dei rådsorgan skulen har , Sjå timeplanen , Svare på skjema som kjem frå skulen, eller SFO, Registrere SFO tilstedeværelse , Sjå karakterar og vurderingar og Gje og trekkje tilbake samtykke.

Med VFS og tilhøyrande appar er informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom heim og skule er enkel, trygg og effektiv.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule tek skulen også i bruk Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Alle elevane har tilgong på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Bykle skule har hatt grei økonomi dei seiste åra og har difor hatt moglegheit til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på.

Skulen i Bykle har i mange år praktisert «mobilfri skule». Dette inneber at kvar elev ved skulestart legg sin mobiltelefon i ei hylle og der ligg mobiltelefonen til dei skal heim. Det er ingen elevar som har tilgong til mobilen gjennom skulekvardagen. Me på skulen saman med dei føresette ser mange positive effektar av dette:

- Mindre skjermbruk på kvar elev
- Mindre skjermbruk gjev auka fysisk aktivitet i friminutt
- Meir sosial omgang i friminutta
- Dei unge er meir «tilstades»
- Dei unge treng ei pause frå sosiale media

Bykle barne og ungdomsskule jobbar systematisk med årlege trivselsundersøkingar og den store elevundersøkinga som gjennomførast nasjonalt. Både dei tydar på eit godt og trygt skulemiljø for våre unge i kommunen.

### **Kompetanse og personalutvikling**

*I Bykle oppfylte 100 prosent av barneskolelærerne i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekravene. De beste kommunene ligger på 100 prosent. På ungdomsskolen oppfyller 100 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.*

#### **Utklipp frå Kommunebarmometeret**

Dei som arbeider på skulen har god fagutdanning. Framover må vi sette fokus på å få godt kvalifiserte søkarar til stillingane vi lyser ut. Ved tilsetting av nye lærarar for skuleåret 2022/2023 var det 14 søkararar. Dei aller fleste med god utdanning.

Digital kompetanse blir og meir etterspurt i den nye læreplanen. Det er elles ei utfordring, å få kvalifiserte vikarar når det er lengre fråvær og vikariat. For å greie å gje god undervisning er det eit godt verkemiddel å ha litt romsleg med pedagogisk personale fast tilsett. Vi ønskjer også at flest mogleg held seg oppdaterte gjennom kurs, ekskursjonar, etter- og vidareutdanning. Dette er svært viktig for oss som er ein liten skule. Dette skuleåret er det ein lærar som tek vidareutdanning i matematikk 1-7. Personalet på SFO reiser kvart år på ei to-dagars konferanse i Oslo.

Vi har også intern kompetanseheving i personalet. For skuleåret 2022/2023 er det «Inkluderande praksis» som er skulens satsingsområde for personalet ved skulen og SFO. Dette er eit nasjonalt satsingsområde.

### **Interne prosessar**

Vi vil gjerne vidareutvikle engasjement og lojalitet for felles mål. Vi brukar medarbeidarsamtalar og personalmøta aktivt for å utvikle oss vidare. Medarbeidarsamtalane syner at personalet gjer ein strålende innsats og at trivselen og arbeidsmiljøet er godt.

### **Vaksenopplæringa**

For skuleåret 2022/2023 er det tilsett ein pedagog som har opplæring for 13 Ukrainske vaksne. Dei får opplæring i norsk og noko samfunnskunnskap. Dei er tre dagar på skule og 2 dagar i arbeidspraksis. Det er no frametter ein jamn tilflytting av nye vaksne frå Ukraina. Slik stoda er no kan det vere aktuelt med opplæring på Hovden og i Bykle våren 2023 og ikkje minst skuleåret 2023/2024.

Tilbodet på Hovden for arbeidsinnvandrarar, kjem i tillegg med 20 % stilling. Vi har engasjerte lærarar som gjer ein flott innsats for dei framandspråklege. Det er introduksjonstilbodet og vidare oppfølging av ein del elevar som treng lengre tid på å lære seg språket. På kveldstilbodet for arbeidsinnvandrarar har det auka med elevar.

Det er stor skilnad på kor lang tid den enkelte treng for å få eit funksjonelt språk. Det vert jobba systematisk både med språk og kulturforståing, der målet er å få så mange som råd i arbeid eller vidareutdanning slik at dei kan få bruke ressursane sine i samfunnet vårt. Ein samarbeider tett med fleire instansar for å få dette til.

| Konto | Konto(T)                           | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr   | Forbruk i % |
|-------|------------------------------------|---------------|------------------|--------------|-------------|
| 160   | Enhet Bykle barne- og ungdomsskule | 14 080 955,47 | 15 158 673,00    | 1 077 717,53 | 92,89       |

| Konto(T)                           | Regnskap 2019 | Regnskap 2020 | Regnskap 2021 | Regnskap 2022 |
|------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Enhet Bykle barne- og ungdomsskule | 16 084 995,53 | 14 453 391,83 | 14 757 399,91 | 14 080 955,47 |



## Eining 170 Barnehage

### Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta.

Lovgrunnlag: Lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova). Ajourført med endringar, seinast 18.06.10 nr. 26 i kraft frå 01.08.10.

**Formål:** Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

**Innhald:** Pedagogisk tilrettelagt tilbod basert på ”Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver”, spesialpedagogiske tiltak for barn som etter søknad vert tildelt dette og eit eige opplegg for barna sin overgang frå barnehage til skule.

### Måloppnåing i året i forhold til verksemdsplan for tenesteeininga:

**Generelt:** Bykle barnehage hadde våren 2022 13 barn fordela på 2 avdelingar og til saman 6,4 årsverk, inkl. tenesteleiar, hausten 2022 12 barn med 6 årsverk, inkl. tenesteleiar. Fjellgardane barnehage hadde våren 2022 25 barn fordela på 3 avdelingar og 9,1 årsverk inkl. tenesteleiar, og hausten 2022 25 barn med 9,3 årsverk, inkl. tenesteleiar. Hausten 2022 nyttar ein dei ressursane ein har til spesial pedagogiske tiltak i barnehagane. Det har vore noko langtidssjukemeldingar i barnehagane i 2022.

Vi har eit godt og fagleg sterkt personale i barnehagane. Det er trivsel på arbeidsplassen og eit godt arbeidsmiljø. Dei tilsette står på og trør til der det trengs når det er sjukdom eller anna på avdelingane. Vi ser at det å vere godt bemanna gjer at både dei tilsette held lenger ut og det gjer ein ekstra tryggleik for barna og barna har allstøtt ein vaksen som ser det og har plass i fanget. Det hjelper ikkje med mange hender i ein barnehage om disse ikkje har tilstrekkeleg kompetanse for å kunne sjå, forstå og ivareta alle barna. Dagens auke i krav til kvalitet kan ikkje oppretthaldast og møtast av vikarar utan erfaring eller rett kompetanse. Kven som helst kan ikkje inn og jobbe i ein barnehage.

Det har også dette året vore mykje sjukdom, både i personalgruppa og blant barna.

**Samfunn og utvikling:** Barnehagen har som mål å gi eit utfordrande og lærerikt oppvekstmiljø, der ein godkjend årsplan har vore eit viktig arbeidsreiskap. Utarbeiding av årsplan gjerast i samarbeid med dei tilsette og er ein prosess som gjeng over lengre tid, dette for at årsplanen skal vere eit arbeidsdokument og brukast i det daglege arbeidet på avdelingane med barna.

1. januar 2021 blei barnehagelova endra. Barnehagen har fått nytt regelverk for barnehagemiljø. Det nye kapittelet skal syte for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Personalet i barnehagane i Bykle har vore med på å utarbeide «Plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barnehagebarn i Bykle kommune» I tillegg har ein utarbeida rutinar og ein handlingsplan ved mobbing/krenkande åtferd.

**Tenestekvalitet for brukarane:** Barnehagane er i dagleg dialog med dei føresette. Vi gjennomfører oppstartssamtalar for nye barn, foreldresamtalar minst to gonger per år, foreldremøte og møter i samarbeidsutvalet. I tillegg til at både dei føresette og dei tilsette kan be om ein samtale med kvarandre når det skulle vere naudsynt elles i året. Eit utdrag frå foreldreundersøkinga 2022, gjennomført på nett og utarbeida av UDIR. I Bykle barnehage var det i år ein svarprosent på 91,7 %, mens det i Fjellgardane kun var 60 % av dei føresette som hadde svart på undersøkinga. Vi oppmodar alle til å ta seg tid til å svare slik at grunnlaget vert målbart. Foreldreundersøkingane tas tilbake på personalmøte og vi jobbar heile tida med å utvikle oss og møte foreldras ønskjer og behova til kvart einskilde barn.

| Foreldreundersøkinga 2022  | Bykle bhg<br>Snitt | Fjellgardane<br>bhg<br>Snitt |
|--|--------------------|------------------------------|
| Totalt sett, kor fornøgd eller misfornøyd er du med din barnehage? (5 er høgste score) | 4,9                | 4,7                          |

**Kompetanse og personalutvikling:** Personalet har hatt 5 planleggingsdagar med både intern og ekstern kursing. Personalet har årleg livredningskurs med instruktør frå «Førstehjelpkompetanse» i tillegg til livredningskurs ute i vatn i Storetjønn med godkjend instruktør i Norges livredningsselskap.

Alle dei tilsette i barnehagane reiste på Sørlandsk lærarstemne hausten 2022. Ein tilsett har tatt 5 studiepoeng på UiA hausten 2022 i «symje- og livredningsferdigheit utandørs»

**Interne prosessar:** Medarbeidarsamtalar er gjennomført. Personalmøte og møte med verneombod er avvikla om lag 1 gong i månaden,.. I tillegg har tenesteleiar møte med tillitsvalde i fagforbundet og utdanningsforbundet om lag ein gong i månaden, oftare om det har vore naudsynt.

Personalmøta nyttast i stor grad til felles kompetansebygging og utvikling. Det er også pedagogmøter og avdelingsmøter internt i begge barnehagane.

Medarbeidarsamtalane syner at dei tilsette er godt nøgde med arbeidsplassen, men at det har vore krevjande med periodar med mykje fråvær. Sosiale tiltak som gir personalet felles opplevingar er viktige både for trivsel og for å knyte personalet saman.

### Økonomi/avvik i høve til budsjett:

Enno ser ein at dei auka matvareprisane og kostnadane generelt gjev innverknad på budsjettet. Barnehagane har haldt seg innan rammene i 2022, der ein del er mindre forbruk på løn.

Vi hadde eit vikariat på barnehagelærarstilling utlyst våren 2022, som det tok ein tid før vi fekk napp på. Det utgjer ein stor kostnad å lyse ut stillingar. Vi ser det er vanskeleg å få tak i kompetent personale når det er behov for det, både over lengre og kortare periodar.

Utfordringar for barnehagane er å skaffe vikar ved sjukdom, ferie, avspasering og ulike permisjonar.

Barnehagen har ein utgift for gjesteplass i barnehagen i Valle kommune.

| Konto           | Konto(T)        | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr    | Forbruk i % |
|-----------------|-----------------|---------------|------------------|---------------|-------------|
| 170             | Enhet Barnehage | 10 314 209,30 | 11 566 260,00    | 1 252 050,70  | 89,17       |
| Konto(T)        | Regnskap 2019   | Regnskap 2020 | Regnskap 2021    | Regnskap 2022 |             |
| Enhet Barnehage | 11 135 655,34   | 9 509 971,40  | 9 623 571,71     | 10 314 209,30 |             |



## **Eining 180 Fjellgardane skule**

### **Lovgrunnlag**

Opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.

*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

*Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.*

*Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding.*

*Hø skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.*

*Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.*

*Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.*

*Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.*

**Formålsparagrafen i opplæringslova.**

### **Generelt**

Ved skulestart hausten 2022 hadde Fjellgardane skule 40 elevar fordelt på sju klassetrinn.

Elevtalet er noko lågare en skuleåret før.

Det er 18 elevar om brukar SFO- tilbodet ved skulen i år. Opningstida er frå 07.30 til 16.15.

I aktive stillingar har vi gode 9 stillingar pedagog (inkludert rektor) 0,2 stilling merkantil, og ca. 2.5 stilling assistent/fagarbeidar.

Alle elevane på skulen får tilbod om leksehjelp ein gong i veka. Det er lovpålagt for mellomtrinnet, 5-7.klasse, men skulen legg til rette for ein time i veka på alle trinn. Det gjer ein god moglegheit til å få fagleg hjelp av pedagogar.

Visjonen vår er aktive og trygge elevar. Skulen si hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring og eit godt og trygt skulemiljø.

### **Samfunn og utvikling**

*Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang danningssprosess som har fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda, og for å gjere gode val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.*

**Utklipp frå overordna del LK20**

Vi arbeider for eit stimulerande læringsmiljø ved å legge vekt på verdiar, læringsmål, bygge relasjonar, gje gode tilbakemeldingar, elevsamtalar, gjennomføre sosiale tiltak og løne god åtferd. Ein del elevar får individuell tilrettelegging.

Vi er ein Pals-skule som har fokus på gode relasjonar mellom vaksne og elevar, gode tilbakemeldingar og fokus på god åtferd. Skulestartturen er ein viktig arena for relasjonsbygging. Ein del elevar får individuell tilrettelegging. Samarbeidet med fagforbunda er gode. Elles engasjerer vi oss i lokalsamfunnet med å invitere til Luciafest og bygdekveld og andre arrangement som er opne for alle, i den grad det er mogleg å arrangere noko grunna smittevernomsyn. Kvart år er elevane med på å same inn pengar til TV-aksjonen. Resultata på kartleggingsprøver og nasjonale prøver er gode. Skulen har eit flott personale, trivselen og samarbeidet er godt.

### **Tenestekvalitet for brukarane**

Skulen gjennomfører foreldreundersøkinga, elevundersøkinga, foreldresamtalar, foreldremøte, møte i FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) som skuleadministrativt program. Programmet vart teken i bruk hausten 2022 . Tilnærma same programvare brukast også på barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet

VFS er ein moderne skytjeneste for skuleadministrasjon. Løysningen digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på. I appen kan dei føresette: Melde fråvær, Sende og ta i mot meldingar og gruppemeldingar, Få vekentleg informasjon frå skulen og dei rådsorgan skulen har, Sjå timeplanen, Svare på skjema som kjem frå skulen, eller SFO , Registrere SFO nærvere, Gje og trekkje tilbake samtykke.

Med VFS og tilhøyrande appar er informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom heim og skule er enkel, trygg og effektiv.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule tek skulen også i bruk Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Alle elevane har tilgang på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Fjellgardane skule har hatt grei økonomi dei seiste åra og har difor hatt moglegheit til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på. Fjellgardane skule er ein fådelt skule slik at fleire årstrinn går saman i mange fag. Vi prioriterer god deling i norsk, engelsk og matematikk innanfor den ramma vi har. Skulebygget, uteområdet og det tekniske utstyret på skulen er godt. Alle elevane får gratis lunsj (som dei et saman), samt frukt klassevis. På Fjellgardane skule har vi i fleire år no hatt det slik at vi flytter undervisninga ut på onsdagar. For 1.-4.klasse gjeld det dei fleste onsdagar, for 5.-7.klasse vekslar det meir mellom å vere inne og ute desse dagane. På utedagane gjer vi praktiske ting i samband med dei tema vi har om på skulen. Erfaringane med utedagen er positive.

Læring krev personleg engasjement. Vi er svært avhengige av godt samarbeid med foreldra for å få dette til.

Fjellgardane skule har hatt studentar frå UIA dei siste 9 åra. Det er svært viktig for oss å vise oss fram for framtidige jobbsøklarar, samtidig som det også er til inspirasjon for skulen å få inn nokre med «ferske idéar.»

### **Kompetanse og personalutvikling**

Lærarane ved skulen har høg kompetanse, fleirtalet med høgskule/universitetsutdanning på 5 år eller meir. Vi opplever at mange ønskjer å halde seg oppdatert gjennom kurs, erfaringsdeling og etterutdanning. Dette skuleåret tek ein lærar 30 studiepoeng i norsk.

Krava til formell kompetanse er 30 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk, samt ha undervisningskompetanse for å undervise i dei andre faga på barnetrinnet. Dette gjer til at vi satsar på vidareutdanning av lærarane. Vi er ein liten skule med få tilsette, og er difor ekstra avhengige av at lærarane har fagleg breidde.

Vi har også intern kompetanseheving i personalet. For skuleåret 2022/2023 er det «Inkluderande praksis» som er skulens satsingsområde for personalet ved skulen og SFO. Dette er eit nasjonalt satsingsområde, og vi følgjer UDIR sine kompetansepakker. Det er vanskeleg for oss å få tak i kvalifiserte vikarar ved fråvær. For å gjere oss mindre sårbare vil det vere fornuftig å ha tilsett litt romsleg med pedagogisk personale.

### **Interne prosessar**

Medarbeidarsamtaler er gjennomført. Faste medråderettsmøter med PTV og PVO er gjennomført etter plan. Oftare en planlagt dersom det har vore naudsynt. Medarbeidarsamtalane og personalmøta er viktige delar av dei interne prosessane. Personalmøta brukast i stor grad til felles kompetansebygging. Sosiale tiltak som gir personalet felles opplevingar er viktige både for trivsel og for å knyte personalet saman. Vi utviklar engasjement og lojalitet overfor felles mål mellom anna ved å legge til rette for erfaringsdeling og lærande nettverk som arenaer for fagleg utvikling og refleksjon.

| Konto | Konto(T)                 | Beløp         | Revider budsjett | avvik i kr    | Forbruk i % |
|-------|--------------------------|---------------|------------------|---------------|-------------|
| 180   | Enhet Fjellgardane skule | 10 013 975,90 | 8 859 843,00     | -1 154 132,90 | 113,03      |

| Konto(T)                 | Regnskap 2019 | Regnskap 2020 | Regnskap 2021 | Regnskap 2022 |
|--------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Enhet Fjellgardane skule | 8 854 519,10  | 8 668 559,25  | 8 992 213,67  | 10 013 975,90 |

**Fotografer:** Normann/Gunnar T. Tveiten, Tallak Hoslemo, Ann Ebeltoft

ei,

vedlagt følger innkalling og saksvedlegg til Bykle kontrollutval onsdag 03.05.2023

**kl. 09.00**

Møtet avholdes i kommunestyresalen.

ventuelle forfall meldes til undertegnede så raskt som mulig.

B: Merk at det er flere vedlegg i denne eposten.

Med vennlig hilsen  
Inger Sekretariat

Inger Lise Austrud

Ansvarlig

Telefon: 91 86 99 75

E-post: [inger.lise.austrud@asekretariat.no](mailto:inger.lise.austrud@asekretariat.no)